



SULA KOMMUNE

BUDSJETT 2024-2027

Vedtatt av kommunestyret 30.11.23

INNHALD

1. Innleiande kommentar	Side 3
2. Økonomisk situasjon	Side 13
3. Kultur og oppvekst	Side 25
4. Helse og mestring	Side 48
5. Samfunn	Side 67
6. Økonomiplan 2024 – 2027, Drift	Side 84
7. Økonomiplan 2024 – 2027, Investeringar	Side 94
8. Obligatoriske tabellar	Side 98
9. Budsjett sektor og driftseiningar	Side 102
10 Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 - behandling i kommunestyret	Side 116

1. Kommunedirektøren si innleiing

Kommune-Norge opplever endra rammevilkår. Dette gjeld også for Sula kommune, og vi er godt i gang med å tilpasse oss desse. Målet er at innbyggjarane skal få gode kommunale velferdstenester også i framtida.

Over tid har behovet for kommunale tenester auka, og denne trenden kjem til å fortsette. Hovudårsaka er den endra befolkningsamansettinga med fleire eldre og færre yngre. Parallelt med dette har den økonomiske situasjonen blitt strammare med lågare inntekter og auka utgifter. Globale utfordringar påverkar oss meir enn før. I tillegg til krig i Europa, energikrise og påfølgande rente og prisauke, har også utfordringar knytt til klima,-miljø og beredskap blitt meir tid- og kostnadskrevjande for kommunane.

Den demografiske utviklinga gjer at vi må greie oss med mindre arbeidskraft framover. Sjølv om økonomien eventuelt skulle betre seg, vil ikkje dette løyse tilgangen på folk, og vi merkar allereie at konkurransen om kompetansen er hardare. Når vi verken kan betale eller rekruttere oss ut av denne utfordringa, så må vi erkjenne at det er måten vi leverer tenestene på som må endrast. Å levere dei kommunale velferdstenestene på same vis som i dag er med andre ord ikkje eit alternativ.

Takka vere omstillingsevne og god økonomistyring har Sula kommune opparbeidd midlar avsett på fond. Dette gjer at vi har økonomisk bereevne til å gjennomføre endringane. Vi har med andre ord framleis handa på rattet i det vidare arbeidet med den nødvendige omstillinga for å sikre ei berekraftig kommune.

Mange gode strategiske val har blitt tatt dei siste åra. Skule og barnehagestruktur har blitt endra, og helse og omsorgstenestene har dreidd over mot tidleg og førebyggjande innsats. Tverrfaglege satsingar har blitt prioritert, og ein har gjennomført ei rekke nødvendige investeringar for å sikre rasjonell drift med tanke på lokalisering og arealeffektivitet. Det er viktig å halde fram i denne retninga. Vi må fortsette å dreie ressursbruken mot førebyggjande tiltak som på sikt vil redusere behovet for dei meir kostnadskrevjande og inngripande tenestene. Vi må også gjere strategiske val knytt til eigedomsutvikling og framtidige investeringar som kan sikre berekraftig drift.

Suksessfaktoren framover ligg i å samlast kring langsiktige strategiske val som møter den endra demografien og den reduserte tilgangen på arbeidskraft. Nytt kommunestyre vil bli viktige aktørar i dette arbeidet. Ny samfunnsplan for Sula kommune skal vedtakast og arbeidet må starte med å analysere det langsiktige behovet for drift og investeringar framover med tanke på dei omtalte utfordringane. Det må gjerast vegval og prioriteringar som sikrar at den økonomiske handleevna til Sula kommune vert ivaretatt over tid. Gode handlingsreglar for å sikre økonomiske handlefridom kan bli eit viktig verktøy for Sula kommune framover. Dette vert eit spanande arbeid.

Dette dokumentet, kommunen sitt årlege budsjett og økonomiplandokument skal gje eit realistisk bilete av inntekter og utgifter for dei fire neste åra, samt synleggjere kommunedirektøren sitt forslag til prioritering for drift og investering i same periode.

Desse forholda pregar elles den økonomiske situasjonen i Sula kommune:

- ✓ lave frie inntekter samanlikna med andre kommunar
- ✓ lave kostnader på så godt som alle tenesteområda ift behov og samanlikningskommunar
- ✓ bruk av disposisjonsfond for å saldere budsjetta i økonomiplanperioden
- ✓ høg og aukande gjeld gir auka utgifter til renter og avdrag. Renteutgifter er budsjettert med om lag 35 mnok i 2024 (eksklusiv VAR). Avdrag er budsjettert med om lag 38 mnok i 2024 (eksklusiv VAR). Tilsaman 73 mnok av driftsbudsjettet (eksklusiv VAR) går i 2024 til renter og avdrag. Dette utgjør 10,4% av budsjetterte frie inntekter (rammetilskot og skatteinntekter).

Til tross for dette har Sula kommune gode kommunale tenester, god kontroll, handlefridom og økonomisk styring. Dette skuldast fleire faktorar. Politisk semje kring styring mot økonomiske måltal samt god budsjett disiplin og endringsevne i einingane har bidratt til det vi har oppnådd.

Måltal for god økonomistyring i Sula kommune:

Kommunelova seier at kommunestyret skal vedta finansielle måltal for å sikre god økonomistyring og økonomiske handlingsrom. Måltala er knytt til gjeldsgrad, driftsresultat og oppsparte midlar. Dei finansielle måltala gir gode siktlinjer for berekraftig kommunal økonomi.

Vedtekne finansielle måltal i Sula kommune:

Sula kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal:

- 1. Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,5 % av brutto driftsinntekter. (utgjere ca 14 MNOK årleg)***
- 2. Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter. (utgjere ca 95 MNOK)***
- 3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035. (100 % tilseier lånegjeld på 950 mnok)***

Dei finansielle måltala synleggjer viktige sider ved det økonomiske handlingsrommet for Sula kommune. I forhold til dei tilrådde måltala, er netto driftsresultat for lavt, og gjelda for høg i økonomiplanen. Dette må vi gjere noko med i åra framover.

Kommunen har klart å få betre driftsresultat enn budsjettert dei siste åra. Dette er sjølvsagt bra, og gjer at vi i liten grad har tært på dei oppsparte midlane. Pr 31.12.22 var

overskotsfondet på om lag 122 mill. Dette vil truleg bli redusert i løpet av 2023. Estimert bruk av overskotsfond i 2023 er på rundt 12 mill.

Dei overordna føringane i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2024-2027 kan kort oppsummerast slik:

- Auken i frie inntekter knytt til nye oppgåver er foreslått fordelt ut i ramma til dei tenestene som har fått tildelt meiroppgåver i statsbudsjettet. (vert utdjupa i kap 2)
- Skatteinntektene for 2024 vert foreslått sett 5 mnok høgare en KS sine prognoser.
- Rammene i driftseiningane vert i hovudsak vidareført. Estimert lønns- og prisvekst på 4,3% vert kompensert i driftsbudsjetta (kommunal deflator 2024).
- Eigedomsskatt vert foreslått vidareført med ein promille. Ca 11,2 mnok
- Rammereduksjon på 5mnok årleg frå 2025 ligg til grunn for driftsrammene
- Bruk av omlag 36 mnok frå overskotsfond i ligg til grunn for økonomiplanperioden, og 10,82 mnok for 2024
- Tilskot til flyktningar er budsjettert til 29,3 mill med føresetnad om at vi tek imot 50 flyktningar som vedtatt i 2023 og 30 flyktningar i 2024. (Tal flyktningar for 2024 er ikkje vedtatt)
- I kommunedirektøren sitt forslag til økonomiplan vil lånegjelda til investeringar auke frå 1,2 til 1,5 milliard kroner i siste del av økonomiplanperioden. I hovudsak er dette knytt til investeringar i nytt avløpsrensaneanlegg.

Rammevilkår og utviklingstrekk for Sula kommune:

Figuren nedanfor viser Sula kommune sine netto driftsutgifter per inngyger innanfor ulike tenestoområder. Vi har samanlikna utgiftene med nokre av våre nabokommuner, med gjennomsnittet i Møre og Romsdal, med landsgjennomsnittet, og med gjennomsnittet i Kostragruppe 1 som Sula kommune er ein del av. Utgiftene er justert for forskjellar i utgiftsbehov (Kilde: Framsikt, basert på KOSTRA tal for 2022)


Tenestoområde	Sula	Ålesund	Giske	Sykkylven	Møre og Romsdal	Landet	Kostragruppe 1
Grunnskole	13 850	15 655	15 701	16 334	16 619	16 824	16 600
Pleie og omsorg	22 759	26 117	26 832	21 814	25 229	23 774	22 968
Barnevern	2 812	2 049	1 830	2 656	2 191	2 557	2 795
Barnehage	10 027	9 371	8 782	9 952	9 985	9 968	9 961
Kommunehelse	3 796	3 940	3 839	5 656	4 139	4 424	3 969
Sosiale tjenester	1 793	2 691	2 777	2 270	2 704	3 576	2 765
Kultur og idrett	1 415	1 868	628	1 935	2 322	3 084	2 137
Plan, kulturminner, natur, nærmiljø	1 015	491	1 130	753	863	1 055	853
Adm, styring og fellesutgifter	5 322	4 698	4 589	5 021	5 811	5 633	5 707
Andre områder	3 207	3 507	3 223	3 813	3 955	3 018	3 481
Totalt	65 996	70 387	69 331	70 204	73 818	73 913	71 236

Figuren viser at Sula kommune har lave netto driftsutgifter per innbygger. I sum bruker Sula kommune 76 mill. kr. mindre enn vi ville ha gjort dersom vi skulle ligge på landsgjennomsnittet (73.913kr – 65.996kr = 7.917kr pr innbygger * 9636 innbyggerar i 2022 = 76 mill. kr)

Endra utgiftsbehov:

Figuren under viser endring i utgiftsbehov i Sula som følgje av den venta demografiske utviklinga i åra framover. Barnehageutgiftene kan forventast å gå ned utover i økonomiplanperioden. Utgiftbehovet for grunnskule er relativt stabilt fram til 2025, for deretter å avta. Utgiftbehovet i pleie og omsorg stig i åra framover, og relativt dramatisk frå 2024 og vidare framover.

Desse prognosane må vi planmessig førebu oss på når vi utviklar tenestene og investerer for framtida.




Folketalsutvikling

I Møre og Romsdal er Ålesundsregionen den sterkaste vekstregionen. Folkeveksten har vore sterk i Giske, Ålesund og Sula. Den historiske folketalsutviklinga i Sula viser at veksten varierer ganske mykje frå år til år – sjølv om den langsiktige trenden har vore jamn vekst. Den sterke folketalsveksten som Sula har hatt dei siste åra, hadde ein topp i 2014 (3%). Folketalet i Sula var 9670 innbyggjarar ved utgangen av andre kvartal 2023.


Dette er grunnleggande positivt å ha folkealsvekst, men det fører samtidig til stort behov for kommunale tenester – og medfølgjande utgifter for å finansiere desse tenestene.

Prognosane dei neste ti åra viser ein folkevekst på mellom ein halv og ein prosent årleg:

I åra frå 2010 til 2015 hadde Sula sterk vekst i dei yngste aldersgruppene, og dette medførte dermed sterkt aukande barnetal i skular og barnehagar. Gjennom strukturendring og utbygging på barnehageområdet, har Sula kommune lykkast med å effektivisere drifta og innfri barnehageretten. Ny Rørstadmarka skule vil gi eit kvalitativt godt skuletilbod på midtre delen av Sula, og også legge grunnlag for meir effektiv drift i skulesektoren. Sjå meir i kapittelet om kultur og oppvekst.



Den første eldrebølga (alder 80+) slo inn over Sula i perioden 1999-2014. I åra framover aukar talet på eldre svært sterkt:




Vi må få til god balanse mellom heimetenestene og heildøgns omsorgsplassar. Dette inkluderer fleire forhold, mellom anna tilstrekkeleg kapasitet i tenestene og tenlege boligar. Vi må framover fortsatt investere for å optimalisere framtidig drift.

Sjå nærare om dette i kapittelet om helse og omsorg.


Gjeld

Lånegjelda har auka kraftig dei siste åra. Dersom vi skal gjere ytterlegare investeringar framover, må vi ha fokus på at dette er med på å redusere driftskostnader i dei kommunale tenestene. Lånegjelda til investeringar har auka frå 542 mnok i 2012 til 1,2 milliard kroner i 2023. I kommunedirektøren sitt forslag til økonomiplan vil lånegjelda til investeringar auke til 1,5 milliard kroner i siste del av økonomiplanperioden. Det er imidlertid verdt å merke seg at mykje av denne auken er lån knytt til sjølvkost jf. m.a. kommunedelplanen for avløp (hovudsakeleg renseanlegg). Andel lån knytt til sjølvkost utgjer 22,7% av lån til investeringar i 2023 og 44,5 % i 2027.

Etterfølgjande figur viser utviklinga i lånegjeld:



Auka lånegjeld kjem også til uttrykk når vi ser på lånegjelda i prosent av brutto driftsinntekter:



Tabellen nedanfor viser utvikling i netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter i perioden 2016-2022:

	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Sula	123,80%	115,10%	112,40%	119,30%	123,80%	117,30%	110,40%

Sula ligg over gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 1, gjennomsnittet i Møre og Romsdal, landsgjennomsnittet, samt nabokommunen Ålesund. Giske kommune har ca same nivå som Sula kommune.

Netto lånegjeld pr. innbyggjar i Sula var 115.000 kroner i 2022. For 2023 er den forventa å bli 123.000kr. I 2027 er den berekna å være kroner 156.000kr pr innbyggjar. Eit finansielt måltal på 100 % av brutto driftsinntekter tilseier lån på om lag 950 mnok. Dette tilsvarar kroner 98.000 pr innbyggjar.

Sjølv om mykje av auken i gjeld er lån knytt til sjølvkost og rentekompensasjon, bør Sula kommune vere varsam med nye tunge investeringar. Ein langsiktig plan for drift og investeringar med handlingsreglar som kan oppretthalde den økonomiske handlefridomen må på plass.

Inntekter

Inntektene til kommunen er i stor grad sentralt gitt gjennom inntektssystem og overføringar frå staten. Avgifter og eigedomsskatt er område som kommunen sjølv kan ta i bruk. Avgiftene er vel å merke i stor grad knytt opp mot sjølvkostområdet. Rammene for eigedomsskatt er også sentralt styrt. Inntektssida er gjort nærare greie for i kapittel 2.

Vedlikehald og investeringar i bygg og anlegg

Sula kommune eig og forvaltar ei stor bygningsmasse, og mange kommunale anlegg og vegar. Vi har allereie gjennomført store investeringar i teknisk infrastruktur for vatn og avløp. I økonomiplanperioden er det foreslått ytterlegare til saman 10 mnok til investeringar


i vassforsyning, og til saman 24 mnok til avløp. Renseanlegg er budsjettert i perioden 2022 til 2028 med til saman 435,7 mnok. Dei store investeringane i vatn og avløp dei siste åra gir høgare kommunale avgifter i økonomiplanperioden.

Tabellen nedanfor viser ein oversikt over dei største investeringane i økonomiplanperioden. I berekninga er det berekna i ei rente på 4,5%. Det er i samsvar med budsjettrenta vår for nye investeringar i 2025. Kolonna årleg kostnad viser effekten på driftrekneskapet (renter og avdrag) i året etter at investeringa er gjennomført. Når det gjeld investeringane på sjølvkostområde blir desse kostnadane dekt gjennom økte gebyr.

Investering sjølvkostområde	Investering	Lånebeløp	Årleg kost	Kommentar	Antall år
Renseanlegg (sjølvkost)	435 700 000	435 700 000	30 499 000	Investering i 2022-2028	40
Rammeløyve avløp (sjølvkost)	20 000 000	20 000 000	1 400 000	Investering i 2023-2026	40
Rammeløyve vatn (sjølvkost)	10 000 000	10 000 000	700 000	Investering i 2023-2026	40
SUM	465 700 000	465 700 000	32 599 000		
Andre investeringer	Investering	Lånebeløp	Årleg kost	Kommentar	Antall år
Byggetrinn 3 BUA	60 000 000	36 300 000	2 359 500	Investering i 2026	50
Rammeløyve mindre investering bygg	11 000 000	8 800 000	836 000	Investering i 2024-2027	20
Fortau Vågnesvegen	10 000 000	8 000 000	560 000	Investering i 2025-2027	40
Eigedom. Utfasing av lyskilder etter påbud	6 000 000	4 800 000	696 000	Investering i 2024-2027	10
Bilar til heimetenesta	4 600 000	4 600 000	667 000	Investering i 2024-2027	10
Bjørkavågen aust veg 1 (ferdigstilling)	4 000 000	3 200 000	224 000	Investering i 2024	40
Rammeløyve IKT investeringer	4 000 000	3 200 000	464 000	Investering i 2024-2027	10
Bilar til eigedomsavdelinga	3 200 000	3 200 000	464 000	Investering i 2024-2027	10
Molværsvegen 11, tilbygg	3 000 000	2 400 000	168 000	Investering i 2024	40
Parkeringsplass Indre Sula Kyrkje	2 300 000	1 840 000	128 800	Investering i 2024	40
Fortau Bratthaugmyra	2 000 000	1 600 000	112 000	Investering i 2024	40
SUM	110 100 000	77 940 000	6 679 300		

Resultatframskriving i økonomiplanperioden

Figuren under viser netto driftsresultat dei åtte siste åra, samt budsjetterte tal for økonomiplanperioden 2024-2027. 2023 er estimat per 2. tertial 2023.



For 2024 viser netto driftsresultat eit betre bilde av situasjonen enn det som er reelt. Inkludert i driftsresultatet er overskot frå VAR-området på 3,4 mill som er budsjettert avsett til bunde fond. Budsjettert bruk av overskotsfond blir dermed høgare enn negativt driftsresultat. Tabellen nedanfor viser forskjellen på budsjettert driftsresultat og budsjettert bruk av overskotsfond:

	BUDSJETT 2024	ØK.PLAN 2025	ØK.PLAN 2026	ØK.PLAN 2027
Bruk av overskotsfond i økonomiplanperioden	10 816 105	9 847 073	6 531 277	8 991 480
Avsetning til fond på VAR-området	-3 447 889	0	0	0
NETTO DRIFTSRESULTAT (negativt resultat)	7 368 216	9 847 073	6 531 277	8 991 480

Budsjettert bruk av overskotsfond i planperioden er på 36,2 mnok. Vedtatt økonomiplan i for 2023-2026 blei saldert ved å bruke 9,6 million kroner av overskotsfondet i budsjettet for 2023 (14,6 mnok for heile planperioden). Inkludert i opprinneleg vedtatt budsjett/økonomiplan for 2023-2026 var innsparing på 5 million kroner i 2023, 10 million kroner i 2024, og 14 million kroner både 2025 og 2026.

Budsjettforslaget for Sula kommune betra seg med 1 mill samanlikna med budsjettforslag før statsbudsjettet. Det var liten endring i budsjetterte frie inntekter. Det som gjorde at budsjettet vart betre var ei litt lågare forventa kommunal deflator (lønns- og prisvekst) enn det vi hadde lagt til grunn i forkant av statsbudsjettet. Ein lågare kommunal deflator medfører at avsetning til lønns- og prisvekst blir lågare samt at budsjettert overføring til private barnehagar blir lågare.

Vanlegvis blir det relativt små endringar frå forslag til statsbudsjett frå regjeringa til vedtak blir landa i Stortinget. Regjeringa er vel og merke ei mindretalsregjering, og ein kan vente justeringar gjennom behandlinga i Stortinget. Stortinget skal etter planen vedta statsbudsjettet for 2023 i desember.

I desember 2021 vedtok kommunestyre å budsjettere med sju million kroner meir i skatteinntekt for 2022 enn det KS hadde prognostisert. Deretter 5 million kroner meir årleg i økonomiplanperioda. Ut frå ei totalvurdering av den økonomiske situasjonen ser kommunedirektøren det som nødvendig og forsvarleg å budsjettere med ei forventning om at skatteinntektene for 2024 blir 5 mnok høgare en KS sine prognoser. Dette aukar risikoen i budsjettet tilsvarande.

I kapittel 2 kjem det fram ei meir inngående analyse av den økonomiske situasjonen, samt opplegget i statsbudsjettet for 2024. I dei neste kapitla finn de informasjon om dei tre kommunalområda; Oppvekst og kultur, Helse og meistring, og Samfunn, og kommentarar til korleis budsjettframlegget til kommunedirektøren påverkar desse områda.

2. Økonomisk situasjon

Utviklingstrekk

Sula kommune har hatt positivt driftsresultat dei to siste åra, 19 mill. kr. i 2022 og 32 mill. kr. i 2021. Dette var betre enn budsjettert. Det som i hovudsak forklarar budsjettavviket er at dei frie inntektene (skatteinntekter og rammetilskot) blei høgare enn budsjettert. Skatteinntektene for Sula kommune og på landsbasis har vore høgare enn Finansdepartementet sine prognoser. Det er desse prognosane Sula kommune bruker som grunnlag for budsjettering av frie inntekter. Tabellane nedanfor forklarar kvifor resultatet i 2022 blei 15 mill. kr. betre enn budsjettert og resultatet i 2021 blei 36 mill. kr. betre enn budsjettert:

Budsjettavvik 2022	Bud.avvik	Kommentar
Frie inntekter	-37 100 000	Skatt, inntektsutjevning og rammetilskot. Koronatilskot på totalt 10,7 mill.
Flykntingtilskot	-7 600 000	Flykntingtilskot høgare pga fleire flytkningar enn lagt til grunn i budsjett.
Renteutgifter	3 200 000	Renteutgifter investeringslån. Rentenivå høgare enn budsjettert.
Helse og sosial	12 600 000	Korona, ressurskrevjande tenester, flytkningar.
Oppvekst	11 900 000	Skulast i hovudsak at skulane er 9,3 mill over budsjett.
Andre områder	1 700 000	Sum av budsjettavvik på andre områder
SUM budsjettavvik	-15 300 000	Driftsresultat er 15,3 mill betre enn budsjettert
Budsjettert pos. driftres.	-3 500 000	Budsjettert med positivt driftsresultat for 2022 på 3,5 mill
Positivt drifts.	-18 800 000	Positivt netto driftsresultat for 2022

Budsjettavvik 2021	Bud.avvik	Kommentar
Frie inntekter	-36 600 000	Skatt og inntektsutjevning 25 mill betre enn budsjett. Resten koronamidler
Avkastning	-6 600 000	God avkastning på fondsplasseringar.
Helse og sosial	14 600 000	Overforbruk skuldast i hovudsak dyre tiltak for "ressurskrevjande brukerar"
Resusskrevj. brukerar	-6 800 000	Refusjon ressurskrevjande brukerar er høgare enn budsjettert.
Andre områder	-600 000	Sum av meirforbruk og mindreforbruk frå andre områder.
SUM budsjettavvik	-36 000 000	Driftsresultat er 36 mill betre enn budsjettert
Budsjettert neg. driftres.	3 900 000	Budsjettert med negativt driftsresultat for 2021
Positivt drifts.	-32 100 000	Positivt netto driftsresultat for 2021

For 2023 forventar vi eit negativt driftsresultat på 7 mill. kr. (prognose ved rapportering 2. tertial). Vi forventar at dei frie inntektene blir ca. som budsjettert.

For 2024 er det budsjettert med negativt driftsresultat på 7,4 mill. kr. Det er også budsjettert med negativt driftsresultat for åra 2025-2027.

Sula kommune har lavt inntektsnivå. I kommuneproposisjonen for 2024 er Sula kommune rangert blant dei 20 kommunane i landet med lavast inntektsnivå på frie inntekter (rammetilskot, skatteinntekter og eigedomsskatt).

Med tanke på at inntektsnivået er lavt så er Sula kommune avhengig av å ha eit lavt kostnadsnivå. Kostnadsnivået i Sula kommune er lavere enn landsgjennomsnittet og lavere enn kommunegruppe 1 som Sula er ein del av (sjå tabell i kapittel 1 som viser netto driftsutgifter per innbyggjer). Kommunegruppe 1 er ei gruppe kommunar med middels kostnader pr. innbyggjar og lave frie disponible inntekter.

Finansielle måltall

I tråd med kommuneloven § 14-2 bokstav c, skal kommunestyret vedta finansielle måltal for utviklinga i kommunen sin økonomi. Dei finansielle måltala blir vedtatt kvart år i forbindelse med budsjettbehandling. Sula kommune har finansielle måltal knytt til netto driftsresultat, disposisjonsfond og netto lånegjeld. Vedtakspunkt om finansielle måltal framgår av kapittel 1.

Tabellane nedanfor viser korleis dei finansielle måltala har utvikla seg i perioden 2019-2022, samt prognose for 2023 og for økonomiplanperioden 2024-2027.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat består av løpande inntekter fratrukket løpande utgifter. Nøkkeltalet måler om kommunen si drift går i balanse og seier noko om kommunen sin økonomiske handlefrihet.

Sula kommune 2019 -2027	Beløp	Måltal Sula
Netto driftsresultat 2019	4 700 000	0,6 %
Netto driftsresultat 2020	-3 800 000	-0,2 %
Netto driftsresultat 2021	32 100 000	4,0 %
Netto driftsresultat 2022	18 800 000	2,1 %
Netto driftsresultat 2023	-7 000 000	-1,1 %
Netto driftsresultat 2024	-7 400 000	-0,8 %
Netto driftsresultat 2025	-9 800 000	-1,0 %
Netto driftsresultat 2026	-6 500 000	-0,7 %
Netto driftsresultat 2027	-9 000 000	-0,9 %

Ålesund	Møre og Romsdal	Landet
-2,4 %	-0,7 %	1,9 %
-1,7 %	1,0 %	2,7 %
0,4 %	1,8 %	4,3 %
2,9 %	1,9 %	3,0 %

Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet er avsetningar som kommunestyret kan disponere fritt. Midlar på disposisjonsfondet kjem frå tidlegare års overskot. Nivået på disposisjonsfondet til Sula kommune er bra og gjer at kommunen fortsatt har handlingsrom.

Sula kommune 2019 -2027	Beløp	Måltal Sula
Disposisjonsfond 2019	84 800 000	11,2 %
Disposisjonsfond 2020	99 300 000	12,5 %
Disposisjonsfond 2021	125 200 000	14,5 %
Disposisjonsfond 2022	145 400 000	16,3 %
Disposisjonsfond 2023	133 000 000	14,8 %
Disposisjonsfond 2024	122 200 000	12,8 %
Disposisjonsfond 2025	112 300 000	11,7 %
Disposisjonsfond 2026	105 800 000	10,9 %
Disposisjonsfond 2027	96 800 000	9,9 %

Ålesund	Møre og Romsdal	Landet
1,9 %	7,8 %	10,7 %
0,9 %	8,0 %	11,7 %
0,3 %	8,9 %	13,4 %
2,0 %	10,3 %	14,6 %

Netto lånegjeld

Netto lånegjeld er total lånegjeld fråtrukke vidareutlån og ubrukte lånemidlar. Riksrevisjonen definerer høg lånegjeld til 75% av driftsinntektene. KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100% er ugunstig. Sula kommune har hatt ein gjeldsgrad på over 100% sidan 2014

Sula kommune 2019 -2027	Beløp	Måltal Sula
Netto lånegjeld 2019	917 600 000	119,3 %
Netto lånegjeld 2020	910 600 000	112,4 %
Netto lånegjeld 2021	1 000 300 000	115,1 %
Netto lånegjeld 2022	1 112 200 000	123,8 %
Netto lånegjeld 2023	1 136 300 000	126,2 %
Netto lånegjeld 2024	1 243 900 000	130,2 %
Netto lånegjeld 2025	1 280 000 000	133,0 %
Netto lånegjeld 2026	1 427 900 000	147,0 %
Netto lånegjeld 2027	1 504 900 000	153,3 %


Ålesund	Møre og Romsdal	Landet
100,0 %	108,8 %	85,4 %
102,4 %	110,8 %	89,1 %
101,5 %	112,2 %	87,3 %
104,3 %	113,1 %	88,1 %

Kommunal økonomisk bærekraft (KØB modellen)

Kommunal økonomisk bærekraft (KØB) oppstår når økonomien gir handlekraft til å møte framtidens utfordringar, slik at framtidige generasjoner får same muligheter for tenester og utvikling som vi har i dag. Modellen tek utgangspunkt i dei finansielle måltala for netto driftsresultat, disposisjonsfond og netto lånegjeld. Modellen gir et godt grunnlag for ein felles forståelse av den økonomiske handlefriheten:

- Økonomisk bærekraft over 1 år (årsbudsjett perioden) - Netto driftsresultat minimum 1,5%. Gir handlingsrom i budsjettåret og muliggjør strategiske tiltak og imøtekomme uforutsette hendelser.
- Økonomisk bærekraft over 4 år (økonomiplan perioden) – Disposisjonsfond over 10 %. Muliggjør tiltak i økonomiplan perioden.
- Økonomisk bærekraft i ein 10 til 40 års horisont – Netto lånegjeld på under 100%. Økt gjeld reduserer kommunens handlingsrom.


Modellen kan illustreres i følgende figur:



Modellen for økonomisk bærekraft set krav til langsiktighet i økonomistyringen. Kommuneøkonomien skal kunne håndtere uforutsette hendinger utan at det får konsekvens for tenestetilbodet på kort og lang sikt (også for framtidige generasjoner).

Langsiktig styring gir handlingsrom til politiske veivalg som igjen gir forutsigbare kommunale tenester.

For Sula kommune ser dei økonomiske forutsetningane slik ut:



Vi ser at det økonomiske handlingsrommet reduseres i økonomiplanperioden.

- Netto driftsresultat er negativt kvart å i økonomiplanen. Dette bidrar til redusert handlingsrom.
- Gjeldsgraden øker til 153%. Dette binder opp en forholdsvis stor andel av driftsbudsjettet til avdrag og renter. Modellen ovenfor er inkludert VAR (sjølvkost). Sula kommune skal bygge nytt avløpsrenseanlegg. Det meste av auken i lånegjeld er knytt til denne investeringa.
- Disposisjonsfond reduseres fra 14,8% i 2023 til 9,9% i 2027.

Tabellen nedanfor viser forventna utvikling av disposisjonsfondet. Det vil i åra framover vere behov for krevjande prioriteringar for at Sula kommune skal kunne oppretthalde ein sunn og god driftssituasjon også etter 2027.

DISPOSISJONSFOND	Overskotsfond	Risikoreg.fond	Flyktningfond	Andre fond	Sum disp. fond
FOND PR. 31.12.2022	122 374 273	7 807 264	15 067 246	151 583	145 400 366
Budsjettert brukt/avsatt i 2023	-21 500 000				-21 500 000
Anslått mindreforbruk i 2023	9 100 000				9 100 000
FOND PR. 31.12.2023	109 974 273	7 807 264	15 067 246	151 583	133 000 366
Bruk av fond i øk.planperioden	-36 185 934				-36 185 934
FOND PR. 31.12.2027	73 788 339	7 807 264	15 067 246	151 583	96 814 432

Kommunesektoren i statsbudsjettet for 2024

Statsbudsjettet legg opp til ein vekst i kommunane sine frie inntekter på 5,1 mrd. kr. Figuren nedanfor er henta frå Kommunal- og distriktsdepartementet sin presentasjon av kommuneopplegget i statsbudsjettet:



Figuren inkluderer både kommuner og fylkeskommuner. For kommunene er veksten i frie inntekter 5,1 mrd. kr. Dette skal dekke demografikostnader på 3,1 mrd. kr. og ekstra pensjonsutgifter utover lønnsvekst på 1,8 mrd. kr. Vekst i frie inntekter ut over demografi og pensjon er 200 mill. kr. (Kjelde: KS sin presentasjon 13.10.23 av statsbudsjettet for kommunane).

Inkludert i inntektsveksten er 100 mill. kr. i kompensasjon for gradert basistilskot. Fram til og med 2016 fekk kommunane fullt basistilskot som kompensasjon for smådriftsulemper. Ved revisjon av inntektssystemet frå 2017 blei dette lagt om slik at det kun skulle kompensereast for ufrivillige smådriftsfordelar. Sula kommune tapte ca. 4 mill. kr. på dette. I Hurdalsplattformen varsla noverande regjering om at dei ønska å reversere denne omlegginga. Dette fordi dei betrakta omlegginga som eit verkemiddel i prosessen med kommunesamanslåingar som Solberg-regjeringa gjennomførte. Som ein start på reverseringa er det lagt inn ein kompensasjon til dei kommunane som tapte mest på omlegginga. For 2024 er rammetilskotet til Sula kommune auka med 1 mill. kr. som følgje av denne kompensasjonen.

Gjennomsnittleg lønns- og prisvekst (kommunal deflator) vert i statsbudsjettet anslått til 4,3 % for 2024 (lønnsvekst 4,9% og prisvekst varer og tenester 3,4%). Vi har lagt forventa kommunal deflator til grunn når vi har gjort avsetning for lønns- og prisvekst for 2024. I budsjettforslaget er dette lagt inn som ei «sentral» avsetning, som seinare vil bli fordelt ut på driftseiningane.

Sula kommune sine frie inntekter basert på statsbudsjett

I forbindelse med statsbudsjettet så publiserer regjeringa eit anslag for frie inntekter (i tabell 3-k). Regjeringa sitt anslag på frie inntekter i 2024 for Sula kommune er 697,4 mill. kr. Basert på forutsetningar frå statsbudsjettet utarbeider KS sin eigen prognosemodell for frie inntekter. Det er denne vi bruker som grunnlag når vi budsjetterer frie inntekter. Prognosemodellen viser frie inntekter på 698,8 mill. kr. for Sula kommune. Dette er 1,4 mill. kr. høgare enn regjeringa sitt anslag. Årsaken til differansen er at det blir brukt litt andre forutsetningar. Ein av forskjellane er at KS benytter SSBs sitt ansalg på folketal 1.1 i budsjettåret som grunnlag. Departementet bruker folketal

1.1 i året før budsjettåret. Kommunar med sterkare befolkningsvekst enn landsgjennomsnittet vil få undervurdert anslaget for frie inntekter i tabell 3-k. Dette er tilfelle for Sula kommune.

Tabellen nedanfor viser budsjett for frie inntekter:

	2024	2025	2026	2027
Inntektsutjavnning	56 300 000	56 300 000	56 300 000	56 300 000
Skatteinntekter	313 400 000	313 400 000	313 400 000	313 400 000
Rammetilskot	334 100 000	341 200 000	344 200 000	347 200 000
Sum frie inntekter	703 800 000	710 900 000	713 900 000	716 900 000

I budsjetterte skatteinntekter er det inkludert 5 mill. kr. i ekstra skatteanslag ut over KS si prognose. Rammetilskotet er aukande ut over i økonomiplanperioden. Det er to årsaker til dette. Den eine årsaken er at vi har lagt inn forventa auke på 3 mill. kr. årleg som følge av endringar i demografi. Den andre årsaken er at rammetilskot aukar med 4,1 mill. kr. i 2025 samanlikna med 2024 på grunn av heilårsverkand av oppgåveendringar i 2023. Når det gjeld auke i rammetilskot på 3 mill. kr. årleg som følge av demografi så har vi lagt inn tilsvarande beløp som tiltak under sektor Helse og Mestring.

Skjønnsmidler frå Statsforvalter er inkludert i budsjettert rammetilskot. I budsjett for 2025-2027 har vi lagt inn same beløp som vi er tildelt for 2024.

Inkludert i rammetilskot	2023	2024	2025	2026	2027
Skjønn fordelt av Statsforvalter	1 200 000	1 300 000	1 300 000	1 300 000	1 300 000

I rammetilskotet er det lagt inn forventningar om nye oppgåver eller endring i eksisterande oppgåver for kommunane. Tabellen nedanfor gir ein oversikt over dei tiltaka (oppgåvekorrigeringar) som har innverknad på rammetilskotet for Sula kommune.

Oppgåveoverføringar og korreksjonar som påverker rammetilskot	Beløp	Ref
Ny opplæringslov	100 000	1
Gratis SFO (12t) 2. klasse. Heilårseffekt av endring i 2023	1 850 000	2
Gratis barnehage frå tredje barn i barnehagen	50 000	3
Reduksjon i makspris barnehage frå august 2024	3 100 000	4
Pasienttilpassa basistilskot. Heilårseffekt endring i 2023	440 000	5
Auka i rettleiande satsar for sosialhjelp	680 000	6
Endringar i kontantstønad. Konsekvens barnehage	240 000	7
Sum oppgåveoverføringar og korreksjonar for Sula kommune	6 460 000	

Kommentarar til tabellen over:

- 1) Stortinget vedtok ny opplæringslov i juni 2023. Lovendringane skal etter planen tre i kraft frå hausten 2024. For at kommunar skal førebu seg blir rammetilskotet for kommunane auka med 47 mill. kr. For Sula kommune vil dette utgjere ca. 100.000kr. Dette er berekna ved bruk av delkostnadsnøkkel for grunnskule. Vi har lagt inn tilsvarande beløp som tiltak for Oppvekst.
- 2) Frå hausten 2023 blei det innført gratis 12. timar SFO for 2. klasse. Kommunene får kompensasjon for tapt foreldrebetaling knytt til heilårseffekten av dette. Kommunene blir

totalt kompensert med 863,6 mill. kr. For Sula kommune utgjør dette 1.850.000kr ved bruk av delkostnadsnøkkel for grunnskule. Tilsvarande beløp er lagt inn som tiltak for Oppvekst. Prinsippet med å legge inn tiltak tilsvarande det vi får i rammetilskot for gratis SFO har truffe bra tidlegare. I 2022 gjorde vi dette med gratis SFO 1 klasse. I 2023 la vi inn heilårsverknad for denne ordinga, samt gratis SFO 2 klasse frå haust 2023. Budsjettert rabatt SFO (tapt foreldrebetaling) per oktober 2023 er på 3.405.000kr. Regnskapsført rabatt pr oktober er på 3.380.000kr. Regnskapsført er altså nesten identisk med budsjett.

- 3) Frå hausten 2023 er barnehageplass gratis frå tredje barn for familiar som har fleire barn i barnehagen samtidig. Som kompensasjon er rammetilskot for kommunene auka med 24 mill. kr. For Sula kommune utgjør dette 50.000kr ved bruk av delkostnadsnøkkel for barnehage. Tilsvarande beløp er lagt inn som tiltak for Oppvekst.
- 4) Maksimal foreldrebetaling i barnehagen blir redusert frå 3.000kr pr måned til 2.000kr pr måned frå august 2024. Vi har berekna at dette vil koste Sula kommune ca 1,4 mill. kr. i tapt foreldrebetaling i kommunale barnehagar og ca 1,5 mill. kr i auka overføringar til private barnehagar. Vi har derfor lagt inn kostnadstiltak med totalt 2,9 mill. kr. Dette er litt mindre enn det vi får kompensert over rammetilskotet.
- 5) Basistilskotet til fastlegar vart auka og lagt om frå 1. mai 2023. Som kompensasjon er rammetilskotet til kommunane auka. Tiltaket får heilårseffekt i 2024, og rammetilskotet for kommunane blir auka med 250 mill. kr. for 2024. For Sula kommune utgjør dette 440.000kr ved bruk av delkostnadsnøkkel for kommunehelse. Tilsvarande beløp er lagt inn som tiltak for Helse.
- 6) Ved behandling av revidert nasjonalbudsjett for 2023 vart dei rettleiande satsane for sosialhjelp sett opp med 10% frå 1 juli 2023. Kommunesektoren vart kompensert gjennom ein auke i rammetilskotet på 284 mill. Tiltaket får heilårseffekt i 2024, og rammetilskotet aukar derfor med ytterlegare 295,8 mill. som blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp. For Sula kommune utgjør dette 680.000kr. Tilsvarande beløp er lagt inn som kostnadstiltak for Helse.
- 7) Endringar i kontantstøtteordninga i 2024 er venta å føre til ein auke i etterspørselen etter barnehageplass. Frå 1. august gis kontantstøtte kun for barn mellom 13 og 19 måneder, og ikkje 13 og 23 måneder slik som i dag. Som kompensasjon for dette aukar rammetilskotet til kommunene i 2024 med 119,7 mill. kr. fordelt etter delkostnadsnøkkelen for barnehage. For Sula kommune utgjør dette 240.000kr. Vi har lagt inn tilsvarande beløp som kostnadstiltak for Oppvekst.

Eigedomsskatt

Det vart innført eigedomsskatt på boliger frå 2020. Eigedomsskatten for 2020 vart satt til 1 promille og eit botnfradrag på verdifastsettelsen på 0,5 mill. kr. I 2021 vart det innført 1 promille eigedomsskatt på næringsseigedom. I 2022 vart botnfradraget fjerna. Det er ikkje foreslått endringar i satsen for eigedomsskatt i økonomiplanperioden. Maksimalsatsen er 4 promille for boligeigedom og 7 promille for næringsseigedom. Tabellen nedanfor viser korleis inntekt frå eigedomsskatt har utvikla seg frå 2020 til 2023. For 2024 har vi budsjettert med ei inntekt på 11,2 mill. kr.

Kategori	Antall	Skatt 2023	Skatt 2022	Skatt 2021	Skatt 2020	Kommentar
Bustader. Formuesgrunnlag	3 311	9 625 237	8 973 591	5 843 274	5 593 108	Botnfradrag fjerna i 2022. Auke i FG
Bustader. Taksert	91	157 291	130 814	117 532	184 115	Ingen store endringer
Fritidsbustad. Taksert	130	25 995	26 519	2 625	4 770	Ingen store endringer
Naust. Taksert	315	33 350	30 953	32 306	65 937	2021: Minste fakt. auka frå 50kr til 300kr
Tomt bustad. Taksert	690	177 345	176 792	175 734	251 017	2021: Minste fakt. auka frå 50kr til 300kr
Næringsseigedom	144	772 799	777 446	784 445	0	Innført i 2021
Sum	4 681	10 792 017	10 116 115	6 955 916	6 098 947	

Pensjonsutgifter

Budsjetterte pensjonsutgifter i 2024 (KLP og SPK) er på 56,9 mill. kr. Budsjetterte pensjonsutgifter i 2023 var på 46,7 mill. kr. Pensjonsutgiftene består av pensjonspremien vi må innbetale til KLP og SPK (reduisert for arbeidstakers andel på 2%), av premieavvik og av amortisering av premieavvik.

Premieavvik og amortisering av premieavvik blir bokført "sentralt" for kommunen, medan kostnad basert på premiebetaling blir utgiftsført på einingane.

Utgifter til KLP og SPK er budsjettert på einingane med henholdsvis 18,22% og 9,28% for 2024. I 2023 var prosentsatsane 22,08% og 11,38%. Forklaringa på at prosenten har gått ned er at prognose for premieinnbetaling i prosent av pensjonsgrunnlag er lavere i 2024 enn den var i prognosen for 2023. Sjølv om prognose for premieinnbetaling er lavere i 2024 enn i 2023 så er likevel budsjett for total pensjonskostnad høgare. Dette skuldast i stor grad amortisering av det store premieavviket frå 2023.

Akkumulert premieavvik pr 31.12.2022 var 72,6 mill. kr. Prognose for akkumulert premieavvik pr 31.12.2023 er 118,3 mill. kr. og prognose for akkumulert premieavvik pr 31.12.2024 er 131,6 mill. kr.

Tabellen nedanfor viser budsjett for pensjonsutgifter for 2024, samanlikna med 2023:

Pensjonsutgift	Budsjett KLP	Budsjett SPK	SUM BUD. 2024	Budsjett 2023	Prognose 2023
Innbetalt premie (inkl. adm.utgift)	69 086 841	9 483 231	78 570 072	81 350 881	100 428 501
Estimat 2% betalt av arbeidstakar	- 6 450 000	- 1 900 000	- 8 350 000	- 7 270 000	- 7 747 036
Budsjetterast på einingane	62 636 841	7 583 231	70 220 072	74 080 881	92 681 465
Premieavvik	- 33 716 600	- 1 034 168	- 34 750 768	- 41 335 971	- 59 788 844
Amortisering premieavvik	20 897 093	537 902	21 434 995	13 906 569	14 136 403
SUM budsjett	49 817 334	7 086 965	56 904 299	46 651 480	47 029 024

Budsjettrente

Budsjetterta er berkna ut frå forventa rentenivå i sertifikatmarkedet. Forventa rente i sertifikatmarkedet baserer seg på Norges Bank si forventning om 3 mnd NIBOR + margin. Vi har benytta Norges Bank si forventning pr 21.09.23 (Pengepolitisk rapport nr 3 2023). Budsjettrenta bruker vi for å berekne rentekostnad av nye lån frå nye investeringar.

Følgande budsjettrente er lagt til grunn i økonomiplanen:

	2024	2025	2026	2027
Budsjettrente	5,01 %	4,55 %	3,96 %	3,96 %

Vår forventning om gjennomsnittlig rente på total låneportefølje er lavere enn budsjettrenta (som brukes på nye låneopptak). Dette er fordi ca halvparten av den eksisterande låneportefølja vår er fastrentelån. Gjennomsnittrente på våre fastrentelån er 1,99%. Dette bidrar til å dra ned den gjennomsnittlige renteprosenten. I 2024 forventer vi ei gjennomsnittlig rente på 3,78%. Tabellen nedanfor viser utvikling i gjennomsnittlig lånrente frå 01.01.2022 og fram til 30.09.2023:

	01.01.2022	30.04.2022	31.08.2022	31.12.2022	30.04.2023	30.09.2023
Gjennomsnittlig rente	1,43 %	1,68 %	1,93 %	2,62 %	2,84 %	3,44 %

Pr 30.09.23 har Sula kommune ei samla lånegjeld på 1,28 milliard. 588,5 mill. kr. av dette er fastrentelån. Ytterligere 310 mill. kr. er lån knytt til sjølvkost og lån som har rentekompensasjon. I tillegg er 69 mill. kr. av låna våre startlån som blir videreutlånt.

Fondsforvaltning

Pr 30.09.23 har vi 92,5 mill. kr. til aktiv forvaltning. Dette er ei auke (gevinst) på 9 mill. kr. frå 31.12.2022.

Det er forventa ein reduksjon i disposisjonsfond og likvide midlar i løpet av økonomiplanperioden.

Pkt. 8.1 i finansforvaltningsreglementet gir denne definisjonen av langsiktige finansielle aktiva: "Langsiktige finansielle aktiva er aktiva som ikkje skal nyttast til drifts- eller investeringsformål i rekneskap og budsjettåret samt økonomiplanperioden. Beløp til langsiktig forvaltning vert fastsett i årsbudsjettet og eventuelt i samband med enkeltsaker."

Vi vil ved årskifte ha eit kapitalfond (ubundet investeringsfond) på ca 62 mill. kr. Ut ifrå det som er budsjettet så vil fondet bli redusert med 6,4 mill i økonomiplanperioden (eigenkapitalinnskot i KLP)

I henhold til prognose for 2023 så vil disposisjonsfondet vårt vere på 133 mill. kr pr 31.12.23.

Disposisjonsfondet består i hovudsak av overskotsfond som iht til prognose vil vere på 110 mill. kr pr 31.12, risikoreguleringsfond (prognose 7,8 mill. kr.) og flykningfond (prognose 15 mill. kr). I henhold til budsjettforslag så vil disposisjonsfondet bli redusert med 36,2 mill. kr. i økonomiplanperioden.

Utifrå dette så foreslår vi at beløp til aktiv forvaltning frå 1.1.2024 vert uendra, men blir det brukt meir enn foreslått i dette budsjettet må vi vurdere å redusere beløp til aktiv forvaltning slik at det ikkje blir i strid med finansforvaltningsreglementet.

Avdrag

I budsjett for 2024-2027 har vi lagt til grunn at vi skal betale minimumsavdrag. Minimumsavdraget blir berekna ved bruk av følgande formel:

$$\text{Minimumsavdraget} = \text{Sum avskrivninger} \times \frac{\text{Rest lånegjeld}}{\text{Sum bokført verdi varige driftsmidler}}$$

Avdraga i økonomiplanperioden vil auke frå 48 mill i 2024 til 59,6 mill i 2027.

Utvikling av lånegjeld

Investeringane i økonomiplanperioden er tilnærma 100 % lånefinansiert med unntak av mva kompensasjon og statstilskot på bustader. Lånegjelda har auka kraftig dei siste 10-15 åra. Lånegjelda vil fortsette å auke i økonomiplanperioden. Veksten i lånegjeld i økonomiplanperioden kjem i hovudsak av investering i nytt avløpsrensaneanlegg.

Tabellen nedanfor viser utvikling i lån til investeringar (lån eksklusiv startlån) i perioden 2010-2023:

Utvikling lånegjeld 2010-2020	2010	2 012	2 014	2 016	2 018	2 020
Lånegjeld til investeringar	324 921 000	542 522 000	572 651 000	778 645 000	938 823 000	1 046 040 000

Tabellane nedanfor viser utvikling i lånegjeld for perioden 2021-2027. 2023 baserer seg på prognose og 2024-2027 baserer seg på økonomiplan. I tabellane viser vi fordelinga mellom lån til VAR (sjølvkost) og lån til øvrig kommunal virksomhet.

Lånegjeld Sula kommune	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Samla lån Sula kommune	1 200 000 000	1 263 000 000	1 275 000 000	1 345 000 000	1 393 000 000	1 553 000 000	1 642 000 000
Lån til investering	1 152 000 000	1 207 000 000	1 206 000 000	1 264 000 000	1 300 000 000	1 448 000 000	1 525 000 000
Andel VAR av lån til inv.	22 %	22 %	23 %	26 %	32 %	39 %	44 %

(Forskjellen mellom samla lån og lån til investering er startlån)

Lån til investering	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Lån eksklusiv VAR	897 000 000	943 000 000	932 000 000	939 000 000	884 000 000	886 000 000	847 000 000
Lån VAR	255 000 000	264 000 000	274 000 000	325 000 000	416 000 000	562 000 000	678 000 000
SUM	1 152 000 000	1 207 000 000	1 206 000 000	1 264 000 000	1 300 000 000	1 448 000 000	1 525 000 000

Finansutgifter (inkl VAR)	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Renteutgifter	16 600 000	23 200 000	39 600 000	49 500 000	53 300 000	53 600 000	60 600 000
Avdragsutgifter	45 000 000	45 000 000	48 000 000	48 000 000	50 900 000	54 300 000	59 600 000
Sum finansutgifter	61 600 000	68 200 000	87 600 000	97 500 000	104 200 000	107 900 000	120 200 000

Finansutgifter VAR	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Renteutgifter	5 000 000	9 200 000	12 000 000	14 200 000	16 800 000	21 500 000	26 900 000
Avdragsutgifter	9 800 000	10 000 000	10 400 000	10 200 000	11 700 000	14 200 000	18 000 000
Sum finansutgifter	14 800 000	19 200 000	22 400 000	24 400 000	28 500 000	35 700 000	44 900 000

Finansutgifter (eksl VAR)	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Renteutgifter	11 600 000	14 000 000	27 600 000	35 300 000	36 500 000	32 100 000	33 700 000
Avdragsutgifter	35 200 000	35 000 000	37 600 000	37 800 000	39 200 000	40 000 000	41 500 000
Sum finansutgifter	46 800 000	49 000 000	65 200 000	73 100 000	75 700 000	72 100 000	75 200 000

Som det framgår av tabell over så har det vore ei stor auke i finansutgifter dei siste åra. Rente- og avdragsutgifter (ekskl. VAR) aukar frå 46,8 mill. kr. i 2021 til 73,1 mill. kr. i budsjett 2024. Dette fører til økt økonomisk press på den ordinære drifta. Hovedårsaken til auke i finansutgifter er auke i rentenivå.

VAR sin andel av lån til investeringar aukar frå 22% i 2021 til 44% i 2027. Dette skuldast i hovudsak investering i nytt avløpsrenseanlegg. Renter og avdrag på desse investeringane skal finansierast gjennom auke i kommunale gebyrer. Der er altså lån knytt til nytt avløpsrenseanlegg som i hovudsak forklarar auka i lån frå 2023 til 2027. Lån til investeringar eksklusiv VAR er svakt synkende. Det skuldast at budsjetterte avdrag i økonomiplanperioden er høgare enn låneopptak til nye investeringar.

Avsetningar til fond og bruk av fond i økonomiplanperioden

Tabellen nedanfor viser forventa utvikling i disposisjonsfond i økonomiplanperioden. Det er i økonomiplanperioden budsjettert med bruk av 36,2 mill. kr.

Disposisjonsfond	Beløp
Saldo pr 31.12.2022	145 400 366
Budsjettert brukt i 2023	-21 500 000
Anslått mindreforbruk i 2023	9 100 000
Saldo pr 31.12.2023	133 000 366
Budsjettert fondstransaksjon 2024	-10 816 105
Saldo pr 31.12.2024	122 184 261
Budsjettert fondstransaksjon 2025	-9 847 073
Saldo pr 31.12.2025	112 337 188
Budsjettert fondstransaksjon 2026	-6 531 277
Saldo pr 31.12.2026	105 805 911
Budsjettert fondstransaksjon 2027	-8 991 480
Saldo pr 31.12.2027	96 814 431

Bundne driftsfond er midlar som er bunde til ulike formål. Tabellen nedanfor viser saldo på bundne driftsfond pr 31.12.2022:

Bundne driftsfond	Beløp
Saldo pr 31.12.2022	17 256 492

Ubundne investeringsfond kan brukes til finansiering av utgiftene i investeringsregnskapet. Budsjettert bruk av fondet i økonomiplanperioden er 6,4 mill. kr. og gjeld egenkapitalinnskot i KLP.

Ubundne investeringsfond	Beløp
Saldo pr 31.12.2022	63 711 732
Budsjettert brukt i 2023	-1 500 000
Saldo pr 31.12.2023	62 211 732
Forbruk i økonomiplanperioden	-6 400 000
Saldo pr 31.12.2027	55 811 732

Likviditet

Likviditeten er tilfredsstillande. Likviditeten har i løpet av 2023 blitt svekka. Hovedårsken til dette er dei høge premieinnbetalingane til pensjonsordningane. På dette området er det ikkje samsvar mellom utbetalt beløp og kostnadsført beløp. Premieavviket for 2023 er på ca 60. mill kr.

Investering i nytt avløpsrenseanlegg

Investering i nytt avløpsrenseanlegg i samarbeid med Ålesund kommune inngår som ein del av økonomiplanen. Som nevnt under avsnitt for lånegjeld vil denne investeringa medføre betydeleg auke i kommunal lånegjeld. Investeringa vil også medføre ei stor auke i dei kommunale gebyra.


Total investeringsutgift for Sula kommune er for perioden 2022-2028 budsjettert med 435,7 mill.kr. Budsjettet fordeler seg slik over år:

Investering	2022-2023	2024	2025	2026	2027	2028	SUM
Nytt avløpsrenseanlegg	14 200 000	51 500 000	93 700 000	148 100 000	118 000 000	10 200 000	435 700 000

Budsjettert kostnad til renseanlegg baserer seg på Norconsult sin rapport "Kvalitetskontroll og usikkerhetsanalyse av kostnader for avløpsrenseanlegg Kvasnes", datert 11.07.22. Den viser ein prosjektkostnad (P50) på 1,83 milliard. Dette beløpet er med prisnivå per april 2022. Vi har fordelt prosjektkostnaden mellom Sula kommune og Ålesund kommune. Fordelinga er utført ved å summere dei kostnadane som er spesifikk for den enkelte kommune. Alle kostnader som ikkje har ein områdespesifikk fordeling er fordelt 20% til Sula og 80% til Ålesund. Sula kommune sin andel av prosjektkostnaden på 1,83 milliard er 391,5 mill. Dersom vi hadde lagt P85 til grunn (og ikkje P50) hadde budsjettert totalbeløp for Sula kommune blitt 439,5 mill. Årsaken til at vi legg P50 til grunn i budsjettet er at dette er det mest sannsynlige estimatet. P50 indikerer at det er 50% sannsynlighet for at prosjektet blir dyrare enn budsjettert og 50% sannsynlighet for at prosjektet blir billigare enn budsjettert. P85 indikerer at det er 85% sannsynlighet for at prosjektet blir billigare enn budsjettert.

Budsjett med prisnivå april 2022	SUM	Sula	Ålesund
Kostnadsramme - P50	1 828 995 592	391 498 624	1 437 496 968
Kostnadsramme - P85	2 068 820 153	439 483 820	1 629 336 333

Beløpet på 391,5 mill. kr. har vi prisregulert frå april 2022-nivå og fram til prisnivå for 2024. Dette fordi budsjett/økonomiplan 2024-2027 avlegges i "2024-kroner". Vi har benytta 3,6% prisregulering for perioden mai-desember 2022 (KPI for denne perioden), 5,8% for 2023 (forventa KPI for 2023), og vidare 2% for 2024 (SSB sin forventa KPI for 2024 er 4%. Vi har brukt 2% med tanke på at investeringane fordeler seg likt ut over året). Investeringsbeløp for Sula kommune blir då 435,7 mill. Dersom vi hadde lagt P85 til grunn hadde budsjettert totalbeløp blitt 489,1 mill (med prisnivå 2024).



Diagrammet til venstre viser forventa utvikling i årsgebyr. Eit «normalgebyr» for avløp var i 2021 på ca 6.700kr. Det er forventa ei auke i avløpsgebyr på ca 12.000kr i 2029 samanlikna med 2021. «Forenkla» kan auka forklarast slik:

Finansutgifter	Beløp
Investeringsutgift	435 700 000
Avskrivning 40 år	10 892 500
Renter	4,4 % 19 170 800
SUM rente og avskrivning	30 063 300

Antall abonnenter	3 000
Gebyr per abonnent	10 021
Merverdiavgift	2 505
Gebyr inkl MVA	12 526

3. Kultur og oppvekst

Barn som veks opp i Sula skal oppleve relevans, utfordringar, samanheng og mestring kvar dag i læringsreisa si. Alle skal møte høge forventningar og få kompetent hjelp når dei treng det. Barn som veks opp i Sula, skal fullføre vidaregåande skule.

Visjonen i Kultur og oppvekst illustrerer vi slik for perioden 2022 – 2032.



«Saman om læringsreisa»

Visjon

«Sula skal vere den leiande kultur- og friluftskommunen i Ålesundsregionen med aktive innbyggjarar som opplever samkjensle og identitet.»

Visjon for kultureininga

Kultur for alle!

Kommuneplan

Frå Samfunnsdel 2010 – 20 (K-sak 35/11) kap. 3.2:

« Førebyggjande innsats samt trygge og gode oppvekstvilkår. Ein må oppretthalde og vidareutvikle førebyggjande tilbod til barn og unge i kommunen, både i form av fritidstilbod, helserelevante og pedagogiske tiltak.»

Lovgrunnlag

Innbyggjarane sine rettigheter inn mot KO-sektoren er regulert i:

Lov om barnehagar (barnehagelova)

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, inkl. §13-6 Musikk- og kulturskoletilbod.

Lov om helse- og omsorgstenestene (helsesjukepleiar/skulehelsetenesta)

Lov om barnevern


Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere

Lov om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd (Kulturlova) og

Lov om folkebibliotek

I tillegg ei rekke forskrifter (t.d. fag- og timebyteplan, læreplanane for fag og rammeverk), rundskriv og Barnekonvensjonen til FN.

Organisering



Demografi

1531 Sula

Kjønn: Begge kjønn
Aldersgruppe: 0-17 år



Årskull ved dagens skulekretsgrenser (Fiskarstranda og Måseide slått saman)

Fødselsår	Langevåg skulekrets			Rørstadmarka			Solevåg skulekrets			Sula U	Alle Sum
	Jenter	Gutar	Sum	Jenter	Gutar	Sum	Jenter	Gutar	Sum		
2021	30	27	57	16	11	27	11	11	22		106
2020	35	26	61	13	13	26	9	14	23		110
2019	20	26	46	15	14	29	17	8	25		100
2018	23	39	62	11	17	28	14	15	29		119
2017	35	38	73	14	18	32	16	19	35		140
2016	29	46	75	18	22	40	8	14	22		137
2015	30	38	68	15	20	35	9	21	30		133
2014	35	43	78	12	20	32	18	11	29		139
2013	42	33	75	14	20	34	17	19	36		145
2012	37	43	80	13	11	24	16	21	37		141
2011	37	44	81	18	16	34	18	17	35		150
2010	46	38	84	20	15	35	14	16	30		149
2009	36	36	72	19	13	32	21	23	44		148
2008										112	112
2007										121	121
2006										133	133

Tala i tabellen vil ikkje stemme 100% då dette er tal på born på folkeregistrert adresse. Det vil seie at born som går på private skular vil også vere med her og det kan vere born som går på skule i Sula, men som ikkje er folkeregistrert i kommunen. Tilflytta born etter 2021 er heller ikkje med.

Ved oppstarten av skuleåret 2023/24 er det i Sula 1375 born fordelt på tre barneskular og ein ungdomsskule. I barnehagen er det om lag 600 barn fordelt på fire kommunale barnehagar og fire private. Om lag 46% av borna går i kommunal barnehage.

Grafen og tabellen syner ein liten nedgang i barnetal dei neste åra. Prognosa for nedgang i barnetal er svært usikker. Talet på elevar i skulen vil auke til og med 2025, spesielt er det ungdomsskulen som no vil merke dei store barnekulla. Det vil nok bli ein nedgang etter 2025, men kor lenge det varer er usikkert og er heilt samanfallande med antall fødsjar og tilflytting til kommunen.

Det er alltid knytt usikkerheit til denne type anslag, men den gir ein god peikepinn på korleis det kan sjå ut i Sula kommune i åra framover. Sjølv om det har vore ein liten nedgang i fødsjar så har Sula kommune fortsatt ein stor andel av befolkninga i aldersgruppa 0-17 år og det ser ut til at i fortsetjinga også kjem til å ha ein høg andel. Per i dag ligg vi høgare enn landssnittet på andelen barn/unge i aldersgruppa 0-17, snittet for fylket og Norge er på om lag 20%. I oppvekstprofilen for 2023 er det berekna at Sula har 24,6 % av innbyggjarane i denne aldersgruppa.

Tal personar i aldersgruppa											
0-17 år		18-49		50-66		67-79		80-89		90+	
2019	2030	2019	2030	2019	2030	2019	2030	2019	2030	2019	2030
2313	2291	3920	4273	1702	1964	857	1150	311	458	90	90
Aldersgruppa si del av befolkninga											
0-17 år		18-49		50-66		67-79		80-89		90+	
2019	2030	2019	2030	2019	2030	2019	2030	2019	2030	2019	2030
25,2	22,4	42,6	41,8	18,5	19,2	9,3	11,2	3,4	4,5	1,0	0,9

Ressursar

STILLINGAR KULTUR OG OPPVEKST	2024	2023	2022	2021
SUM	269,73	271,33	270,44	272,35
Kultur- og oppvekstadministrasjonen	1,00	1,00	1,00	1,00
Solevåg skule	25,25	25,07	25,43	25,43
Måseide skule	0,00	0,00	11,57	11,57
Fiskarstrand skule	0,00	0,00	14,23	14,23
Langevåg skule	44,45	47,04	47,04	48,84
Sula ungdomsskule	45,45	45,45	45,45	44,68
Solevåg SFO	3,22	3,20	3,03	3,03
Måseide SFO	0,00	0,00	2,21	2,21
Fiskarstrand SFO	0,00	0,00	3,20	3,20
Rørstadmarka SFO	4,31	4,60		
Langevåg SFO	3,46	3,95	4,82	4,82
Sunde Barnehage	9,00	9,00	9,00	9,00
Måseide Barnehage	18,00	16,00	16,00	16,00
Langevåg Barnehage	25,50	25,50	25,50	25,50
Molvær Barnehage	14,00	16,00	16,00	16,00
Vaksenopplæring etter Oppl-lov, kap 4-2(Molvær senter)	3,03	3,03	3,03	3,03
TBU (Barnev., Helsest, PPT og spe.sped. bhg)	35,70	36,20	34,60	33,60
Kultureininga (eigen tabell)	10,94	10,94	10,21	10,21
Rørstadmarka skule	26,42	24,35	-1,88	0,00

Kommentar til stillingsplanen

Stillingsplanen stemmer godt for TBU, Kultur og barnehagane. Her er det faste heimlar som kun vert justert ved K-vedtak. For skulane gjer vi endring på budsjettramma til einingane (elevsjekken) frå år til år slik at ein tek omsyn til endring i klassetal og elevar, dette gjer at også antal årsverk vil variere noko. Måseide og Molvær barnehagar har mellombels ei endring i årsverk som er spesifisert i kommentarar frå einingsleiar.

Stillingar	Antal tilsette	Antal årsverk 2023 (pr.aug.)	Antal årsverk 2022 (pr. 31.12.)
Kulturleiar/administrasjon	1	1	1
Kulturskulen m/rektor	11	5,65	5,59
Bibliotek m/biblioteksjef	4	2,35	2,35
Fritidsklubb	2	0,90	0,90
Utekontakt		1	1
Koordinator for ungdomsråd		0,1	0,1
Sum årsverk		11	10,94

Kultur og oppvekst

Skule. Det er eit stort løft for Sula kommune at vi ved skulestart 2022 endeleg er i drift ved Rørstadmarka skule. Ein flott, ny skule med idrettshall som er framtidsretta og tilrettelagt for læring på alle område.

Frå skuleåret 2011 og fram til skulestart no i 2023 har elevtalet auka med 246 elevar. Sjølv med innføring av lærarnorm har antallet lærarar auka berre med 16 (Kilde: GSI), dette er kun antallet og seier ikkje noko om antal årsverk. I tillegg er det innført valfag på alle trinn i ungdomsskulen og ein ny time i naturfag på mellomtrinnet. Det betyr at timetalet for elevane har auka. Tiltaka er underfinansiert og inneber dermed innstrammingar. Ei berekning gjort for Arbøt våren 2021 syner at skulane i Sula får dekkja berre 75% av utgiftsbehovet sitt, vi har av dei lågaste driftskostnadane per elev i vår Kostragruppe.

Kvar ny klasse (før norm) skal minimum ha ein lærar i kvar time. Deretter kjem timar til å dele klassen i praktiske fag og timar til enkeltvedtak om spesialundervisning etter tilråding frå PPT. Nokre elevar har også assistent gjennom dagen, grunna helsetilstand/store funksjonsnedsettingar. Ein ser i både barnehage og skule ein auke i elevar som av ulike årsakar treng tettare oppfølging enn det dei kan få i ordinær klasseromsundervisning. I snitt trengs det minimum 1,4 årsverk i barneskulen og 2 årsverk i ungdomsskulen for å dekke oppgåvene i ei ny klasse. Innstramminga over fleire år, gjer at ein stor andel Sulabarn får ei kvalitativt mindre god opplæring.

Skulane har dei siste åra hatt eit meirforbruk og når dei skal redusere aktivitet for å halde budsjetta sine så er det oppfølging av dei mest sårbare ein må redusere på. Lærarnormen gjer at det er på fagarbeidar/assistent sida ein kan redusere, men det vil smerte og føre til stor belastning for både tilsette og born.

Ressursknappheit i skulen går først og fremst utover opplæringa og oppfølginga til dei mest sårbare borna, men det påverkar også kvaliteten på opplæringa generelt, og høge krav i kombinasjon låg lærartettleik (store grupper) medfører stort press på dei tilsette. Andelen born som treng spesialundervisning er framleis høg. Det er også slik at når timane til generell styrking i skulen går ned så aukar antall meldingar til PPT fordi ein har mindre handlingsrom for å hjelpe og støtte det enkelte barnet. Men, sidan fleire vedtak om spesialundervisning – sjølv om det er lovpålagt – ikkje fører til høgare ramme betyr dette at ein større andel av timane må brukast til spesialundervisning og det blir enda færre timar att til det ordinære tilbodet og til den tilpassa opplæringa. I tillegg er det lovpålagt med intensivopplæring på 1.-4.trinn om ein har elevar som treng dette, jmf. Forvaltningsrevisjon vår 2023.

Fagfornyninga vart innført i heile landet frå hausten 2020. Dette er den største omlegginga av skulen sidan 2006 og har medført ei endring av faga på alle trinn. Nytt innhald i faga og nye fag gjer at skulane har eit stort behov for utskifting av læreverk og mange treng også kompetanseheving for å stette dei nye krava. Den digitale utviklinga gjer at behovet for digitale læremiddel er like stor som

behovet for læreboka, men der ein betaler ein gong for ei bok så krev forlaga årlege lisensar for dei digitale læremidla – dette er ein stor kostnad for skulane.

I kommunedirektøren sitt forslag er det lagt inn eit forslag om å styrke ramma til skulane med 5,5 million – dette med bakgrunn i kommunestyret sine vedtak K – 074/22 og 038/23. I tillegg ligg eit forslag om å styrke Langevåg skule og Sula ungdomsskule med hhv 1 million kvar til arbeid med flyktningar.

SFO. Intensjonen med SFO er at ordninga skal møte foreldra si arbeidstid med ein stad borna kan vere før og etter obligatorisk skuletid. Her skal borna få omsorg, mat, kvile, men og få høve til å utfalde seg utifrå eigne interesser saman med andre i ein arena som bidrar til å trygge born sine oppvekstvilkår og kan ha førebyggjande effekt. SFO skal vere ein plass der ungar vert sett og får utfalde seg gjennom eit mangfald av aktivitetar. Gode SFO-ar er tilpassa borna sine behov og lokal kultur. Frå og med hausten 2021 har det kome ein nasjonal rammeplan for SFO. Dette gjer at fokuset på kvalitet og innhald i SFO er enda tydelegare enn før. I Sula er det i snitt knapt 16 born per vaksen (stor variasjon mellom dei tre SFO'ane som truleg skuldast samanslåing av dei to minste). I Sula har det tradisjonelt vore ein relativt høg andel familiar som har nytta seg av ordninga. Vi ser ein liten auke i antall barn frå i fjor til i år. Det kan vere tilbodet om gratis 12 timar SFO for 1. og etterkvart 2.klasse som gjer utslaget. Det vart vedteke ei innsparing for SFO i 2021 og for 2022 som gjer at frå 2022 skal SFO drivast etter sjølvkostprinsippet. Denne innsparinga førte til ei vedtektsendring der ein følgjer dei kommunale barnehagane og har stengt i romjul og påskedagane.

Kommunedirektøren foreslår å justere foreldrebetalinga med kommunal deflator, dette vil gjelde for alle dei forskjellige plasstypene. Det er frå sentralt hald vedteke redusert foreldrebetaling for føresette med lav inntekt, dette gjeld frå 1.-4.trinn. Det er også vedteke at elevar med særskilte behov på 5.-7.trinn skal ha eit gratis SFO-tilbod. I Sula kommune vil ein også for 2024 ha to plassar til dette formålet. I tillegg til dette er det innført 12 timar gratis SFO for elevar på 1. og 2.trinn.

Sidan matvareprisane har auka må kostpengane både for SFO og barnehage aukast for 2024.

Vaksenopplæring. Stillingane er knytt til opplæring på Molvær senter (rehabiliterande og habiliterande opplæring etter opplæringslova kap. 4A-2). Frå og med hausten 2019 er vaksenopplæringa i Sula ein del av Sula ungdomsskule med felles rektor. Det er tilsett ein undervisningsinspektør som har ansvar for den daglege drifta, det vil seie administrasjon av opplæringa ved Molvær senter samt koordinering og oppfølging av dei tenestene ein kjøper i anna kommune (p.t. Ålesund kommune).

TBU – tiltakseining for barn og unge. Samorganisering av dei tre fagområda helsestasjon/skulehelseteneste, barnevernet og PPT og eit tett samarbeid med barnehagar og skular har styrka kvaliteten i tilbodet til barn og unge i Sula. For enkelte innbyggjarar er dessuten tverrsektoriell samhandling ein kritisk suksessfaktor. Det er mange eksempel på at eit tett samarbeid aukar kvaliteten i den hjelpa som vert gitt. Med veksten i barnetalet og nye, omfattande og statleg definerte oppgåver i TBU, strevar faginstansane med å ta unna meldte saker. I alle tre faginstansane deler dei tilsette i TBU uroa i barnehage og skule over at dei ser mange som burde hatt meir hjelp.

Ved hjelp av prosjektmidlar og omfordeling av midlar internt har ein etter kvart fått på plass i TBU tiltaksstillingar for å kunne yte tidleg innsats. Ein har ei familierådgjevarstilling i barnevern, tiltaks koordinator som er knytt til helsestasjon, psykososial rådgjevar og ungdomsLos knytt til PPT. Stillinga psykososial rådgjevar er omgjort til rådgjevar i PPT for å kunne ta unna den store auken i tilmeldingar. UngdomsLos er eit tiltak som er finansiert ut 2023.

Helsestasjon og skulehelsetenesta si oppgåve og kompetanse i Sula er å avdekke og forebygge helseproblem hos barn og ungdom 0-20 år. Helsestasjonen har 100% stilling som psykiatrisk

sjukepleiar. Det er avgjerande for heile sektoren at helsestasjonen er rigga til å arbeide systematisk med førebyggjande tiltak og tidleg innsats.

Når innbyggjarane vert gravide, skal dei få tilbod om svangerskapskontroll i tilknytning til helsestasjon. Dei som arbeider i tenesta har ei viktig rolle i å sikre ein god omsorgssituasjon gjennom tiltak for å styrke foreldra si mestring i foreldrerolla, førebygge, avdekke og avhjelpe rusproblematikk og vald i nære relasjonar – og samarbeide tett med barnehage, skule, PPT og barnevern for å følgje opp uro for eit barn.

Når barnehagen aukar med ei avdeling eller skulen med nye klasser, er auken like mange nye brukarar i denne delen av tenesta. Når rapportar om helsetilstanden i Sula syner at mange ungdommar slit psykisk, så kan innsatsen frå helsesjukepleiar vere nett det som hjelp ungdommen til å ta betre vare på seg sjølv og helsa si og unngå varige helseproblem.

Vidare skal tenesta avdekke nedsette funksjonar hos barn og samarbeide om habilitering av barn og ungdom med spesielle behov, som kronisk sjukdom og funksjonsnedsetting. Skulehelsetenesta er og, saman med barnehage, skule og PP-tenesta, viktige aktørar i arbeidet med å fremje barn og unge sitt lærings- og utviklingsmiljø- og bidra til å legge til rette for godt psykososialt og fysisk miljø for borna i skule og barnehage. Helsesjukepleiarane samarbeider med omsorgstenesta og andre helsetenester i HS om tilbod til enkelte born og unge (IP).

PPT si oppgåve og kompetanse er å bidra til heilskap og samanheng i opplæringa i Sula for born i alderen 1-15 år som treng tilpassing ut over det barnehagen og skulen sjølv utan vidare har kompetanse på. Dei har også kap 9A kompetanse. Med ein auke i barnetalet gjennom fleire år så har også *PPT* sine oppgåver auka. Det er heller regelen enn unntaket at det i kvar avdeling og i kvar klasse er eitt eller fleire born som treng ekstra oppfølging og tilrettelegging, t.d har det så vanskeleg at åtferda krev eit ekstra blikk og ekstra hender. *PPT* har ansvar både for å rettleie lærarar og assistentar ute om korleis dei best kan legge til rette for barnet/eleven si læring i fellesskapet, dvs arbeidet med tidleg innsats. Gjennom siste året har auken i meldingar til *PPT* vore på 40% og det er dessverre veldig lange ventelister.

Rettleiingsansvaret til *PPT* er knytt til både fagleg og sosial læring og skulemiljø/forebygging av mobbing. *PPT* har også eit rettleiingsansvar for barnehagane – både private og kommunale. *PPT* skal i tillegg gjere utgreiingar og undersøkingar når pedagogen/ læraren og foreldra ikkje har tilstrekkeleg kompetanse til å avdekke kva tiltak som kan gi eit barn den tilrettelegginga det har krav på. Undersøkingane skal gi råd om korleis dei tilsette og føresette kan hjelpe barnet. Dei borna som ikkje går i barnehage har også rett til hjelp frå *PPT* og dei som er elevar ved vaksenopplæringa etter opplæringslova kap 4A-2 er også *PPT* sitt ansvar. I tillegg har Sula kommune ansvar også for elevar som går på private skular i andre kommunar eller går i barnehage i anna kommune.

Frå og med 2021 er det ei omfattande omlegging av tenester til barn og unge i Norge – kalla «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis». Dette er ei eit tiltak for at hjelpa til barnet skal vere nærare der barnet er og at ein over ei femårsperiode skal auke kompetansen til dei som arbeider i laget rundt barnet. Ein ser satsinga tett opp mot ei omorganisering og nedskalering av Statped sine tenester. *PPT* er ei viktig brikke i denne satsinga, men det følgjer ikkje ressursar med anna enn til kompetanseheving.

Barnevernstenesta si oppgåve og kompetanse er å bidra til at barn og unge i Sula har trygge oppvekstvilkår med forsvarleg omsorg. Får barnevernet melding om barn og unge frå 0-18 år som lever under tilhøve som kan vere skadeleg for helse og utvikling skal dei undersøke saka og gi naudsynt hjelp som sikrar betre omsorg, primært i heimen/ i anna nær familie, eller når det er best for barnet; i fosterheim eller institusjon. Om det er aktuelt med ettervern har barnevernet ansvar til ungdommen er 25 år. Å sikre at borna som er under omsorg av barnevernet fullfører skulegangen er eit nasjonalt satsingsområde. Det er framleis stort press på kapasiteten og den er ytterlegare pressa etter at barnevernet frå 01.01.22 fekk overført fleire statlege oppgåver. Det er særskilt knytt til oppfølging av fosterheimar som no er ei kommunal oppgåve. Når vi veit at saksmengda per sakshandsamar i barnevernet er større allereie enn samanliknbare kommunar så betyr dette ei vesentleg oppgaveauke for ei pressa teneste.

Bustaden for EMF er erstatta med lettare tiltak. Frå og med 2022 vil Sula kommune ikkje lengre få tilskot. Det betyr at TBU fortsatt har kostnader knytt til tiltak, men utan at ein får tilskot.

Det er i kommunedirektøren sitt forslag lagt inn eit forslag om å styrke helsestasjonen med ei stilling knytt til oppfølging av flyktningar og koordinering av flyktningehelseteamet.

Utviklingsarbeid

Skulane arbeider for å bli dysleksivennlege skular. Sula ser dette arbeidet i sammenheng med arbeid med inkludering som er ei felles satsing for skulane, barnehagane og PPT. Vi har eit samarbeid med Høgskulen i Volda på dette og ein nyttar kompetansepakane som Utdanningsdirektoratet har laga.

Sula kommune er BTI kommune og det å vidareutvikle og arbeide med fortsatt implementering av dette er eit fokus i alle einingane. Som ein konsekvens av BTI og for å stette personvernlovgivinga har vi innført digitale verkty for å ha digital samhandling mellom einingane og føresette og mellom einingane. Det er viktige ressurspersonar i alle einingane som held tak i arbeidet med dette. Med tanke på barnevernsreforma og Kompetanseløftet så er BTI ei viktig satsing for Sula kommune. Vi har allereie på plass dette og i lag med mange andre tverrfaglege lavterskeltilbod så har vi starta å bygge eit godt lag rundt barnet. Vi er ikkje i mål, men vi er på god veg. Ein kan lese meir om BTI her: [Sula – BTI – Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Sula kommune \(betreinnsats.no\)](https://www.betre.no/om-betre/betre-tverrfagleg-innsats-for-barn-og-unge-i-sula-kommune)

Kultur og oppvekst fekk hausten 2022 vedteken «Kultur og oppvekstplanen» - dette er ein tiårig strategiplan for sektoren. Kvar enkelt eining må implementere måla i denne i sitt arbeid. Eit av kapitla går på internasjonalt utdanningssamarbeid og der er det ei målsetting om at alle einingane skal ha eit internasjonalt samarbeid. Ein ser at mange er godt i gang. Sula kommune vart akkreditert av EU-kommisjonen frå januar 2023 og fram til utgangen av 2027. Det betyr at Sula kommune får finansiert det internasjonale samarbeidet av EU. Det betyr også at fleire europeiske land vil sende tilsette til Sula for å sjå korleis vi arbeider med kultur og oppvekst her. Det er ei nyttig kompetanseheving for våre tilsette og med den urolige situasjonen i Europa er det viktigare enn nokon gong at ein har eit godt samarbeid på tvers av landegrensene på mange område.

Den enkelte eining har også «lokale» utviklingsarbeid som er omtala i einingsleiarane sine kommentarar.

Digitalisering

Det har over fleire år vore søkelys på digitalisering i kultur og oppvekst. Ein til ein dekning med læringsbrett for alle elevar har vore ein stor suksess og ført til ei meir variert opplæring for våre elevar. Sula kommune er også ein av dei få kommunane i Norge der vi har inkludert kulturskolen i denne satsinga. Det gjer at elevane som går i kulturskolen får tilgang på appar dei treng i kulturskuleundervisninga på sine læringsbrett. Frå og med hausten 2022 er læringsbrett einaste arbeidsverktøyet for tilsette i oppvekst. Det gjer at leasingkostnadane har auka, både på grunn av generell prisvekst og antallet læringsbrett har auka. Gevinsten er at alle tilsette har eige læringsbrett, det har ikkje vore tilfelle før då dei fleste fagarbeidarar og assistentar har delt utstyr. Det ligg og ei innsparing ved at ein ikkje treng å kjøpe nye pc'ar til pedagogane i skule og barnehage. For pedagogane i skule har det ikkje vore kjøpt inn nye sidan 2013.

Gjennom pandemien har ein sett ein stor fordel med at tilgangen på utstyr har vore god og at tilsette og elevar har god opplæring i bruken av ulike program og appar.

Det har også vore ein stor fordel at alle i sektoren fekk tilgang på Office 365 då det har gjort det enklare med samarbeid.

Personvern og datasikkerheit er noko sektoren sett høgt. Sektoren har difor lenge vore på leit etter eit system der ein for eksempel kunne skrive IOP for elevar med spesialundervisning. Hausten 2020 og våren 2021 har sektoren i samarbeid med helse innført eit system som heiter Dipps samspel. I denne løysinga kan ein skrive IOP/IUP/IP og legge til t.d. føresette slik at dei har tilgang til dokumenta. I tillegg har vi to modular som heiter «enkelt samspel» og «stafettlogg». «Stafettlogg» nyttast når fleire instansar skal samarbeide og samhandle om eit barn, t.d. føresette, skule, barnevern og PPT. Frustrasjonsnivået er nok høgt når nye program skal takast i bruk, men på sikt vil desse systema gjere at kvaliteten på dette området blir heva betrakteleg.

Friskus aktivitetskalender har vore eit løft for samarbeidet mellom kommunen og dei frivillige. Når ein har ein felles portal som innbyggjarane finn enkelt på kommunen si heimeside så er det enklare å navigere i alle tilbod og arrangement. utfordringa ligg i å få alle til å ta den i bruk slik at ein får ei felles oversikt.

Sektoren vil utvikle seg vidare og vi held på å innføre ein samtykkeportal der føresette kan gi og trekke diverse samtykke og skulane og barnehagane lett kan ta ut rapportar. I tillegg har vi fått på plass ein app der føresette kan logge seg inn og melde fråvær for sine born, sjå timeplan, sjå kva aktivitetar som skjer til ein kvar tid og einingane kan legge ut diverse informasjon. No er neste steg at alle skulane tek i bruk løysinga fullt ut.

Sula kommune har vore med å utvikla eit system som heiter «Sikker notatblokk». Det betyr at alle notat som tilsette i oppvekst gjer i løpet av ein dag, no kan gjerast sikkert i eit system med sikker

pålogging og der du lett finn dei malane du treng og kan dele med kollegaer eller leiar. Vi gler oss til gule lappar og notatbøker med sensitiv informasjon er historie.


Rammer: - utvalgte Kostratal

Kostra 2022

Barnehage


I Sula har vi relativt høge driftsutgifter samanlikna med andre kommunar, men vi har høg dekningsgrad og relativt mange 0 åringar i barnehagane. Det er også fleire barn i private barnehagar enn i kommunale og det gjer sitt til at driftskostnadane blir høge.

Netto driftsutgifter per innbygger til barnehage:




Dekningsgrad

Andel barn 1-5 år med barnehageplass (B)



	2019	2020	2021	2022
Sula	98,4 %	100,0 %	98,0 %	99,2 %
Giske	91,4 %	94,7 %	95,4 %	94,2 %
Sykkylven	93,3 %	94,9 %	95,0 %	95,0 %
Kostragruppe 01	92,3 %	92,5 %	93,1 %	93,2 %
Landet uten Oslo	92,4 %	92,9 %	93,6 %	93,6 %
Møre og Romsdal	93,7 %	94,6 %	95,4 %	94,9 %
Ålesund	92,9 %	94,1 %	94,2 %	94,3 %


Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år




Grunnskule

Driftsutgiftene er låge medan utgiftsbehovet er stort. Dette må ein sjå i samanheng med at vi har ein stor andel av innbygarane våre i denne aldersgruppa. Særleg uroleg må ein vere for at bemanninga i skulane er så lav som ho er, det ser ein på gjennomsnittleg gruppestørrelse der vi jamt over ligg høgare enn andre og der ungdomsskulen kjem spesielt dårleg ut.


Netto driftsutgifter per innbygger 6 – 15 år



Gjennomsnittlig gruppestørrelse 1. – 10. årstrinn




Andel innbyggere 6 – 9 år i kommunal og privat SFO



	2019	2020	2021	2022
Sula	55,6 %	55,2 %	51,5 %	56,6 %
Giske	53,4 %	51,7 %	50,3 %	49,5 %
Sykkylven	50,4 %	41,6 %	44,1 %	53,2 %
Kostragruppe 01	51,3 %	48,0 %	49,9 %	55,2 %
Landet uten Oslo	57,7 %	54,7 %	57,4 %	62,4 %
Møre og Romsdal	55,7 %	52,8 %	56,2 %	61,1 %
Ålesund	61,5 %	57,5 %	63,2 %	67,3 %


Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring



	2019	2020	2021	2022
Sula	97,3 %	97,6 %	98,3 %	98,5 %
Giske	99,1 %	97,2 %	97,6 %	98,2 %
Sykkylven	99,0 %	100,0 %	98,6 %	98,3 %
Kostragruppe 01	98,0 %	98,1 %	97,6 %	97,7 %
Landet uten Oslo	97,8 %	97,9 %	97,7 %	97,8 %
Møre og Romsdal	98,4 %	98,8 %	97,9 %	97,8 %
Ålesund	98,9 %	99,4 %	98,7 %	98,2 %

Barnevern

Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år




Årsverk i barnevernet per 1000 barn (0-17)




Helsestasjon

Netto driftsutgifter til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. Pr. innb. 0-20 år




Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10000 innbyggere 0-20 år




Kultur:


Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger



Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud barn og unge, per innbygger 6-18 år



Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk – og kulturskole, av ant. Barn



Kompetanse og kvalitet

Den viktigaste ressursen ligg i eit kompetent og kapabelt personale. Både formell kompetanse og at du er eigna og får god rettleiing, er viktig når du skal arbeide med barn si utvikling og læring. Tilsette i barnehagen er nøkkelpersonar i ein god oppvekst. Dei observerer dei minste kvar dag over fleire år. Dei er, i tillegg til foreldra og helsestasjonen, dei næraste til å fange opp tidleg om nokon treng hjelp. Det er viktig at dei veit kva dei da skal gjere og har handlingsrom for å gjere dei rette grepa. På same

måte er den profesjonelle læraren si rolle godt dokumentert; læraren som får gode relasjonar til elevane, som er trygg fagleg og didaktisk, og som er ein god leiar av læringsarbeidet i klassen, får elevar som yt sitt beste og trivst fordi dei meistarar. Dess betre relasjon læraren har til kvar enkelt elev, dess betre vert forholdet mellom elevane – slik bygger den gode læraren godt klassemiljø og demmer opp for mobbing. Dette er kompetanse ein må ta vare på og vidareutvikle.

For å lukkast i arbeidet er godt leiarskap og tid til å utføre denne delen av leiaroppgåva, avgjerande. Ein felles plattform for leiarskap, som og styrarane i private barnehagar har vore aktivt med på å utforme, definerer verdigrunnlaget for leiing, og metoden for systematisk organisasjonsutvikling som skal brukast i einingane for å utvikle ei kunnskapsbasert vaksenrolle i alle fagområda. Eit viktig prinsipp er medskaping i personalet og å sikre at dei tilsette lukkast i sine møter med borna og familiane i Sula.

Vidareutdanning

Kompetansekravet til undervisningsstillingar har vore omdiskutert og det er ute på høring nye bestemmelsar om dette. I barnevernet har det kome eit krav om master og/eller vidareutdanning for dei som allereie er tilsett. Sula kommune meiner det er viktig å legge til rette for at tilsette kan nytte statlege ordningar slik at dei får tatt relevant vidareutdanning.

Det er bindingstid i tråd med personalreglementet for dei som får støtte til vidareutdanning.

Behov for nye tiltak i kultur og oppvekst

Opplæringslova vart endra frå august 2018 slik at skulen no har plikt til å sette inn tiltak dersom born vert hengande etter i kjernefaga på 1.-4.trinn. Frå same tid vart det innført lærarnorm i skulen, med innskjerping frå 2019. I barnehagane vart pedagognorma skjerpa frå 01.08.18. Oppveksten kjem ikkje i reprise. På den eine sida betyr det at dei tiltaka ein sett inn tidleg gir gevinst heile livet og på den andre sida så vil forsømming kunne ha alvorlege konsekvensar, både for den som ikkje får hjelp og for samfunnsøkonomien.

Einingsleiarane i kultur og oppvekst er nøkterne i dei behova som er meldt, dei har meldt behov både innan drift, eigedom og IKT. Samla for kultur og oppvekst er det for 2022 meldt inn driftstiltak som summerer seg til 19,3 million.

Skulane melder om behov for stillingar. Totalt melder skulane eit behov for fleire årsverk for å dekke nødvendig opplæring og tilrettelegging for alle elevar. Sula ungdomsskule melder om eit fortsatt behov for å skifte ut/supplere møblar, dette fordi elevtalet aukar og at det med åra har vorte fleire tilsette som har krav på arbeidsplass. Det var ikkje kjøpt inn nye bord/stolar/arbeidsplassar då skulen vart renovert. Langevåg skule melder også om eit behov for utskifting av pulter og stolar, dei fleste møblane er tatt med frå gamle Langevåg og Molvær skule. Skulane melder om eit behov for alternativ opplæringsarena for fleire elevar, ein ser at ei stadig større gruppe elevar slit med å mestre ein ordinær skulekvardag. Ei satsing på ein alternativ opplæringsarena og samstundes satse på miljøterapeutar inn i skulen er det rektorane meiner skal til for at fleire skal mestre skulekvardagen.

I TBU merkar ein godt det auka barnetalet gjennom dei siste åra i Sula.

Her melder einingsleiar eit behov for å auke ramma til logopedhjelp og auke ramma til § 37. Paragraf 37 vil seie vedtak om midlar til tilrettelegging for barn med nedsatt funksjonsevne i barnehagane. Per i dag har vi eit stort meirforbruk på denne posten og det blir meldt behov for tilrettelegging for mange barn ute i barnehagane (gjeld både private og kommunale).

Som nevnt tidlegare i kommentaren er det midlar til UngdomsLos kun ut kalenderåret 2023. Einingsleiar ber difor om midlar til ei 80% stilling.

Barnevernsreforma har kome for fullt i 2022 og med det er det overført oppgåver frå stat til kommune. Dette merker også barnevernet i Sula godt. Kvar sakshandsamar har ei stor arbeidsbelastning og mange saker per tilsett. Frå 1.januar har i tillegg det kommunale barnevernet ansvar som staten tidlegare hadde, spesielt i høve fosterheimar. Refusjon frå staten er vekke og kommunen har fått alle kostnader knytt til fosterheimane. TBU ber difor om 0,25årsverk til kontaktperson for å kunne imøtekomme ønske om ei 100% stilling for tilsett.

I skulehelsetenesta stettar vi per i dag normkravet for helsesjukepleiarar. Dette klarer Sula kommune ved hjelp av tilskot frå Helsedirektoratet. For å få dette tilskotet må kommunen stille med ein eigenandel og TBU ber difor om 0,35 årsverk for å kunne søke om vidare tilskot frå direktoratet.

Kultursektoren melder om behov for å styrke kultur og kulturskuleadm. Med 20% stilling.

Biblioteket ber om både investering på 180000 og ein årleg driftskostnad for å kunne installere meirope bibliotekløysing. Dette vil gjere at ein kan nytte biblioteket også utanom ordinær opningstid.

Budsjettprosessen

Talbudsjett 2024 vert i hovudsak utarbeidd innanfor ramma av 2023 budsjettet, justert for løns- og prisvekst og pensjonskostnader. For barnehagane er budsjetta utarbeidd ved hjelp av egne rekneark på samme måte som tidlegare år.

Driftsbudsjettet til Sulaskulen for 2024, vert også lagt innafør 2023 ramma, uavhengig av endra føresetnader (t.d. nye ressurskrevjande elevar og nye klassar i året ein legg budsjettet for.) Ramma er redusert med dei tiltaka som har lagt inne siste året. Administrasjonen matar inn nye nøkkeltal (ved skulestart inneverande år) i elevsjekken. Den endringa som då kjem fram i bunnlinja, syner kva det vil koste å oppretthalde kvaliteten i undervisninga. Med mindre ein får tilført nye midlar i budsjettvedtaket i desember, så må ein «skru» ned utgiftene på papiret til dei, oppsummert, tilsvarar revidert budsjett for 2023. Elevsjekken fordeler denne ramma mellom skulane etter objektive kriterier. Dette er ein lettare operasjon på papiret, enn ute i Sulaskulen, der alle skuleborna i Sula, også dei nye, allereie er. Auken i elevtal og innstrammingane dei seinare åra merkast godt ute i skulane og det er krevjande å få gitt alle elevar eit godt tilbod. Dersom ein skal redusere ytterlegare for skulane så må ein sjå på ytterlegare strukturendringar.

Nye tiltak som er meldt inn frå einingane, er ikkje lagt inn i budsjetta, men er framstilt i egne vedlegg og sortert etter om dei er innarbeidd i kommunedirektøren sitt framlegg eller ikkje.

Budsjettframlegg frå kommunedirektøren for kultur og oppvekst 2024 - 2027

(For fullstendig oversikt over innmelde behov og kva tiltak som er innarbeidd i budsjettframlegget, vert det synt til samla oversikt).

Drift

Det er fleire innmeldte behov enn det kommunedirektøren finn rom for i sitt forslag til budsjett og økonomiplan for 2024. I tabellen under er kommunedirektøren sitt budsjettforslag for KO i 2024:

OPPVEKST, RAMME FØR NYE TILTAK	290 151 606	290 151 606	290 151 606	290 151 606
KULTUR, RAMME FØR NYE TILTAK	11 622 483	11 622 483	11 622 483	11 622 483
Rammeauke skule	5 500 000	5 500 000	4 500 000	4 500 000
Helsesjukepleiar. Stilling knytt til flyktningarbeid	850 000	850 000	850 000	850 000
Langevåg skule. Stilling knytt til flyktningarbeid	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Sula ungdomsskule. Stilling knytt til flyktningarbeid	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Auke pga gratis plass kjernetid SFO for 2. klasse (12 t)	1 850 000	1 850 000	1 850 000	1 850 000
Kom. barnehagar. Auke pga redusert sats foreldrebetaling	1 400 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Priv. barnehagar. Auke pga redusert sats foreldrebetaling	1 500 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000
Auke som følge av gratis barnehage frå tredje barn i familien	50 000	50 000	50 000	50 000
Auke barnehage som følge av endring i kontantstøtteordning	240 000	520 000	520 000	520 000
Auke til førebuing av ny opplæringslov frå hausten 2024	100 000	240 000	240 000	240 000
Barnevernsreform	0	-350 000	-350 000	-350 000
KULTUR OG OPPVEKST, RAMME ETTER NYE TILTAK	315 264 089	318 734 089	317 734 089	317 734 089

Oppsummerande kommentar til budsjett for Kultur- og oppvekstsektoren 2024 - budsjettet

KO er den største sektoren i kommunen, med 10 driftseiningar og mange ulike oppgåver inn mot over 2000 barn og unge, og familien deira. I alle barnehagane og skulane er det born med utfordringar av ulike slag. Dersom ein kan møte behova deira tidleg, er mykje vunne.

Veksten i aldersgruppa 0-15 år har sprengt alle prognoser og utfordra både tenesteproduksjon og strategisk planlegging. Dei store kulla beveger seg oppover i grunnskulen, og nye bustadprosjekt berekna for barnefamiljar, er vedtekne i alle krinsane. Dersom Sula i framtida får behov for å auke kapasiteten i barnehagane igjen, vil det vere gunstig for økonomien totalt å prioritere å utvide Sunde barnehage til ein fireavdelingsbarnehage. Det inneber å bygge nytt, men det vil løne seg for kommunen å ha effektiv drift og kapasitet i dei kommunale barnehagane.

TBU, som i stor grad arbeider inne i alle barnehagane og skulane, har godt merka konsekvensane av veksten. Saman med lovendingar som set større krav til tenesteutøving og pålegg alle dei tre fagområda nye oppgåver, har veksten auka etterspurnaden og presset. Det er behov for ei avklaring om kva standard ein god oppvekst i Sula skal ha.



Dei tilsette har høge ambisjonar, vilje og kompetanse - i fleire samanhengar høgare enn rammene tillet. Dei veit at om dei får høve til å dreie fokus over på førebygging, parallelt med å handtere dei pågåande oppgåvene, er det god samfunnsøkonomi med relativt låg økonomisk innsats.



4. Helse og mestring

Gapet mellom sentralt uttrykte forventningar om tenester og ressursane kommunen har til å møte desse, er aukande. Demografiendringane er over oss. Innbyggerane får stadig nye lovfesta rettar og nye statlege reformer gir kommunane nye oppgåver. Effektar av samhandlingsreforma, nye behandlingsformer og effektivisering ved sjukehusa drar i same retning. Dei nye oppgåvene er oftast ikkje fullfinansiert. Vi opplever rekrutteringsvanskar for alle utdanningsnivå, men særleg for personell med utdanning frå høgskule/universitet. Fastlegeordninga er under press.

Helse og sosial kort fortalt:

- Berekna utgiftsbehov høgare enn landet og den er sterkt veksande (25%) komande tiår – demografiutfordring – eldrebølge
- Effektiv drift – lågare driftskostnader enn landet og kommunegruppa
- Stor etterspurnad etter tenester, større enn ein har klart å finansiere siste åra har ført til underfinansiering og meirforbruk
- Oppgåveoverføring frå spesialisthelsetenesta
- Ressurs- og kompetanseutfordring
- Sterk vekst i ressurskrevjande tenester
- Få plassar for heildøgns omsorg (HDO) og lite funksjonelle bygg – stort behov for investeringar
- Kontinuerlege omstillingar. Strukturforbetringar er igangsett.

For å møte desse utfordringane har kommunedirektøren i dei siste budsjettframlegga lagt fram ei tydelegare prioritering av helse- og omsorgstenestene. Profilen i satsinga følger nasjonale målbilde og «Bo trygt Hjemme-reforma», jf Stmeld 24, 2022-2023, samt strategiane i vår eigen Helse- og omsorgsplanen 2021 – 2025. Styrking av dei lågaste trinna i innsatstrappa – tiltak som gjer tenestemottakarane i stand til å klare seg lengre sjølv og med mindre bistand og ved det kunne unngå eller utsette høgare og dyrare trinn i innsatstrappa.

Visjon:

«Mestring og tryggleik for alle»

Tanken bak visjonen er at meistring er viktig i kvardagen for alle, frå dei største oppgåvene i livet til dei kvardagslege. Meistring er eit sentralt omgrep i alt rehabiliteringsarbeid. Opplevd meistring er ein føresetnad for tryggleik. Uthelse, funksjonstap og sosiale utfordringar trugar meistrings- og tryggleikskjensla til den enkelte, og det er i førebygginga, behandlinga, (re)habiliteringa og omsorga knytt til desse utfordringane at sektoren sine kjerneoppgåver ligg.

For å møte komande år med sterkt aukande behov innan helse- og omsorg på ein klok måte, må vi gjere det vi kan for å styrke innbyggerane si meistringsevne. Dette gjer vi best ved å:

- Bygge ut lågterskeltilbod og førebyggjande tiltak som fallførebygging/trimgrupper, dagsentera, kvardagsrehabilitering m.m.
- Styrke heimetenestene
- Auke bruken av meistrings- og velferdsteknologi

- Styrke rehabiliteringstenestene
- Bygge gode tenestebygg som legg til rette for rasjonell drift og rekruttering og utvikling av gode fagmiljø med kompetanse innan rehabilitering og meistring.

Lovgrunnlag:


Det meste av verksemda innanfor sektoren er regulert av ulike lover med ei lang rekke av forskrifter, rundskriv og retningslinjer. Vi går i retning mot eit ”rettighetssamfunn” der lovverket gir tenestemottakarane rettigheter som kommunen er pliktig til å yte. Sørge-for-ansvaret kommunane er pålagt er ganske grenseløst. Grensa for kva som er lovpålagt (godt nok) vert ofte definert av statsforvaltaren gjennom tilsyn og hadsamning av klagesaker.

Dei viktigaste særlovene er (ikkje uttømande liste):

- [Helse- og omsorgstenestelova](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetslova\)](#)
- [Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga \(sosialtenestelova\)](#)
- [Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid \(integreringsloven\)](#)
- [Psykisk helsevernlova](#)
- [Helsepersonellova](#)

Organisering:

Helse- og omsorgstenestene er organisert i 6 driftseiningar. Einingane varierer i storleik og kompleksitet. Kommunalsjef utøver kommunedirektøren sitt overordna ansvar og mynde for tenesteområdet. Einingsleiar har ansvar for fag, økonomi og personell og for løpande drift og utvikling av si eining. Alle har medansvar for heilskapen.



* NAV har to styringslinjer, ei til Kommunedirektøren og ei til Fylkesdirektøren.

Ressursar:

Stillingar

Tenesteområdet helse og sosial disponerer no 296 årsverk i bruk, før vedtak for 2024.

STILLINGAR HELSE OG SOSIAL	2024	2023	2022
SUM	296,63	289,80	262,38
Helse- og sosialadministrasjonen	1	1	1
Helseavdelinga (justering og styrking bud -23)	18,84	17,24	16,19
NAV - sosial (styring integreringstenesta)	9	7	7
Sulatunet (barnekoordinator)	52,2	51,9	51,9
Heimetenesta (styrking bud -23)	70,95	67,66	64,9
Butenesta (justeringar pga opning av jetmundgarden)	96,47	99	75,39
Bukollektiva (styrking bud -23)	48,17	46	46

Kompetanse

Tendensen siste åra med aukande spesialisering av oppgåver på primærhelsetenestenivå, fører til auka behov for internopplæring og for å rekruttere personell med fagutdanning. Vi merkar aukande konkurranse om arbeidskrafta, og har som dei fleste kommunar rekrutteringsutfordringar. Samhandlingsreforma og den teknologiske utviklinga har ført til oppgåveforskyvingar som ytterlegare har auka behovet for spesialisering på kommunenivå. Viljen og interessa til å skaffe seg etter og vidareutdanning er god, og vi har god nytte av ordninga med Kompetanseløftet 2025. Sula nyttar seg av hospitering i helseføretaka eller i andre kommunar med spesialisert kompetanse når ein treng auka kompetanse i høve prosjekt vi driv eller i høve spesielle pasientforløp.

Vi er i gong med å utarbeide ein ny heilskapleg kompetanse- og rekrutteringsplan som kan gi oss betre oversikt over kompetansebehov i organisasjonen og med strategiar for å møte rekrutteringsutfordringa. Denne vil også danne grunnlag for planlegging, prioritering og tildeling av statleg øyremerkte opplæringsmidlar tildelt via Fylkesmannen (Kompetanseløftet 2025).

Vi har som mål å heile tida ha i gong nokre felles hovudsatsingsområde for utvikling og kompetanseheving. Vi erfarer at slike spesialiserte satsingar også gir eit generelt kvalitets- og kompetanseløft for tenestene. Dette er ein medviten strategi. Døme på slike satsingar er:

- ✓ Etisk refleksjon, vi har til ei kvar tid fleire refleksjonsgrupper i sving i dei ulike einingane. Målet for 2024 er å i større grad gjere dette til eit leiarverktøy for fagleg kompetanseheving og bygging av gode og attraktive helse- og omsorgskulturar. I tillegg skal vi bruke etisk refleksjon i fleire større utviklingsprosjekt i sektoren.
- ✓ Leiarutviklingsprogram blir vidareført i 2024, og målet er å styrke den positive trenden i sjukefråvær og legge til rette for tenester med god fagleg og etisk standard.
- ✓ Vi vil fortsette satsinga vår på palliasjon.
- ✓ Satsing på velferdsteknologi skal hjelpe oss å betre nå målet i visjonen vår om «meistring og tryggleik for alle».
- ✓ Vi har fått støtte til og er i gong med ei frisklivssatsing i kommunen, der vi samlar ulike frisklivstiltak under ein paraply. Dette for å fremje betre helse blant innbyggjarane, og førebygge uhelse og funksjonsfall.


Denne typen satsingar er vanskeleg for oss å prioritere innanfor dei rammene vi rår over, både når det gjeld tid og ressursar. Vi har difor lagt mykje arbeid i å utvikle prosjekt som også vert oppfatta som interessante utover kommunen, og som slik har fått støtte gjennom eksterne midlar.

Vi har også medvite satsa på å tilsette kompetanse og funksjonar som er viktig på tvers av sektoren (og utanfor), gjennom å søkje støtteordningar som har gjort det mogleg for oss å prioritere dette. Vidare har vi lagt mykje arbeid i å nytte oss av støtteordningar for å legge til rette for vidareutdanning av egne tilsette.

Det er viktig å understreke at vi ikkje jaktar eksternt finansiering for finansieringa si eiga skuld; det ligg ein gjennomtenkt strategi bak satsingane, forankra i planverk og tenestene sine uttrykte behov.


HMT:

Det meldast om høgt tempo i alle einingane. Vi ser som vanleg svingingar i fråværet.



Etter å stige til ein topp i 2019, avtok fråværet gradvis, før det blei ny stigning 2022. Gjennomsnittleg fråver siste 12 mnd er no 10,4%

Samla fråvær i sektoren er høgt. Fråværet ligg no om lag på gjennomsnittet for helse/pleie/omsorg i norske kommunar.



Som vanleg ser vi større svvingingar mellom einingane og over tid. Mange faktorar som truleg kan ha negativ innverknad på det fysiske arbeidsmiljøet har blitt løyst. Bustadstrukturen i bu- og aktivitetstenesta er no under arbeid og nye bygg vil verte klar ila få år. Fråværet i jetmundgarden er no lågt med 6% hittil i år.

Gjengangar i vernerunderapportane er uro knytt til for stor arbeidsmengd og tempo, særleg i heimetenestene. Det blir òg meldt om uro knytt til sterkare vekst i oppgåver enn i ressursauke.

IKT/VFT:

Einingane er heilt avhengige av ei stabil og god IKT-drift for å kunne yte kvalitetstenester på ein forsvarleg og rasjonell måte. 24/7 programma må ha prioritet på oppetid og funksjonalitet. Oppetid og vel fungerande IT-system blir viktigare i åra som kjem etter kvart som vi tar i bruk meir velferdsteknologi og snart blir fullt ut digitalisert.

Digitalisering av helsetenestene er under bygging i Norge mot det nasjonale målbildet *Ein innbygger – ein journal*. Norsk helsenett er ei sentral brikke i dette arbeidet. Helsenettet er ein sikker digital arena for alle aktørar i helsesektoren, der ein kan kommunisere og utveksle personopplysningar og pasientinformasjon på ein trygg og lovleg måte. Systemet vert stadig utvida og nye nasjonal felleskomponentar vert kopla på. Sikkerheitskrava er svært strenge og det har betydning for koastnadsutviklinga for IKT-systema.

Sula kommune er i full gang med førebuingane til å ta i bruk Helseplattformen, 3. november 2023 kl 22:00 går vi på lufta. 500 tilsette skal lærast opp og veldig mykje arbeid og tilrettelegging må gjerast i systema våre for at alt skal virke saumllaust frå dag ein. Når Helseplattformen vert innført vil systemet gjere behovet for e-meldingar mindre ved at dei aller fleste helsearbeidarane i helseregion midt-Norge dokumenterer i det same systemet. E-meldingar må uansett nyttast for kommunikasjon med helsetenesta i andre helseregionar.

Satsinga på å ta i bruk meir velferdsteknologi i helse- og omsorgstenesta går sin gang og vi er med i fleire spennande utviklingsprosjekt som vi har søkt, og fått, utviklingsmidlar til. Pandemien bremsa framdrifta i mange av utviklingsprosjekta samt at førebuingane til Helseplattformen krev prioritet. Vi prioriterer prosjekt tiltak som gir rask uttelling for både brukar/pårørande og kommune. Auka bruk av VFT vil bli prioritert opp igjen komande år.

Bygningar:

Bygga vi har til rådvelde er på det jamne av god teknisk kvalitet, men nokre einingar opplever reell plassmangel og nokre av bygga er lite tenlege og ikkje tilpassa korkje brukarane eller dei tilsette sine behov, jf. tenesteanalyse frå Agenda Kaupang 2018.

Kort status hausten 2023:

- Psykisk helseteneste. Akutt plassmangel. Vi er nær ei god løysing.
- Korttidseininga ved Sulatunet er ikkje eigna til oppgåvene/behova.
- Storkjøkkenet har nådd taket for produksjon og manglar både plass og ressursar.
- Helseeininga. Alle legekontor er no i bruk og areala er maksimalt utnyttta. Nye lokale må på plass om få år.
- Bu- og aktivitetstenesta. Restrukturering av bustadmasse pågår og må halde fram med nye byggetrinn.
- Heildøgns omsorgstilbod (HDO). Sprengt kapasitet, utvidingar må planleggast snart. Ventelistene for personar med demens er aukande.

Behovet for å samle fleire helse- og omsorgsfunksjonar er stort. Samling av helse- og omsorgsfunksjonar vil skape eit fagleg og kompetent senter for primærtenester for innbyggerane. Det vil borge for god kvalitet, effektivitet, sørvis og det har positiv verknad på rekrutteringa.

Kortidsavdelinga ved Sulatunet er lite eigna for dei å løyse dei oppgåvene som blir utført ved avdelinga i dag. Tidlege utskrivningar frå sjukehusa med stadig meir krevjande etterbehandling, stiller heilt andre krav til ei slik avdeling enn det korttidsavdelinga vart planlagt for over 25 år sidan. Fagleg samlokalisering i helsehus vil vere eit viktig fagleg og rasjonelt tiltak for å møte utfordringane kommunen får i framtida.

Storkjøkkenet ved Sulatunet er sprengt på kapasitet og plass og behovet for vedlikehald etter over 25 års intensiv drift, er påtrengande. Kjøkkenet har ikkje kapasitet til å produsere meir med dagens rammer og det vert no «sett tak». Det hastar med å få planlagt nytt storkjøkken i kommunen.

For å løyse nokre av dei akutte plassproblema, kjøpte kommunen 1. og 2. etg i Stadsnesvegen 9. Med dette grepet, kjøpte kommunen seg noko tid. Heile 1. etg vart i 2018 tatt i bruk til helsestasjon og heimetenester som med det fekk tilfredsstillande lokale. Men det vart ikkje rom for å samlokalisere heimetenestene i ein felles base, slik ein har tenkt, og som òg vart peika på i tenesteanalysen frå Agenda Kaupang. Psykisk helseteneste har lenge hatt for lite plass og er i dag spreidd på tre ulike tenestestadar. Nye lokaler er prioritert tiltak og kjem på plass neste år.

Helseavdelinga fikk løyst sine plassproblem ved at 2. etg no blir disponert av helseavdelinga åleine. Lokala er bygde om og pussa opp. 3 nye fastlegar er tilsett og no er kapasiteten sprengt. Med vår vekst må vi rekne med å tilsette ein ny lege kvart 3-5 år. Legekantoret har no god standard og er tenleg for tilsette og ikkje minst for pasientane som m.a. har fått nye venterom. Korona-pandemien avdekte likevel manglar. Det er t.d. nærast uråd å drive effektivt smittevern utan høve til å kunne dele drifta og etablere ein luftvegsklinikk/feberklinikk skilt frå den ordinære drifta. Risikoen for smitte mellom pasientar og mellom pasientar og personale er for høg. Risikoen for at tenesta vert slått ut for ein periode er stor, jf hendinga i Giske kommune i mars 2020.

Bygningsmassen i Bu- og aktivitetstenesta er dårleg tilpassa brukarane og lite eigna for effektiv og trygg tenesteyting. Ueigna bygg gir dårlegare tenestekvalitet og aukar faren for unødig bruk av tvang. Dette vart godt skildra i tenesteanalysen til Agenda Kaupang. Viktige grep vert no tatt:

1. Jetmundgarden er tatt i bruk. 8 nye bustadar til personar med store vart innflytta primo 2023 og har gitt brukarane eit langt betre tilpassa botilbod. Vi ser og at Jetmundgarden rekrutterer godt.
2. Etablering av burettslag for 10 personar med funksjonsnedsettingar på Vasset. Prosjektet er klart for anbudsutlysing. Tiltaket er inne i økonomiplanen.
3. Trinn 3 er ikkje detaljplanlagt, men nybygg og/eller sanering/renovering/nybygg av dei eldste bustadane i Nymarka/Berngarden, er sannsynlegvis eit godt og naudsynt grep som må vurderast, evt i kombinasjon med nybygg på anna tomt. Tiltaket er inne i økonomiplanen
4. Vidare trinn er ikkje planlagt, men vi har kartlagt personar med behov og rett på, tilrettelagde bustadar med tenester. Kartlegginga tilseier behov for vidare utbygging. Desse behova vert fanga opp i arbeidet med LDIP'en som er planlagt lagt fram politisk før sommarferien neste år og er følgelig ikkje lagt inn i økonomiplanen enno.

Meir detaljar om behov for omsorgsbygg kan lesast i helse- og omsorgsplanen og i budsjettframlegga frå einingsleiarane.

Kvalitet:

Det vart ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2023.

Det er relativt få som formelt klagar på tenestevetak eller utøvinga av tenestene. Det er likevel aukande tilbakemeldingar på at tenestetildelingane er for knappe, spesielt for heimetenestene og avlastingstenestene og at terskelen for å få tildelt døgnbemanna butilbod kan vere høgare enn ønskeleg i ein del tilfelle. Tilbakemeldingane vert vurdert som reelle.

Rammer:

KOSTRA-tala syner at kommunen bruker lite på dei ulike deltenestene samanlikna med andre.

Som nemnt i innleiinga i kapitelet, opplevast rammene som knappe. Einingane strevar med å etterkome lovkrav og samstundes halde rammene. Drifta har derfor lagt over ramma siste åra og slik blir det komande år òg, sjølv om rammene no er meir realistiske.

I samband med opninga av Jetmundgarden i januar 2023, blei ei rekke grep gjort for å betre tilbodet og optimalisere drifta. Dette er trinn 1 i restruktureringa av BUA. Planen er at pågåande omstrukturering av tenesta vil bidra til at drifta kjem heilt i samsvar med ramma.

Einingane i helse- og sosialsektoren ber òg for 2024 om finansiering av ei rekke driftstiltak. Godt begrunna tiltak som dessverre ikkje kan møtast fullt ut.

For å bu oss på dei varsla demografiske endingane må helse- og omsorgstenestene omstillast og styrkast. I komande budsjett er det lagt inn styrking av tenester som støttar opp under strategiane i helse- og omsorgsplanen. Vi må styrke dei lågaste trinna i omsorgstrappa først og parallelt bygge ut kapasitet innan HDO på ein klok og tenleg måte. Lukkast vi med dette, vil innbyggerane få betre helse og klare seg lengre heime. Behovet for heildøgns omsorg blir med det både redusert og utsett i tid. På denne måten vil vi få noko meir planleggingstid for å førebu nye utbyggingstrinn. Dei lågaste trinna i innstatstrappa må ha tilstrekkeleg kapasitet før vi tar stilling til dimensjoneringa av dei høgste trinna i innsatstrappa (dei mest ressurskrevjande). Sjå omtale av dei demografiske endringane under utfordringar.

Investeringstiltak:

Andre investeringer	2024	2025	2026	2027
Møblar til psykiatrilokaler	400 000			
Helse. Kjøkkenbil til Molvær senter	600 000			
Helse. To nye bilar Jetmundgarden	1 000 000			
Helse. Hjelpebidler kortidsavdeling Sulatunet inkl takheis	300 000			
Vasset Borettslag (skal selgast etter ferdigstilling)	30 000 000	27 392 061		
Molværsvegen 11, tilbygg	3 000 000			
Byggetrinn 3 i BUA			60 000 000	

Det er relativt lite som er meldt av mindre investeringstiltak. Dei største behova er knytt til bygningsstrukturen, som vert omtala i pågåande LDIP (langtids drifts- og investeringsprogram) som er planlagt lagt fram til politisk handsaming før sommaren 2024

Av større investeringstiltak ligg det inn midlar til trinn 2 i restruktureringa av BUA (Vasset borettslag). Det er òg avsett midlar til trinn 3, som ikkje er prosjektert enno.

Dei mest akutte behova etter at psykisk helseteneste får plass i nye lokale, er utvida kapasitet ved storkjøkkenet og ved legekantoret. Parallellt må det leggast ein plan for utviding av kapasiteten innan heildøgns omsorg. Jf omtale ovanfor.

Driftstiltak:

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN I 2024 PRISER	BUDSJETT 2024	ØK.PLAN 2025	ØK.PLAN 2026	ØK.PLAN 2027
HELSE OG MESTRING , RAMME FØR NYE TILTAK	311 432 930	311 432 930	311 432 930	311 432 930
Refusjon ressurskrevjande brukarar	-45 650 000	-45 650 000	-45 650 000	-45 650 000
Integreringsteneasta for flytningar. Berekna auke i utgiftsnivå	7 599 212	7 599 212	7 599 212	7 599 212
Rammeauke knytt til auke i avtalefesta tillegg i 2023	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Sjukepleiar. Knytt til flyktningarbeid (heimeteneste)	850 000	850 000	850 000	850 000
Helseeininga. Samfunnsmedisinsk kompetanse	0	0	-130 000	-130 000
Styrking basistilskot fastlegar	440 000	440 000	440 000	440 000
Auka satser for utbetaling sosialhjelp	680 000	680 000	680 000	680 000
Etablering av miljøterapeutisk teneste i heimetenesta	1 045 000	2 065 000	2 065 000	2 065 000
Auka innsats demensteam	189 000	189 000	189 000	189 000
Sulatun. D-vakt korttidsavdelinga 140 % stilling	931 000	931 000	931 000	931 000
Auka budsjett som følge av endring demografi (øk.plan 23-26)		2 000 000	5 000 000	8 000 000
Innsparing byggetrinn 3 i BUA				-2 000 000
HELSE OG MESTRING , RAMME ETTER NYE TILTAK	279 017 142	282 037 142	284 907 142	285 907 142

Tilleggskommentarar til nokre av tiltaka:

Dei store flyktningmottaka dei to siste åra har gjort det naudsynt å styrke integreringstenesta. Midlane går til nye stillingar for programrådgjevarar og til drift. Vert finansiert av integreringstilskotet. Det vert òg foreslått å auke kapasiteten innan HBO, då fleire av flyktningane har omfattande helseutfordringar.

Auke i avtalefesta tillegg gjeld kraftig auke i ubekvemstillegga for turnuspersonell innan omsorg, gjeldande frå 01.01.23. Denne løyvinga utgjør den delen av auken som ikkje vart regulert gjennom dei årlege lønnsreguleringane. Samla auke vart om lag kr 3,8 million.

Etablering av miljøterapeutisk team i heimetenesta. Viktig tiltak som er retta mot ei gruppe personar som treng tettare oppfølging enne det den amblante heimetenesta kan tilby. Tiltaket vil venteleg bidra til å hindre eller begrense etterspurnaden etter dyrare tenester seinare.

Sulatunet, styrking av grunnbemanninga i korttidseininga.

Auka innsats demensteam, styrking med 0,3 årsverk. Muleggjer auka innsats retta mot tidleg innsats og pårørandestøtte.

Refusjon for ressurskrevjande brukarar vert fom 2024 lagt som inntekt i einingsbudsjetta til HBO og BUA. Dette er i samsvar med ønske uttrykt i vedtak i fagutvalet for helse og sosial.

Auka budsjettramme som følge av endring demografi: framskriving av rammeauke pga. demografiendringar. Meir detaljert plan for bruken av midlane, vert omtalt i komande langtidsprogram for drift og investeringar (LDIP).

Innsparing byggetrinn 3 i BUA: Synleggjering av effekt av komande trinn i restruktureringa av BUA, byggetrinn 3.

Utfordringar:

Sula kommune har hatt over 70% vekst i den eldste delen av befolkninga (80+) frå 1999 – 2015, eldrebølge nr 1. Deretter flata veksten noko ut. Vi har om lag same tal døgnbemanna bustadar no som for 20 år sidan. Tenestene har derfor gjennomgått store omstillingar. Helse- og sosialtenestene si utfordring er å holde tritt med veksten i etterspurnaden, og samstundes unngå at kvaliteten i tenestene blir svekka. Veksten i tal eldre komande tiår må møtast med nye grep og metodar som auka bruk av velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering, gjerne omtala som kvardagsmestring, samt vidare styrking av dei lavaste trinna i omsorgstrappa.

Vi forsøker å vri ressursane i retning av å kome tidlegare inn og trene brukarar meir heime og i grupper. Tiltaka er populære. Vi ser gode resultat av kvardagsrehabiliteringsprosjektet vårt og det er ønskeleg å auke innsatsen ytterlegare i den retninga. Slik utvikling er i tråd med vår omsorgsideologi, den er fagleg rett, den er i tråd med brukarar sine egne ønske og den er økonomisk gunstig. Det er likevel urealistisk å tru at ein kan møte ein varsla behovsvekst på 25% komande tiår utan å bygge inn meir kapasitet i tenestene.


Yngreomsorga er krevjande for kommunane. I Norge er det grovt sett slik at 1/3 av brukarane (oftast yngre) tar 2/3 av ressursane. Nye ressurskrevjande brukarar som kjem inn i tenestene i tidleg vaksen alder, blir i tenesta lenge, kanskje i 40-50 år. Biletet er gjenkjenneleg i Sula. Det blir derfor ekstra krevjande å prioritere eldreomsorg og auka førebyggjande innsats, når denne tenesta veks så sterkt. For menneske med funksjonsnedsettingar og familiane deira er det òg viktig å kunne tilby lette tiltak så tidleg som råd for å stimulere meistring og for å støtte famileomsorga.

Samhandlingsreforma, nye behandlingsmetodar, pressa sjukehusøkonomi og effektiviseringsprosessane ved sjukehusa fører ubønhøyrleg til flytting av oppgåver over til kommunane. Alle einingane merkar dette. Nedbygging av døgnbehandlingskapasiteten og hardare prioriteringar for å få poliklinisk behandling i sjukehuspsykiatrien er gode døme på ikkje-finansiert oppgåveoverføring. Dette merkar vi godt i Sula. Det blir no forventat at kommunane skal overta denne behandlinga. For få år sidan dreiv vi mest med støttesamtalar, no er det mest aktiv behandling. Vi har auka kompetansen, bemanna opp og tenesta treng meir tenlege lokaler.

Befolkningsutvikling og dekningsgrad heildøgns omsorg (HDO)

Sula kommune vil få ein sterk vekst i dei eldste aldersgruppene i åra som kjem. Veksten akselererer i flg. framskrivingane frå 2023.

Faktiske tal for 80+ i 1999 var 257 personar og vi hadde 76 plassar for heildøgns omsorg (HDO-plassar) for eldre. 01.01.23 var talet 404 og vi har no 90 HDO-plassar. I denne veksten har personar 90+ har auka frå 45 til 112 personar, dvs. meir enn dobling. Erfaringsvis krev 50% i gruppa 90+ eit HDO-tilbod. Vi har altså bak oss ein vekst på om lag 70% siste 15-20 år blant dei eldste (eldrebølge 1), med beskjeden auke i HDO-plassar. Ressursveksten i same periode har i størst grad gått til styrking av «yngreomsorga».




Kjelde: KS sin demografimodell pr 2022

Ser vi bakover, har vi altså hatt ein sterk vekst i aldersgruppa 80+ sidan 1999, noko som førte til ein etterfølgande sterk vekst i aldersgruppa 90+, meir enn dobling i faktiske tal, jf. figuren over. Veksten i gruppa 90+ vil flate ut og falle svakt nokre år, for på nytt å stige utover 2030-talet (utanfor figuren).

Aldersgruppa 80+ har ein kraftig vekst bak seg, men ser vi framover får vi ein ny kraftig vekst frå ca. 2024 (eldrebølge 2). Dette er lett å skjønne når vi ser kor sterkt gruppa 67-69 veks, den vil vekse med 35% fram mot 2027, eller samla ca. 50% om ein reknar frå 2013. Tilsvarande vekst får vi i 80+ med nokre års forskyving og etter kvart i aldersgruppa 90+. Grafane under viser denne utviklinga fordelt på aldersgrupper og faktiske tal og prosentvis auke. Vi ser at den samla auken samanlikna med tal personar 80+ i 1999, blir på langt over 100% komande tiår.


I KS sitt demografiverktøy kan ein òg rekne ut endringar i forventa utgiftsbehov med utgangspunkt i befolkningsframskrivingane. Dette er illustrert i tabellen under.



Kjelde: KS sin Demografimodell pr 2022

Utgiftsbehovet i Sula kommune vil samla sett stige med 5% komande 10 år. Helse og omsorg sin del er venta å stige med 25%. Det er 5% auke frå førre framskriving. Denne demografidrivne utgiftsveksten kan påverkast. Skal kommunen makte å møte denne utfordringa på ein god måte, hastar det med å gjere kloke val både når det gjeld investeringar og drift. Målet med tiltaka må vere å bremse veksten i utgiftsbehov. Denne utfordringa er nærare skildra i Helse- og omsorgsplanen, jf. elles omtale av tiltak ovanfor.

Sula kommune har lav dekningsgrad for HDO for eldre samanlikna med landet og kommunane i M&R. Det er få i dei eldste aldersgruppene som har tilbod om HDO i Sula samanlikna med landet. Det betyr at tilsvarende fleire bur i eigen heim med bistand frå heimetenestene. Demografiutviklinga vil føre til at dekningsgraden for HDO vert dramatisk forverra komande tiår.




Den blå linja syner normtalet for 25% dekningsgrad av HDO av alle personar over 80 år i kommunen. Grøne søyler viser dagens kapasitet for HDO hovudsakleg for gruppa eldre. Raude søyler illustrerer manko i høve normtalet, eller det vi må bygge ut for å halde oss om lag på dagens dekningsgrad.

1. januar 2023 har vi 90 plassar til HDO og 404 personar over 80 år. Det gir ein dekningsgrad på 22,3%. Denne dekningsgraden vil falle raskt når tal personar over 80 år stig. Det hastar derfor med å auke kapasiteten.

Når ein vurderer dekningsgrad for heildøgns omsorg (HDO), må ein samstundes alltid vurdere kapasiteten til den ambulante heimetenesta og nivået på førebyggjande tilbod på dei lågaste trinna i omsorgstrappa. Føresetnaden for låg dekningsgrad HDO er ei kompetent og godt utrusta ambulant heimeteneste med god kapasitet og kompetanse og gode førebyggjande tiltak. Poenget er at det må vere samsvar og balanse, slik at det samla tilbodet blir tilstrekkeleg og godt nok (forsvarleg).

Kommunedirektøren er no uroa for denne balansen. Når ein reknar inn at veksten i heimetenestene hovudsakleg har kome i «yngreomsorga» siste åra og at sjukehusa sparer og effektiviserer, forklarar det godt kvifor heimetenestene i lang tid har rapportert om kapasitetsvanskar og ikkje lenger klarer å drive innanfor rammene. Samanhengane mellom befolkningsutvikling, tenesteprofil og økonomi er nærare belyst og utdjupa i [helse- og omsorgsplanen](#).

For å møte utfordringa med fallande dekningsgrad innan HDO, er det ønskeleg med ytterlegare styrking av heimetenestene. Hensikten med slike tiltak er å bremse utgiftsveksten og redusere behovet for auke i heildøgns omsorgstilbod. HDO er kostbart og bind opp store ressursar. Alle tiltak som bremser denne veksten må derfor utnyttast før ein aukar HDO-kapasiteten. Det er likevel ikkje eit «anten eller», men eit «både og», det er som nemnt ovanfor, rett balanse vi må jakte på. Figuren under viser korleis ulik dekningsgrad påverkar behovet for nye HDO-plassar.



Samhandlingsreforma

Samhandlingsreforma utfordrar kommunane på fleire måtar. Ressursdiskusjonen har fått mest

merksemd til no. Sula kommune har til no hatt god kontroll i forhold til finansieringsordninga for utskrivingsklare pasientar. Vi har knapt betalt helsebot, men merkar at det røyner på.

Kombinasjonen stram sjukehusøkonomi og rivande medisinsk teknologisk utvikling fører i sum til auka press på kommunane. Kortare liggetider og forventning om at kommunane skal handtere stadig meir avanserte behandlingsregimer i forlenginga av sjukehusbehandling, blir resultatet. Vi får utfordring med å rekruttere og utvikle kompetanse. Personellet vårt synest dei nye oppgåvene er spanande, men at det er for lite tid og ressursar til å kunne makte det på ein forsvarleg måte. Prosessane er ikkje synkroniserte godt nok og opplevast underfinansierte. Innan psykisk helseteneste er oppgåveoverføringa særleg merkbar.

Rekruttering og heiltidskultur

Vi merkar at det har blitt vanskelegare over tid å rekruttere fagfolk. Særleg innan omsorgstenestene har dette vore merkbart siste åra. Vi taper i lønnskurransen i høve helseføretaket og strevar i høve nabokommunane.

Rekrutteringsutfordringa gjer det heilt naudsynt å nytte vikarbyrå i periodar. Bruken av vikarbyrå har auka. Det er derfor viktig å ha offensive strategiar for å møte konkurransen om arbeidskrafta. Å huke tak i ungdommane ved t.d. å tilby gode lærlingplassar, er noko kommunen er medviten på og gjennomfører i praksis. Vi har òg gjort oss erfaringar med alternative arbeidstidsordningar (langturnus), noko som har synt seg populært og eit godt rekrutteringstiltak, men det er òg utfordringar knytt til det. Ordninga brer seg i organisasjonen. Med omsyn til kvalitet har slike ordningar klare føremoner, då bruken av små stillingar går ned. For brukarane betyr dette færre personar å forhalde seg til og mindre oppstykkar dagar. For kommunen blir det færre å lære opp og enklare personaladministrasjon.

Det kunne sikkert vore gjort meir for å utvikle ein sterkare heiltidskultur i kommunen og særleg innan omsorgsyрка, sjølv om mellombelse undersøkingar til no viser at stoda ikkje er verre enn i andre kommunar. Sula kommune ligg på same nivå som gjennomsnittet i kommune-Norge eller litt betre.

Spørjeundersøking blant våre tilsette gir mange nyttige innspel i arbeidet for ein sterkare heiltidskultur. Mange deltidstilsette er nøgde med stillingsprosenten sin, m.a.o. frivillig deltid. Eit anna viktig funn er at dei fleste som ønsker større stilling, ønsker primært å utvide stillingane sine på andre tidspunkt enn der behova er størst. Det blir problematisk å innfri då det vil auke kostnadene.


Kort omtale av driftseiningane:

For detaljert omtale av einingane vert det vist til framlegga frå einingsleiarane.

Helseeininga

Driftskostnadene ved helseavdelinga er låge samanlikna med landsgjennomsnittet og KOSTRA gruppe 1 (KG1) Dekningsgraden for legar og fysioterapeutar er låg.


Netto driftsutgift 241 Diagnose, behandling, re-/habilitering pr.innb:



Kjelde: Framsikt AS

Sula har låge kostnader pr innbyggjar og driv effektivt.

Legeårsverk pr 10.000 innbyggjarar, funksjon 241:



Kjelde: Framsikt AS

Legedekninga er lav i Sula. Noko av forklaringa er at mange innbyggjarar vel fastlege i andre kommunar av praktiske og forståeleg grunnar. Vi får faktura for desse pasientane gjennom ei sentral ordning for gjestepasientoppgjær. Sett frå fagleg side, kan dette vere utfordrande, spesielt ved behov for øyeblikkeleg hjelp, då legane våre då vil ha mangelfulle journalopplysningar. Dette vil betre seg når Helseplattformen vert tatt i bruk ved at legevakslegen får betre innsyn i journalopplysningar frå både sjukehus og fastlegen.

Sula har rekrutterer fastlegar godt. Dette har m.a. samanheng med måten vi har organisert fastlegeordninga på og korleis vi legg til rette for at legane skal få gjort godt arbeid og ha ein leveleg


arbeidskvardag. Samarbeidet med fastlegane er godt. I statsbudsjettet for 2024 er det lagt inn ytterlegare styrking av fastlegeordninga. Midlane er forslått sett av til formålet. Det er god dialog med legane om materielle og økonomiske vilkår i tråd handlingsplanen og midlane vert disponert etter samråd med legane og handsaming i lokalt samarbeidsutval for fastlegeordninga.

Lokala til helseeininga er no fullt utnytta. Koronapandemien sette eininga på prøve og avdekte manglar ved lokala, det er krevjande å drive effektivt smittevern. ROS-analyser syner m.a. manglande høve til å dele drifta med egne inngangar for luftvegsklinikk. Risikoen for å bli satt ut av spel for ein lengre periode pga smitte i staben er for høg.



Pandemien har òg avslørt at kommunen ikkje er rigga for å drive omfattande smittevernarbeid, TISK og vaksinerings i den skala vi gjorde under coronapandemien. Vi er i gang med evaluering av pandemihandteringa lokalt i Sula kommune. Den vil gi nyttige innspel til rullering av smittevernplanen.

Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, Funksjon 241:




Kjelde: Framsikt AS

Fysioterapidekninga er også låg i Sula kommune, noko som vert opplevd problematisk når ein skal prioritere førebyggjande arbeid og meir heimerehabilitering. Rehabiliteringstenesta i kommunen arbeider godt med mange jarn i elden som nyoppretta trimgrupper, kvardagsrehabilitering, førebyggjande heimebesøk til eldre m.m. Samarbeidet med dei privatpraktiserande fysioterapeutane er godt.

NAV

Netto driftsutgift til økonomisk sosialhjelp (281) pr. innbyggjar 20-66 år:




Kjelde: Framsikt AS

Sula kommune har i alle år hatt låge utgifter til økonomisk sosialhjelp. NAV Sula har god måloppnåing når det gjeld å få fleire avklart til arbeid og aktivitet og færre på stønad. Dette ser vi tydeleg på utbetalingane av sosialhjelp, som er låge samanlikna med andre. Vi ser at det er få personar i arbeidsfør alder som mottar sosialhjelp og dei er kort tid inne i systemet.

Den nye regjeringa har lovfesta at barnetrygd ikkje skal reknast som inntekt ved utmåling av sosialstønad. Kommunane vart kompensert for dette i statsbudsjettet for 2023. Kommunedirektøren la ikkje inn full kompensasjon i budsjettet, men ser no at sosialhjelpsutgiftene aukar og at budsjetttramma må justerast opp. Det er fleire grunnar til denne auken, m.a. mottak flyktningar utan trygderettar.

Andel sosialhjelpsmottakarar i alderen 18 - 24 år, av innbyggjarane (19) - 24 år:



Kjelde: Framsikt AS

Andelen unge sosialhjelpsmottakarar er òg låg i Sula over tid. Dette er eit viktig måltal då personar som blir gåande lenge på sosialhjelp står i fare for å verte kronifiserte. Ungdomssatsinga «Ung mestring» er ei viktig satsing som vi vonar vil påverke dette målalet positivt.


Utfordringar komande år blir å følgje opp det store flyktningmottaket på ein god måte. Sula kommune skal ta i mot og integrere 50 flyktningar i 2023 også. Fleire av desse har store fysiske og psykiske helseutfordringar. For å handtere dei ekstra store mottaka har vi oppbemanna og for 2024 vert tenesta styrka ytterlegare. Det er avgjerande å lukkast med integreringa slik at flyktningane blir sjølvforsørgde før integreringstilskota vert trappa ned og avslutta etter 5 år.

I rådmannen sitt framlegg for 2023 er det budsjettert med inntekter og utgifter for å følgje opp dei flyktningane vi har. I tillegg har vi teke høgd for inntil 30 nye personar komande år. Endeleg oppmoding vert handsama i eiga sak etter at ny oppmoding vert utsendt frå IMDI. Nasjonalt utvalg for mottak og bosetting gir si tilråding 2. november.

NAV Sula flytter inn i nye lokale i Devoldfabrikken 16.10.23.

Omsorgstenestene (Sulatunet, heimetenesta og bukollektiva)


Netto driftsutgift pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenesta, behovsjustert:



Kjelde: Framsikt AS

Sula kommune brukar lite ressursar på omsorgstenestene sine. Vi har likevel ein betydelig vekst. Denne veksten kjem i det alt vesentlege til yngre funksjonshemma personar under 66 år med store bistandsbehov og i mindre grad i eldreomsorga. Vi ser at t.d. Ålesund kommune brukar vesentleg meir enn Sula. Giske, KG1 har om lag same ressursbruk pr innbyggjar som Sula. Vi ligg godt under snittet for Møre og Romsdal og godt under landssnittet.

Netto driftsutgift pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenesta, behovsjustert, samanlikna med dei 10 lavast i M&R fylke, landet – Oslo og Kostragruppa:



Kjelde: Framsikt AS

Kostnadene til pleie- og omsorg kryp sakte oppover. Likevel held Sula seg lågt på lista over kommunar med lav ressursbruk til pleie og omsorg. I denne tabellen må ein sjå vekk i frå Haram og Ålesund som skal delast frå nyttår.

Ein HDO-plass for eldre i Sula kostar netto gjennomsnittleg vel ein million NOK. Det betyr etter ei reint økonomisk betraktning, at vi kan sette inn hjelp i heimen for inntil denne beløpet, før det blir rimelegare å tilby HDO. Strategien vår må derfor framleis vere å styrke den heimebaserte omsorga, ein strategi som samsvarar godt med ønska til dei fleste eldre og som er ei gjennomgåande føring i den reviderte Helse- og omsorgsplanen for 2021 – 2025.

Psykisk helseteneste for vaksne slit veldig med kapasiteten. Tenesta har blitt styrka siste åra og utgjer no 6 årsverk inkl. psykologstillinga. Psykologstillinga er no flytta frå helseeininga til psykisk helseteneste. Største hinderet for meir effektiv utnytting av ressursane no er fragmentert drift i lite hensiktsmessige lokale. Dette blir løyst neste år. Kommunedirektøren legg no til grunn at tenesta får nye lokale i Devoldfabrikken.

Innføring av Helseplattformen nærmar seg. Sula kommune går i drift på den nye plattformen 03.11.23 kl 22:00. Det blir ein merkedag. Store delar av organisasjonen er sterkt involvert i planleggingsarbeidet som er svært omfattande, langt meir omfattande enn noko anna systeminnføring Sula kommune har vore gjennom til no. Det blir ein hektisk innspurt. Etter etter Go-Live går kommunen over i ein kommandosenter-periode på 3 veker.

Der er vi rigga i lag med Helseplattformen sine folk for å løyse små og store problem som oppstår og gjere løpande feilrettingar, som vi veit det blir behov for i eit så omfattande prosjekt. Deretter blir det fokus på å utnytte mulighetene i det nye systemet for betre kvalitet og sørvis og meir effektiv drift. Det vil vi gjere ilag med andre kommunar.



Bu- og aktivitetstenesta (BUA)

BUA er den klart største eininga i kommunen, med nær hundre årsverk. Det er nye brukarar, hovudsakleg finansiert av storbrukarordninga, som har stått for veksten seinaste åra. Eininga har fått styrka ramma si med mange million kroner. Siste 10 åra har eininga nær dobla tal tilsette og meir enn dobla nettobudsjettet.

Det er mange omstillingsprosessar i gang for å effektivisere drifta. Nye tenlege bygg kjem etter kvart på plass og legg til rette for betre kvalitet og meir rasjonell drift. Jetmundgarden har så langt vore eit vellukka tiltak som har lagt grunnlaget for meir effektiv drift og arbeidsstaden rekrutterer godt. Slike prosessar vil frigjere midlar som vert nytta til å få drifta i samsvar med rammene. Det vil likevel vere behov for å styrke drifta i eininga. Kartlegging viser at nær 40 personar som kan ha behov for tilrettelagde tenester i bemannt bustad komande 20 år. Videre er det kartlagt nær 30 personar som har behov for ambulerande teneste.

Agenda kaupang si tenesteanalyse for pleie og omsorgstenester frå 2018 omtaler forslag til tiltak i form av utbetring av bustadmassen, utvikle ambulante tenester, samt sikre gode og effektive lågterskeltilbod som avlastning og støttekontakt. Rapporten omtaler òg samdrift mellom bustad og dagsenter for å redusere utgifter, men og for å få til heiltidskultur i tenesta samla sett.

Bu- og aktivitetstenesta har lukkast i å nå mange av måla for driftseininga, samt tiltaka som er omtala i Agenda kaupang sin rapport. Utbetring av bustadstrukturen er i gang. Alternative turnusordningar er innført i heile eininga, tilsette har fått auka stillingar i tråd med heiltidskultur. Eininga har samdrifta stillingar på dagsenteret med helgestillingar i bustadar for å redusere småstillingar.

Ansvar for privatavlastning er aukande. Rammeauke gjer at eininga har fått tilsett faste stillingar i avlastningstiltaket. Dette har ført til mindre overtid, meir kontinuitet og kvalitet på tenester. Avlastning er ei teneste som skal sikre pårørande med særleg tyngande omsorgsoppgåver eit tilbod slik at omsorga kan fortsetje heime og såleis utsetje behov for oppretting av meir omfattande helse- og omsorgstenester. Avlastningstiltaket gir og moglegheit til å kartleggje og planleggje den enkelte sitt behov for tenester framover. BPA-orninga

Tidleg innsats med førebyggjande tiltak og lågterskeltilbod i form av avlastning, omsorgsstønning og støttekontakt har redusert og utsett ressurskrevjande tenester. Utmåling og tildeling av tenester er med utgangspunkt i tenestemottakarane sine behov og ressursar. Riktig tenester til riktig tid, vil behalde behovet for tenesters så lågt som mogleg. Målet er færre tenestemottakarar høgt oppe i omsorgstrappa, reduserte driftsutgifter og effektiv ressursutnytting.

Rekruttering av kvalifisert personell er ei stor utfordring. Ved gjennomføring av tvangsvedtak, er det lovkrav om at høgskuleutdanna personell skal vere til stades. Dette kravet strevar vi med å etterkome og må stadig søkje dispensasjonar. Tenlege bygg og gode arbeidsvilkår er viktig for rekruttering.


Mange av brukarane i BUA har blitt gamle og får med det endra behov for tenester. Fleire av dei klarer ikkje å nytte tilbodet ved Molvær senter slik det er i dag. For å kunne gi eit tilpassa tilbod på dagtid og for å unngå å måtte bemanne opp rundt den einskilde i eigen bustad, må vi etablere eit eige, tilpassa og skjerma dagtilbod for desse personane. Molværstova er etablert som nytt tilbod til denne målgruppa.

Eit anna behov som melder seg er behovet for ei ambulerande miljøarbeidarteneste som skal yte tenester til menneske med funksjonsnedsettingar som har behov for tilsyn, burettleing og omsorg, men som ikkje har behov for stadleg fast bemanning. Heimetenesta yter tenester til nokre, men har ikkje ressursar til å fange opp det aukande behovet. Konsekvensen er auka etterspurnad etter dyrare tenester. Kommunedirektøren foreslår å opprette eit slikt team neste år. Omstillingane i eininga er naudsynte og vil halde fram i mange år framover.

5. Samfunn

Teknisk sektor

Dei tekniske tenestene i Sula kommune omfattar plansaker, byggesakshandsaming, geodata (oppmåling), eigedomsforvaltning, veg, vatn, avlaup, slam, renovasjon, feiing, brann og redning. Drifta innan teknisk sektor er organisert i tre einingar medan brann- og redningsteneste og feietenester vert kjøpt av Ålesund brannvesen.



Mål for teknisk sektor er å tilby kvalitativt gode tenester til alle brukarar (innbyggjarar), næringsliv eller andre driftseiningar (til dømes skule, barnehage eller andre kommunale institusjonar) så rasjonelt som mogleg med ressursane som er tilgjengelig.

Utfordringane innan teknisk sektor er først og fremst knytt til kapasitet til å følge opp drift parallellt med gjennomføring av investeringar i nye bygg og anlegg. Det er som tidlegare vanskelig å prioritere tilstrekkelig tid til utviklingsarbeid både med tanke på organisasjon og på individnivå.

Fleire viktige og komplekse planprosessar er gjennomført som til dømes sentrumsplan for Langevåg, regulering av areal til nytt avløpsreinseanlegg og plan for ombygging av Veibustkrysset. Det er likevel fleire større planprosessar som er starta og som vil være ressurskrevjande i 2024. Dette gjeld reguleringsplan for gondol til Sulafjellet, reguleringsplan for Vedde – Holsneset og områdeplan for Solavågen. Arbeidet med planane vil være ressurskrevjande for både PBG og Kommunalteknikk sjølv med kjøp av tenester eksternt.

I tillegg til planarbeid vil utvikling av kommunal eigedom være ei prioritert oppgåve dei nærmaste åra. Etter ny organisering vil oppgåvene være formelt tildelt rådgjevar (eigedomsutviklar) og samfunnsplanleggjar i eit rådgjevarteam, men med eit nært samarbeid med mellom anna einingane innan teknisk sektor. Målet for utvikling av kommunale eigedomar er å legge til rette for rasjonelle og kvalitativt gode tenester innan alle sektorar. For samfunnsplanleggjar vil rullering av kommuneplan være ei viktig og prioritert oppgåve.

Ut frå utfordringane med administrativ kapasitet er det i budsjettforslaget tatt inn som nye tiltak at engasjement for jurist vert gjort om til fast stilling og oppretting av ei ny still ved Eigedom. Når det gjeld jurist vil det styrke kompetansen og kapasiteten både ved PBG og Kommunalteknikk. Begge einingane skal handsame mange søkndar etter Plan- og bygningsloven og forureingsloven. Vi ser ei utvikling mot stadig meir kompleks juridisk vurdering særleg knytt til handsaming av klager på vedtak.

Lovgrunnlag

Teknisk sektor har ansvar for eit vidt spekter av tenester og saksutgreiing. I tillegg til kommunelova og forvaltingslova er det mange særlover og forskrifter som skal leggjast til grunn. Eit utval av dei mest sentrale lovane er som følgjande:

- *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)*
- *Lov om eierseksjoner (eierseksjonsloven)*
- *Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova)*
- *Lov om motorferdsel i utmark (motorferdselloven)*
- *Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)*
- *Lov om vegar (veglova)*
- *Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg*
- *Forskrift om vannforsyning og drikkevann (Drikkevannsforskriften)*
- *Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven).*
- *Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen*
- *Lov om husleieavtaler (husleieloven)*
- *Lov om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven)*

Oversikt over ressursar

Stillingsressursar for teknisk sektor

Teknisk sektor hadde i 2023 samla 31,5 årsverk. I tilknytning til omorganisering er planleggar overført frå PBG til rådgjevarstab på kommunedirektørnivå (organisasjon og utvikling).

I tillegg er to stillingar overført frå sørvis og støttestab til ei stilling ved Eigedom og ei stilling ved Kommunalteknikk. Overføringa frå sørvis og støttestab er naturleg ut frå at hovudoppgåvene er knytt til utleige av bygg, innkreving av kommunale avgifter og sakshandsaming innan teknisk sektor. Generelt er vurderinga lik tidlegare år innan teknisk sektor når det gjeld kapasitet og stillingsressursar. Særleg for eigedomsdrift er det ei utfordring med aukande bygningsmasse og kapasitet til å følgje opp drift og vedlikehald.

For 2024 vert det foreslått ei styrking med 2 årsverk. Eit årsverk er knytt til Eigedom og eit årsverk er knytt til PBG. For Eigedom er behovet i første rekke knytt til mottak og integrering av flyktningar. Ved rekruttering vil det takast omsyn til også andre behov i eininga slik at oppgåver samla kan løysast. Det andre årsverket er knytt til PBG og styrking av juridisk kompetanse. Erfaringa etter 2 år med ein jurist i engasjement er at slik kompetanse er svært viktig støtte i sakshandsaming innan plan- og byggesak, men også innan andre fagfelt som til dømes vatn, avløp og forureining. Styrking av kompetanse og kapasitet vil legge til rette for betre tenester, betre kvalitet i sakshandsaminga og mindre kjøp av eksterne tenester.

Stillingsressursar fordelt på driftseining/avdelingsnivå	2024 inkl. nye tiltak	2023	2022	2021	2020
SUM Teknisk sektor	33,80	31,50	31,70	31,70	32,93
Administrasjon, sektornivå:	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00
Plan, byggesak og oppmåling					
SUM	7,00	7,50	7,50	7,50	7,00
Administrasjon, leing av driftseining	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00
Juridisk ressurs	1,00				
Byggesak	2,00	2,50	2,50	2,00	2,00
Plan	1,00	2,00	2,00	2,00	2,00
Oppmåling	2,00	2,00	2,00	2,00	2,00
Tilsyn	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Eigedomsforvaltning					
SUM	15,00	13,00	13,20	13,20	13,20
Administrasjon, leing av driftseining	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00
Administrasjon/ prosjektleiing, ingeniører, merkantil	5,00	3,00	3,00	3,00	3,00
Arbeidsleing/vaktmeistrar	7,00	7,00	7,00	7,00	7,00
Park/kyrkjegardsdrift	2,00	2,00	2,20	2,20	2,20
Kommunalteknikk					
SUM	10,80	10,00	10,00	10,00	10,00
Administrasjon, leing av driftseining	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00
Administrasjon/ prosjektleiing, ingeniører, merkantil	4,80	4,00	4,00	4,00	4,00
Arbeidsformann/utearbeidarar	5,00	5,00	5,00	5,00	5,00
Brann og redning					
SUM	0,00	0,00	0,00	0,00	1,73
Administrasjon, leing	0,00	0,00	0,00	0,00	1,00
Mannskaper	0,00	0,00	0,00	0,00	0,73

Stillingsressursar fordelt på funksjon	2024	2023	2022	2021	2020
	inkl. nye tiltak				
Sum	33,80	31,50	31,70	31,70	32,93
Administrasjon/ leing	4,00	4,00	4,00	4,00	5,00
Ingeniører (kommunalteknikk, eigedom)	9,80	7,00	7,00	7,00	7,00
Driftspersonell (utestyrke, vaktmeistrar, park/grønt, reinhald)	14,00	14,00	14,20	14,20	14,20
Brann og redning (mannskaper)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,73
Byggesak	3,00	2,50	2,50	2,50	2,00
Plan/miljø	1,00	2,00	2,00	2,00	2,00
Oppmåling	2,00	2,00	2,00	2,00	2,00

Driftsbudsjett for teknisk sektor 2023 – sektor og driftseiningar

Driftsbudsjett for rekneskapsartane lønn, kjøp av varer og tenester (også eigenproduserte), overføringsutgifter, salginntekter og refusjonar på einingsnivå er vist i tabellen under. I oversikten er avskrivingskostnad trekt frå i kolonne R2021.

Ansvar:		B 2024	B 2023	B 2022
5	TEKNISK OG EIGEDOM	32 067 979	28 592 271	27 913 797
511	ADMIN. OG FELLESTENESTER KOMMUNAL TEKNISK	3 056 574	2 313 340	1 742 557
520	VEGER	4 040 379	3 894 563	3 841 782
530	EIGEDOMSFORVALTNING OG PARK/GRØNT	7 299 985	6 159 147	6 922 847
531	KOMMUNALE BYGG	8 184 741	7 015 221	6 196 611
541	BRANN	9 486 300	9 210 000	9 210 000
6	VAR	-26 305 097	-22 528 065	-18 074 169
7	PLAN, BYGGESAK OG OPPMÅLING	4 641 154	3 197 546	3 504 514

Driftstiltak for teknisk sektor

Dei økonomiske rammene for drift, eksklusive sjølvkostområda, innan teknisk sektor for 2024 og økonomiplan 2025 – 2027 er som følgande:

Driftstiltak	Budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027
Teknisk sektor, ansvar 5 og 7 - ramme før nye driftstiltak	36 709 133	36 709 133	36 709 133	36 709 133
Teknisk sektor, ansvar 5 og 7 - ramme etter nye tiltak	41 059 133	39 659 133	39 159 133	39 159 133
Sum nye driftstiltak	4 350 000	2 950 000	2 450 000	2 450 000
Ny medarbeidar knytt til integrering av flyktningar	900 000	900 000	900 000	900 000
Leige psykiatrilokaler	350 000	700 000	700 000	700 000
Juridisk rådgjevar. 60% plan, 40% Kommunalteknikk	850 000	850 000	850 000	850 000

Digitalisering av arkivet til planavdelinga	250 000			
Reguleringsplan Solavågen	1 000 000	500 000		
Reguleringsplan Vedde-Holsneset	1 000 000			

I framlegg til driftsbudsjett for 2024 og økonomiplanperioden er det prioritert å styrke kapasiteten gjennom to nye stillingsressursar. Dette er omtalt i tilknytning til oversikten over stillingsressursar for teknisk sektor.

Vidare er det prioritert å sette av midlar til digitalisering av byggesaksarkivet. Digitalisering av arkivet lette arbeidet for brukarar av arkivet og slik minke tidsbruken knytt til søk og innhenting av informasjon.

Arbeidet med reguleringsplanane for Vedde-Holsneset og Solavågen vert foreslått prioritert i 2024. Plan for Vedde-Holsneset er svært viktig for at bedrifter i området skal kunne vidareføre og utvikle seg. I tillegg vil planen gje framtidsretta løysningar for infrastruktur. Når det gjeld Solavågen er det tilsvarande viktig å regulere løysing for infrastruktur (veg, vatn og avløp). Det manglar kommunalt avløpsnett i området i dag og det er mange direkteutslepp til sjå frå bustadar. Planen vil kunne opne for utvikling av areal i området.

Av omsyn til administrativ kapasitet vert det ikkje foreslått å starte arbeidet med andre reguleringsplanar (som ikkje inngår som del av investeringstiltak).

Investeringstiltak

Forslag til investeringstiltak (innan teknisk sektor) i budsjett og økonomiplanperioden er delt inn i forslag til faste investeringar og andre investeringar.

Faste investeringar - tiltak	Budsjett	Økonomiplan		
	2024	2025	2026	2027
Alle	4 800 000	3 800 000	2 800 000	2 800 000
Eigedom. Rammeløyve mindre investering bygg	4 000 000	3 000 000	2 000 000	2 000 000
Eigedom. Bil eigedomsavdeling	800 000	800 000	800 000	800 000

Andre investeringar - tiltak	Budsjett	Økonomiplan		
	2024	2025	2026	2027
Alle	45 600 000	31 392 061	66 800 000	7 800 000
Bil kommunalteknikk (utskrifting av gammel bil)	800 000			
Traktor (Kommunalteknikk)		1 600 000		
Bru Bakkenesvegen	1 500 000			
Bru Svingen (Mauseidvåg)	200 000			
Fortau Vågnesvegen		400 000	4 800 000	4 800 000
Fortau - Bratthaugmyra (ved Vasset bhg/Vasset sameige)	2 000 000			
Kryssing fylkesveg 657, Fiskerstranda		500 000		
Tiltak Vågevatnet			300 000	1 000 000
Reguleringsplan - gang og sykkelveg Langevåg - Skogjerdet	300 000			

Fortau tosidig Rørstadmarka			200 000	500 000
Bjørkavågen ast - veg 1 (rebudsjettering av budsjettmidlar frå 2023)	4 000 000			
Parkeringsplass Indre Sula kyrkje (rebud. 2023)	2 300 000			
Eigedom. Utfasing av lyskilder etter påbud	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Vasset Borettslag (skal selgast etter ferdigstilling)	30 000 000	27 392 061		
Molværsvegen 11, tilbygg	3 000 000			
Byggetrinn 3 i BUA			60 000 000	

VAR (sjølvkost)	2022-2023	2024	2025	2026	2027	2028	SUM
Renseløysing Eikrem		500 000					500 000
Salen Pumpestasjon			3 620 000				3 620 000
Rammeløyving vatn	7 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	20 000 000
Rammeløyving avløp	16 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	41 000 000
Nytt avløpsrensaneanlegg *	14 200 000	51 500 000	93 700 000	148 100 000	118 000 000	10 200 000	435 700 000
SUM VAR investeringer	37 700 000	59 500 000	104 820 000	155 600 000	125 500 000	17 700 000	500 820 000

På grunnlag av erfaringane med høgt ambisjonsnivå og avgrensa administrativ kapasitet er talet investeringstiltak forsøkt justert ned i budsjett for 2024 og i økonomiplan. For 2024 og i økonomiplan er det lagt inn ei auke i rammeløyving for mindre investeringar i bygg og anlegg. Rammeløyving vil verte disponert av driftseining for Eigedom, men prioritering skal avklarast med kommunedirektør og leiarteam.

For 2024 er det lagt inn nye tiltak for utskifting av to bilar, ein på Eigedom og ein på Kommunalteknikk. Erfaring tilsei at når bilar nytta i dagleg drift er meir enn 10 år vil vedlikehaldskostnadane auke vesentlig samtidig som det er ønskelig å unngå ein situasjon der fleire bilar må byttast over kort tid (eit eller få budsjettår). Når det gjeld traktor er det ei større investering og det er ein enkelt maskin slik at tilstand og behov vert vurdert laupande. Det må påreknast at traktoren ut frå alder og tilstand må skiftast i dei nærmaste åra.

For kommunal veg er det prioritert å utføre nødvendig vedlikehald på bruer, ferdigstilling av ny veg 1 i Bjørkavågen og forttau på ei kortare strekning på Vassetvegen i Langevåg. Forttauet er prioritert på grunn av at det er nødvendig for etablering av nye tilrettelagte bustadar for ungdom (Vasset Borettslag) og som del av satsing på trygg skuleveg. Vedlikehald av bruene er nødvendig for å unngå stenging av veg. Bygging av ny veg 1 i Bjørkavågen er starta på med etablering av anleggsveg i tilknytning til utviding og renovering av kyrkjegard. Vegen vil gi betre tilkomst til Indre Sula kyrkje og auka parkeringskapasitet i tillegg til utbetring av tilkomst til bustadar i området.

For kommunale bygg vil nye krav medføre at lyskjelder basert på halogenpærer og lysstoffrør må skiftast ut. Dette er eit omfattande arbeid som er vanskelig å gjennomføre på eit enkelt budsjettår. Det er difor lagt inn ei ramme på kr. 1,5 millionar i budsjett for 2024 og i økonomiplan for 2025 – 2027. På grunnlag av samla kostnad, at tiltaket vil

være ei oppgradering og at utskifting skjer som som ei klart definert tiltak (tid og omfang) vert det finansiert som investering.

Det er lagt inn investeringsrammer for to konkrete byggtiltak i budsjett for 2024, Vasset Borettslag og Molværsvegen 11. Sula kommune vil være tiltakshavar og sørge for oppføring av bygget til Vasset Borettslag med tilskot frå Husbanken som delfinansiering. Etter oppføring vil dei enkelte bustadseksjonane selgast. Det planlagte tilbygget til Molværsvegen 11 skal legge til rette for vidareføring av drift og tenester ved bustadane som er i samsvar med arbeidsmiljøloven. Når det gjeld økonomiplan er det lagt inn ei investeringsramme på kr. 60 millionar i 2026 for å synleggjere økonomisk konsekvens av behov for investering i nye kommunale bustadar. Ein plan med nærmare detaljar og tidfesting vil bli sett opp og inngå som del av arbeidet med eigedomsutvikling.

Dei foreslåtte investeringane innan vatn og avløp er delt i rammeløyvingar og nytt felles avløpsreinseanlegg samans med Ålesund kommune (Kongshaugen reinseanlegg). Etableringa av nytt felles avløpsreinseanlegg vil være ressurskrevjande administrativt og det er difor foreslått relativt låge rammer for andre investeringar innan vatn og avløp.

Det er planlagt store investeringar knytt til avløp og vassforsyning som vil gje vesentlige utslag for gebyrnivå i Sula i økonomiplanperioden. Utviklinga er vist i figur tatt inn under omtale av Kommunalteknikk og notat frå firmaet Momentum Solutions som ligg ved gjev nærmare detaljar og omtale for kvart enkelt sjølvkostområde.

Helse, miljø og tryggleik

Teknisk sektor har eit variert arbeidsmiljø med store skilnader mellom driftseiningane og internt i einingane. Arbeidsmiljø knytt til drift innan kommunaltekniske anlegg og drift av bygg er klart mest krevjande. Oppgåvene medfører mellom anna eksponering for kjemikaliar, gass, bakteriar/virus, fallskadar og klemskadar. Alt driftsrelatert personell skal følgast opp med helsekontroll og vaksinerings for dei som arbeider med sanitær/avløpsanlegg. Tiltaksplan for HMT i 2024 vert å sette opp i samarbeid med bedriftshelsetenesta.



Sjukefråvær i teknisk sektor for 2022 og 2023 fram til september.

Som det går fram av figuren har det samla sjukefråværet vært innanfor målet på maksimalt 8%. Utviklinga i 2023 er positiv og det er ikkje spesielle utfordringar knytt til sjukefråvær innan teknisk sektor, men det er likevel viktig med god individuell oppfølging og tilrettelegging ved behov.

Analyse av drift og kostnadsnivå

Fokus på forbetring av drift i einingane vil som tidlegare også være viktig i 2024 og i økonomiplanperioden. Generelt vert drifta innan sektoren vurdert som nøktern og med god kvalitet. Kostra tal for 2022, som er nyaste statistikk basert på rekneskapstal, viser samme hovudtrekk som tidlegare.

Kostratala viser mellom anna at Sula driv ei effektiv eigeidomsforvaltning som tidlegare år. Kostnadar knytt til drift av kommunale bustadar viser likevel same trend som tidlegare år og ligg over snittet i vår kostragruppe, men litt under landsgjennomsnittet. Variasjonene mellom år er stor og det er grunn til å være forsiktig med å tolke for mykje ut av statistikken.

Samla er det likevel ikkje tvil om at utgifter til eigedomsforvaltning, kommunale bustadar og idrettsbygg er svært låge samla for Sula samanlikna med landsgjennomsnittet utan Oslo. Vi vurderer at viktige faktorar for resultatet er generelt godt vedlikehald av tekniske anlegg (varme og ventilasjon), effektiv utnytting av areal, kompetent driftspersonell og god leing innan eigedomsforvaltninga.

Utviklinga for kostnader til drift av kommunal veg følger same trend som tidlegare år. Sula kommune bruker generelt relativt lite på drift av kommunal veg målt per innbyggjar, men relativt mykje per km veg samanlikna med kostragruppe 1. Den overordna utfordringa for drift av kommunal veg er at det ikkje er samsvar mellom budsjett og ambisjonsnivå for kvalitet. I budsjett for 2023 er det likevel ikkje lagt inn forslag om styrking av vegbudsjett frå kommunedirektøren si side.

Tenester knytt til Brann og ulukkesvern (gjeld også interkommunalt samarbeid om akutt forureining) er kjøpt som teneste frå Ålesund brannvesen. Kostnadane til kjøp av tenester ligg under nivå i kostragruppe 1 og under landsgjennomsnitt og ei viktig forklaring har vært at det er ikkje innført vaktordning på stasjonen i Langevåg. Ålesund brannvesen har orientert om at dei tek sikte på å styrke beredskapen på leiarnivå og at dette kan erstatte etablering av eiga vaktordning ved Langevåg stasjon.

Driftsområde (funksjon)	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 302 Byggesaksbehandling og eierseksjonering, Sula kommune	140	11	123	93	123	141
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 302 Byggesaksbehandling og eierseksjonering, Kostragruppe 01	107	28	35	133	85	49
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 302 Byggesaksbehandling og eierseksjoneing, EAKUO Landet uten Oslo	84	22	22	35	31	18
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 301 Plansaksbehandling, Sula	413	267	196	374	299	264
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 301 Plansaksbehandling, Kostragruppe 01	318	325	300	196	296	272
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 301 Plansaksbehandling, EAKUO Landet uten Oslo	305	298	267	287	270	244
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 303 Kart og oppmåling, Sula	128	141	111	125	178	111
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 303 Kart og oppmåling, Kostragruppe 01	150	131	131	152	139	112
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 303 Kart og oppmåling, EAKUO Landet uten Oslo	116	98	98	111	101	90
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK6a Eiendomsforvaltning, kommune, Sula	3 238	3 295	3 239	3 207	3 042	2 833
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK6a Eiendomsforvaltning, kommune, Kostragruppe 01	5 840	5 794	5 239	6 075	5 114	4 763

Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK6a Eiendomsforvaltning, kommune, EAKUO Landet uten Oslo	6 722	6 225	5 629	5 598	5 397	5 082
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK16 Kommunale boliger, kommune, Sula	272	297	404	-180	26	-122
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK16 Kommunale boliger, kommune, Kostragruppe 01	104	40	-29	-235	-153	-204
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK16 Kommunale boliger, EAKUO Landet uten Oslo	288	220	108	-87	17	0
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg, kommune, Sula	218	217	210	209	235	208
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg, kommune, Kostragruppe 01	491	485	471	469	351	295
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg, EAKUO Landet uten Oslo	739	689	614	592	559	513
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 332 Kommunale veier, Sula	1 271	1 122	921	947	754	722
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 332 Kommunale veier, Kostragruppe 01	1 434	1 346	1 214	1 268	1 180	1 105
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 332 Kommunale veier, EAKUO Landet uten Oslo	1 482	1 366	1 229	1 218	1 160	1 072
Netto driftsutgifter i 1000 kroner per km veier og gater, Sula	207,6	184,6	149,3	152,0	122,5	115,7
Netto driftsutgifter i kroner per km veier og gater, Kostragruppe 01	125,2	116,0	105,2	90,2	83,3	81,6
Netto driftsutgifter i kroner per km veier og gater, EAKU Landet uten Oslo	182,7	166,7	150,6	147,6	140,4	130,4
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK17 Brann- og ulykkesvern, Sula kommune	831	860	757	830	724	683
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK17 Brann- og ulykkesvern, Kostragruppe 01	1 079	1 020	913	971	1045	928
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK17 Brann- og ulykkesvern, EAKUO Landet uten Oslo	1 051	986	894	919	889	822

Omtale av einingane

Plan, byggesak og geodata (PBG)

Omtale av eininga

Eininga forvaltar oppgåver etter m.a. matrikkellova og plan og bygningslova gjennom saksbehandling av plan-, bygge- og delingssaker, og oppmåling av eigedomar. Det vert og brukt tid i løpet av ei arbeidsveke på rettleiing. Vår juridisk kompetanse har det siste året stått for forvaltningsrettleiing for mellom andre Kommunalteknikk og leiargruppa.

Eininga har ansvar for vedlikehald og oppdatering av kommunen si kartløyning, geografisk informasjonssystem, både internt og web. Planregister gir oversikt over godkjente planer og legg til rette for at vedtekne planer vert tilgjengelege i kartet.

Eininga har ansvar for landbrukssaker, forvaltning etter motorferdselslova, seksjonering, vegnamning, tilrettelegging for eigedomsskatt, oppfølging av kommunale tilskot, tilrettelegging for grunnkjøp, publikumsrettleiing til ansvarleg søkarar, tiltakshavarar og innbygarane. Eininga samarbeider tett med publisering av informasjon på internett og kunngjer planar i Sulaposten.

Behov

Det er vurdert å være relativt godt samsvar mellom ressursar og dei daglege oppgåvene ved avdelinga med unntak av tilsynsfunksjon. Eininga har få tilsette og er slik sårbar i høve langtidssjukemeldingar.

Sjølvkost ved plan, byggesak og geodata

Gebyra reflekterer kommunens arbeid med dei ulike sakene som vert behandla og er utrekna i samsvar med sjølvkostprinsippet og føreskrift og retningsliner i H/3-14. Gebyrregulativet vert vedteke årleg av kommunestyret.

Sjølvkost er den totale auke i kostnad ei kommune blir påført ved å produsere ein bestemt teneste. Kostnadar er relatert til forvaltningsoppgåver. Klagesaker og publikumsrettleiing skal det ikkje takast gebyr for.

Gebyr basert på lovverk.

1. Plan- og byggesaksbehandling (Plan- og bygningsloven av 27. juni 2008, § 33-1).
2. Oppmåling og matrikkelføring (Matrikkelloven av 17. juni 2005, § 32). Kommunen kan ta gebyr for oppmålingsforretning, matrikkelføring, matrikelbrev og annet arbeid etter regulativ fastsatt av kommunestyret selv.
3. Seksjonering (Eierseksjonsloven 16.juni 2017 § 15)

Behov

Eininga har variert og høg kompetanse som gjer at drifta av dei daglege oppgåvene går bra. Det er gitt positive tilbakemeldingar frå ansvarleg søkarar om god informasjonsflyt og rask saksbehandling i Sula kommune. Det skulle vore meir ressursar til tilsynsfunksjon, eininga har prioritert nokre tilsyn gjennom 2022, dette stadfester kor ressurskrevjande tilsynsarbeid er, noko lova krev skal prioriterast.

Avdelinga har jurist i tidsavgrensa stilling. Denne ressursen har vist seg å være til god støtte særleg i høve klagesaker, tilsyn, rettleiing og har til nytte for andre einingar. Det lagt inn forslag om styrking i form av permanent stilling. Eininga har få tilsette og er slik sårbar i høve langtidssjukemeldingar.

Eininga har brei digital kompetanse. Det er ønskeleg å digitalisere byggesakarkivet og difor lagt inn forslag om styrking av interne ressursar for å gjere dette arbeidet i samråd med IKA. Digital saksbehandling heng saman med Sula kommune sitt saksarkivsystem Websak+. Modulfunksjonar kan gi tilgang til å knyte saker til den einskilde eigedom som viser saksforløpet gjennom geografisk

informasjonssystem. Andre funksjonar kan legge til rette for å gjere seg nytte av digital informasjon i sjølve behandlinga for å følge løpet i saksbehandlinga. Det er behov for kopling i sakssystemet og kartet for å nytte denne funksjonen, det er ikkje innhenta pristilbod på dette.

Det vil vere ein stor gevinst med å få dispensasjonar i kartet, då kan vi knyte det til eigedom og det er føreseieleg både for grunneigar, naboar og ved saksbehandling

Utfordringar

Utfordringar er hovudsakeleg knytt til kapasitet og få ressursar. Eininga er sårbar ved fråvær og det er viktig å ta vare på den gode kompetansen avdelinga har.

Driftsbudsjett

Det er vedtatt å sette i gang fleire reguleringsplanprosessar i Sula kommune, det vert gjort egne vedtak der det følger midler for slike prosjekt. Områderegulering for Langevåg sentrum er slutført, men påklage og arbeidet vil halde fram til saka er avslutta, det er ikkje midler avsett til dette arbeidet. Områdeplan på Sulafjellet som vert gjort saman med privat aktør, og krev saksbehandlingsressurs av Sula kommune.

Publikumsrettlegg, klagebehandling, planarbeid, arbeid nemnt under tredje avsnitt for eininga sin omtale og arbeid tilknytt geografisk informasjonssystem gjer at full sjølvkostdekning innan plan, byggesak og oppmåling ikkje er realistisk. Sjølvkostdekning vil kome fram gjennom ny lokal forskrift som skal behandlast politisk. Målet er å ha grunnlaget på plass i løpet av hausten 2023 for politisk behandling i 2024.

Eigedomsforvaltning

Omtale av avdelinga

Eigedomsforvaltning har ansvar for kommunale bygg og husvære. Eininga har og ansvar for parkvesen/kyrkjegardsdrift, kjøp og sal av eigedom, reinhald og leigeavtaler, og prosjektering av nybygg.


Utfordringar

Dei største utfordringane for driftseininga er knytt til kapasitet. Det har over fleire år vore vekst i sektorane for oppvekst og helse og omsorg, og bygningsmasse knytt til barnehage, skule og omsorg er aukande. Eininga vil slutføre fleire investeringsprosjekt i 2023, mellom anna:

- Ny carport Nausthaugen
- Nytt lagerbygg, Langevåg kyrkjegard
- Sandlager/kildesortering avfall teknisk stasjon Vedde



Figur 1, Eigedom: Lagerbygg Langevåg kyrkjegard



Figur 1, Eigedom: Carport Nausthaugen bustadstifting

Ut frå at den kommunale bygningsmassen aukar og at behov knytt til andre tenester knytt til nye investeringsprosjekt samt tenester i samband med mottak av flyktningar aukar er det behov for å styrke kapasiteten i driftsstaben. Det er lagt inn forslag om ei ny stilling knytt til drift i 2024 og det vil

i praksis bety høgare krav til rasjonell drift og strengare prioritering (vedlikehald, internkontroll, kapasitet til å yte tenester til andre einingar).

Rammer for drift

Det har vist seg å være ei utfordring å gjennomføre større vedlikehaldsoppgåver over driftsbudsjettet. Resultatet har vært at enkelte slike oppgåver er utsett eller at dei er finansiert over investeringsbudsjettet. For å kunne gjennomføre slike vedlikehaldsoppgåver og med korrekt finansiering vart det i 2023 lagt inn ei styrking av driftsbudsjettet med kr. 1 000 000,- som videreførast i 2024.

Ramme for driftsbudsjett gjer det vanskelig å gjennomføre større vedlikehaldsoppgåver knytt til tak, fasade, ventilasjon og varmeanlegg.

Nytt forvaltningssystem FAMACWEB vart tatt i bruk i 2019, og erfaringene er gode. Systemet er godt egna til oppgåver knytt til utleige og drift/vedlikehald av kommunale bygg og handterer følgende oppgåver:

- Internkontroller og oppfølging av lovpålagte oppgåver
- Husleige/indeksregulering omsorgsbustader/utleigebustader/skuler-haller
- Fakturering
- Vedlikehald av oversikt over leigetakarar, inn-utflytting (ledige bustader/leiligheiter)
- Bestilling av vaktmeistertenester via eigen app/pc
- Eigen reinhaldsmodul

Kommunalteknikk

Omtale av eininga

Driftseining for kommunalteknikk driftar infrastrukturen knytt til veg, vatn og avlaup. I tillegg har eininga ansvar for tenestene knytt til renovasjon, slam og feiing. Kommunalteknikk har også ansvar for trafikktryggingstiltak og saker om lokal forureining.

Tenester knytt til vatn, avlaup, renovasjon, slam og feiing er organisert etter sjølvkostprinsippet. For renovasjon og slam er kravet absolutt og inneber at kommunen skal ha full kostnadsdekning for tenestene. For vatn, avlaup og feiing er kravet at brukere bør bære kostnadane ved tenestene.


Sula kommune er tilknytt det regionale samarbeidet om innsamling av hushaldsavfall og slam i form av ÅRIM. Målet med samarbeidet er å organisere tenestene på ein rasjonell og kvalitativt god måte.

Tilsvarande kjøper Sula kommune feietenester av Ålesund brannvesen. Ut frå dagens organisering vert dette vurdert som rasjonelt samanlikna med å utføre i eigen regi.

Sula kommune tek sjølv ansvar for drift og vedlikehald av dei kommunaltekniske anlegga for veg, vatn og avlaup. Sula har ikkje eige vassforsyning, men kjøper vatn frå Ålesund kommune.

Vatn, avløp, renovasjon, feiing og slam - sjølvkosttenester

Prognose for kommunale avgifter for 2024 og økonomiplanperioden er som følgende:



Av figuren går det fram at det vil være ei vesentlig auke i samla gebyrnivå fram til 2029. Størst auke vil det være i avløpsgebyret i perioden. Det er grunn til å merke seg følgende:

- For gebyr på vatn tilsei prognosa størst auke frå 2023 til 2024.
- For avløp vil det være ei årleg auke gebyret på mellom 10 og 16%, med størst auke i starten av perioden.
- For vatn og avløp vil kapitalkostnadar knytt til investering i nye anlegg påverke vekst i gebyr vesentlig. Sula kommune kjøper vatn frå Ålesund kommune og kostnaden er formelt ført som kjøp av varer og tenester. Avtalen som regulerer kjøpet legg til grunn sjølvkostprinsippet. Ålesund kommune er i ferd med å investere i nytt reinseanlegg for vatn og dei samla kostnadane som vert lagt til grunn for pris på vatn vil auke først og framst som følgje av auka kapitalkostnadar.
- Det er få hushaldningar som betaler alle gebyra, men hos fleirtalet inngår vatn, avløp og renovasjon. Relativt mange hushald har eldstad slik at også gebyr for feiing og tilsyn av pipe/ldstad inngår i samla gebyr.

Det går fram av kalkylene at vass- og avlaupsgebyret vil auke i økonomiplanperioden. Auken i avlaupsgebyret er knytt til oppfølging av kommunedelplan for avløp og at Sula kommune må innfri krav om rensing snarast mogleg. For vassgebyret er auken knytt til ny avtale om kjøp av vatn frå Ålesund kommune. Avtalen om kjøp av vatn er tufta på sjølvkostprinsippet og Sula kommune skal etter det betale faktisk pris for produksjon og leveranse av vatn. I tillegg kjem utgifter til vedlikehald og drift av kommunalt leidningsnett på Sula. Auken gjer at det er viktig å prioritere vedlikehald og

reduksjon av lekkasjer frå leidningsnettet. Nærmare detaljar og omtale av sjølvkosttenester og kostnadsutvikling går fram av notat frå Momentum Solutions som ligg ved.

Utfordringar

Sula kommune har gjennomført mange tiltak i samsvar med kommunedelplan for avløp vedteken i 2012. Fjerning av direkteutslepp av kloakk og separering av overvatn og avlaup har vært i fokus. Samarbeid om felles renseanlegg vart etablert med Ålesund kommune i 2016 og det vart i 2018 vedtatt å starte opp regulering av området. Forprosjektfasen vart avslutta våren 2021 med politisk handsaming kommunestyremøter i Ålesund og Sula i juni. Begge kommunestyra vedtok å fortsette samarbeidet og å starte ein detaljprosjekteringsfase med sikte på å realisere felles reinseanlegg på Veibust/Kvasnes. Planlegginga vil være ein stor og ressurskrevjande oppgåve ved driftseining for Kommunalteknikk fram til planlagt ferdigstilling i 2027/2028.

Det er framleis høg aktivitet med utbygging av nye felt og enkeltbustadar. Det er knytt utfordringar til veksten og kommunal infrastruktur innan veg, vatn og avlaup. Fram til ei godkjent reinseløysing for kommunale avløpsanlegg er etablert vil situasjonen påverke alle nye tiltak med avløp.

Driftsbudsjett

Det er ikkje foreslått større driftstiltak i budsjett for 2024 eller i økonomiplanperioden. Eininga har avgrensa kapasitet og den største utfordringa vil være å følgje opp dagleg drift av anlegg, sakshandsaming av søknadar etter til dømes forureingsloven, tilsyn, vurdere framlegg til nye reguleringsplanar og å følgje opp dei vedtekne investeringsprosjekta. Kapasiteten legg slik begrensningar i høve oppgåver som til dømes kvalitetsheving av leidningsnett og innføring av digitale/smarte vassmålarar.

Investeringsbudsjett

I budsjett for 2024 vert det lagt opp til rammeløyvingar på 2,5 millionar for vatn og 5,0 millionar for avlaup. Deler av rammeløyvingane er planlagt disponert i tilknytning til vegprosjektet veg 1 i Bjørkavågen. Det vil være svært avgrensa kapasitet til å planlegge og gjennomføre andre større investeringstiltak enn vedteken vegprosjekt og nytt felles avløpsanlegg i 2024.

For investeringsprosjektet Kongshaugen reinseanlegg er det lagt til grunn såkalla P-50 kostnadskalkyle med justering for prisvekst til 2024. P-50 kostnadskalkyle er definert som en styringsramme med 50% sannsynlighet for å unngå overskridelser. Det er med andre ord like sannsynlig at endelig kostnad blir mindre som at den blir større når investeringen er gjennomført. Vedleggene frå Momentum Solution gir nærmere forklaring og innsikt i forhold til selvkostområdene, lovverk og hvordan selvkostkalkylene er satt opp.

Brann og redning

Sula kommune gjennomførte i juni 2020 ei verksemdsoverdraging av brann og redningstenesta til Ålesund brannvesen. Ålesund brannvesen har i tillegg ansvar for brann og redningsteneste i Giske kommune. I budsjett for 2024 er det lagt til grunn at samarbeidet med Ålesund brannvesen skal fortsette. Deling av Ålesund kommune og reetablering av Haram kommune frå 2024 vil ikkje endre vesentlig på rammene for samarbeidet.

6.1 Økonomiplan 2024-2027, drift

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN I 2024 PRISER	BUDSJETT 2024	ØK.PLAN 2025	ØK.PLAN 2026	ØK.PLAN 2027	NOTE
FRIE INNTEKTER (SKATT OG RAMMETILSKOT)					
Frie inntekter inklusiv skjønnsmidler	-698 800 000	-702 900 000	-702 900 000	-702 900 000	1
Auke i frie inntekter som følge av endring demografi	0	-3 000 000	-6 000 000	-9 000 000	2
Est. skatteinnt. ut over KS-prognose	-5 710 000	-5 851 000	-5 531 000	-5 531 000	3
ANDRE STATSTILSKOT					
Integreringstilskot flyktninger	-29 324 000	-27 960 800	-27 324 800	-25 708 800	4
Skulepakken - rentekompensasjon	-700 000	-550 000	-400 000	-300 000	5
Omsorgsbustader - rente og avdragskompensasjon	-2 400 000	-2 250 000	-2 100 000	-2 000 000	5
Rentekompensasjon kyrkje	-80 000	-60 000	-30 000	-20 000	5
PENSJON					
Premieavik inkl arbeidsiveravgift (prognose KLP/SPK)	-39 650 626	-39 721 550	-40 173 147	-40 661 174	6
Amortisering premieavik inkl. arbeidsgiveravgift	24 457 329	28 249 610	29 656 439	30 368 909	6
RENTEUTGIFT, RENTEKOSTAND, AVDRAG, AVKASTNING					
Låneadministrasjon	110 000	110 000	110 000	110 000	7
Renteutgifter på eksisterende lån	47 500 000	47 000 000	42 000 000	42 500 000	8
Avdrag på eksisterende lån	48 000 000	48 000 000	48 000 000	48 000 000	9
Renteinntekt og avkastning	-10 500 000	-10 000 000	-9 500 000	-9 500 000	10
TIL FORDELING PÅ SEKTORANE	-667 097 297	-668 933 740	-674 192 508	-674 642 064	
ORG. OG UTVIKLING, avsette midlar til lønns- og prisvekst 2024	17 200 000	17 200 000	17 200 000	17 200 000	11
ORG. OG UTVIKLING, Flyktningmidler til fordeling	3 000 000	1 000 000	1 000 000	0	12
ORG. OG UTVIKLING, RAMME FØR NYE TILTAK	59 078 347	59 078 347	59 078 347	59 078 347	13
Omstilling- og effektiviseringstiltak	500 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	14
Utgifter til valg	0	450 000	0	450 000	14
Eigedomsutvikling	500 000	0	0	0	14
Borgundfjordtunnelen	550 000	0	0	0	14
Sula Sokn. Rammeauke	200 000	200 000	200 000	200 000	14
Kontrollutvalet og revisjonstenester	216 000	216 000	216 000	216 000	14
IKT. Digitalisering publikumskontakt	110 000	110 000	110 000	110 000	14
IKT. Nytt fagsystem barnevern (ekstra lisenskostnader)	60 000	60 000	60 000	60 000	14
IKT. Visma Enterprise. Ekstra lisenskostnad til skyløsning	270 000	270 000	270 000	270 000	14
IKT. Forbedret innsynsmodul i Acos	140 000	60 000	60 000	60 000	14
IKT. Dossier Kommunaløsning	200 000	100 000	100 000	100 000	14
Overføring Sula Sokn. 10-årsservice av orgelet i Langevåg kyrkje	0	300 000	0	0	14
ORG. OG UTVIKLING, RAMME ETTER NYE TILTAK	61 824 347	61 844 347	61 094 347	61 544 347	

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN I 2024 PRISER	BUDSJETT 2024	ØK.PLAN 2025	ØK.PLAN 2026	ØK.PLAN 2027	NOTE
OPPVEKST, RAMME FØR NYE TILTAK	290 151 606	290 151 606	290 151 606	290 151 606	13
KULTUR, RAMME FØR NYE TILTAK	11 622 483	11 622 483	11 622 483	11 622 483	13
Rammeauke skule	8 000 000	5 500 000	4 500 000	4 500 000	15
Ungdomslos	500 000	0	0	0	15
Helsesjukepleiar. Stilling knytt til flyktningarbeid	850 000	850 000	850 000	850 000	15
Langevåg skule. Stilling knytt til flyktningarbeid	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	15
Sula ungdomsskule. Stilling knytt til flyktningarbeid	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	15
Auke pga gratis plass kjernetid SFO for 2. klasse (12 t)	1 850 000	1 850 000	1 850 000	1 850 000	15
Kom. barnehagar. Auke pga redusert sats foreldrebetaling	1 400 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	15
Priv. barnehagar. Auke pga redusert sats foreldrebetaling	1 500 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000	15
Auke som følge av gratis barnehage frå tredje barn i familien	50 000	50 000	50 000	50 000	15
Auke barnehage som følge av endring i kontantstøtteordning	240 000	520 000	520 000	520 000	15
Auke til førebuing av ny opplæringslov frå hausten 2024	100 000	240 000	240 000	240 000	15
Barnevernsreform	0	-350 000	-350 000	-350 000	15
Aktivitetstilskot kulturmidlar	100 000	0	0	0	15
KULTUR OG OPPVEKST, RAMME ETTER NYE TILTAK	318 364 089	318 734 089	317 734 089	317 734 089	
HELSE OG MESTRING , RAMME FØR NYE TILTAK	311 432 930	311 432 930	311 432 930	311 432 930	13
Refusjon ressurskrevjande brukarar	-45 650 000	-45 650 000	-45 650 000	-45 650 000	16
Integreringsteneasta for flytningar. Berekna auke i utgiftsnivå	7 599 212	7 599 212	7 599 212	7 599 212	16
Rammeauke knytt til auke i avtalefesta tillegg i 2023	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	16
Sjukepleiar. Knytt til flyktningarbeid (heimeteneste)	850 000	850 000	850 000	850 000	16
Helseeininga. Samfunnsmedisinsk kompetanse	0	0	-130 000	-130 000	16
Styrking basistilskot fastlegar	440 000	440 000	440 000	440 000	16
Auka satser for utbetaling sosialhjelp	680 000	680 000	680 000	680 000	16
Etablering av miljøterapeutisk teneste i heimetenasta	1 045 000	2 065 000	2 065 000	2 065 000	16
Auka innsats demensteam	190 000	190 000	190 000	190 000	16
Sulatun. D-vakt korttidsavdelinga 140 % stilling	931 000	931 000	931 000	931 000	16
Driftstilskott fysioterapi	390 000	531 000	531 000	531 000	16
Kulturkarusell for eldre	320 000	320 000			16
Auka budsjett som følge av endring demografi (øk.plan 23-26)		2 000 000	5 000 000	8 000 000	16
Innsparing byggetrinn 3 i BUA				-2 000 000	16
HELSE OG MESTRING , RAMME ETTER NYE TILTAK	279 728 142	282 889 142	285 439 142	286 439 142	
SAMFUNN, RAMME FØR TILTAK	32 359 132	32 359 132	32 359 132	32 359 132	13
Ny medarbeider eigedom. Knytt til flytningarbeid	900 000	900 000	900 000	900 000	17
Leige psykiatrilokaler	350 000	700 000	700 000	700 000	17
Juridisk rådgiver. 60% plan, 40% kommunalteknikk	850 000	850 000	850 000	850 000	17
Digitalisering av arkivet til byggesak	250 000				17
Reguleringsplan Solavågen	1 000 000	500 000			17
Reguleringsplan Vedde-Holsneset	1 000 000				17
SAMFUNN, RAMME ETTER TILTAK	36 709 132	35 309 132	34 809 132	34 809 132	
VAR (sjølvkostområde)	-26 305 138	-31 394 068	-38 451 710	-47 744 813	18
SUM SEKTORRAMMER, ETTER NYE DRIFTSTILTAK	690 520 572	685 582 642	678 825 000	669 981 897	

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN I 2024 PRISER	BUDSJETT 2024	ØK.PLAN 2025	ØK.PLAN 2026	ØK.PLAN 2027	NOTE
RENTER OG AVDRAG NYE TILTAK					
Renter på nye tiltak (ekskl VAR)	629 507	1 362 953	2 192 876	3 172 699	19
Avdrag på nye tiltak (ekskl VAR)	0	1 459 333	2 137 000	3 486 667	19
Renter på nye tiltak VAR	1 490 475	5 091 905	9 529 047	14 932 150	19
Avdrag på nye tiltak VAR	0	1 487 500	4 108 000	7 998 000	19
RESULTAT FØR EIGEDOMSSKATT	25 543 257	26 050 593	22 599 415	24 929 349	
Eigedomsskatt på eiedomar utanom næringseigedom	-10 400 000	-10 400 000	-10 400 000	-10 400 000	20
Eigedomsskatt på næringseigedom	-750 000	-750 000	-750 000	-750 000	20
Taksering og bistand eigedomsskatt	150 000	150 000	150 000	150 000	20
Rammereduksjon/innsparing	0	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000	21
BRUK AV DISPOSISJONSFOND	14 543 257	10 050 593	6 599 415	8 929 349	

DISPOSISJONSFOND	Overskotsfond	Risikoreg.fond	Flyktningfond	Andre fond	Sum disp. fond
FOND PR. 31.12.2022	122 374 273	7 807 264	15 067 246	151 583	145 400 366
Budsjettert brukt/avsatt i 2023	-21 500 000				-21 500 000
Anslått mindreforbruk i 2023	9 100 000				9 100 000
FOND PR. 31.12.2023	109 974 273	7 807 264	15 067 246	151 583	133 000 366
Bruk av fond i økonomiplanperioden	-37 622 614		-2 500 000		-40 122 614
FOND PR. 31.12.2027	72 351 659	7 807 264	12 567 246	151 583	92 877 752

Avstemming mellom bruk a disposisjonsfond i økonomiplanperioden og netto driftsresultat i bevilgningsoversikt drift og økonomisk oversikt drift:

	BUDSJETT 2024	ØK.PLAN 2025	ØK.PLAN 2026	ØK.PLAN 2027
Bruk av overskotsfond	14 543 257	10 050 593	6 599 415	8 929 349
Avsetning til fond på VAR-området	-3 447 889	0	0	0
NETTO DRIFTSRESULTAT	11 095 368	10 050 593	6 599 415	8 929 349

(Positivt forteikn betyr negativt driftsresultat)

6.2 Noter til økonomiplan 2024-2027, drift

Note 1

Budsjett for frie inntekter (rammetilskot og skatteinntekter) baserer seg på KS sin prognosemodell publisert 10.10.23. Før egne justeringer viser modellen ei prognose på 700.400.000kr i frie inntekter for 2024. KS har brukt SSB sin modell for befolkningsframskriving for å estimere folketal pr 01.01.2024. Modellen viser eit forventa folketal pr 01.01.24 på 9.780. Dette er ei auke på 144 innbyggere frå 01.01.23. Dette verker litt mykje. I første halvår 2023 auka folketalet med 34 stykk. Dei siste 5 åra har innbyggeralet i gjennomsnitt auka med 101 per år. Vi har derfor justert forutsetning i modellen ved å legge inn eit folketal på 9.736 pr 01.01.24 (auke på 100 frå 01.01.23). Prognose for 2024 blir då frie inntekter iht KS prognosemodell på 698.800.000kr.

I forbindelse med statsbudsjettet så publiserer regjeringa eit anslag for frie inntekter (i tabell 3-k). Anslaget fremkommer på heimesida til regjeringa på følgende adresse: www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunedata/frie-inntekter/frie-inntekter-2024/id2996293/#/more-og-romsdal/sula. På denne sida ser man anslaget, samt ei forklaring på kva dei frie inntektene består av. Anslaget for frie inntekter for Sula kommune i tabell 3-k er 697.400.000kr. Dette er 1.400.000kr lavere enn det vi har lagt til grunn basert på KS sin prognosemodell. Årsaken til differansen er at det blir brukt litt andre forutsetningar. Ein av forskjellane er at KS benytter SSBs sitt anslag på folketal 1.1 i budsjettåret som grunnlag. Departementet bruker folketal 1.1 i året før budsjettåret. Kommuner med sterkare befolkningsvekst enn landsgjennomsnittet vil få undervurdert anslaget for frie inntekter i tabell 3-k. Dette er tilfelle for Sula kommune.

Frå 2025 stig dei frie inntektene (basert på KS sin prognosemodell) med 4.100.000kr samanlikna med 2024. Dette er på grunn av heilårsverknad av oppgåveendringar i 2024:

Innlemmingar i rammetilskot	2024	2025	Endring
Auke som følge av ny opplæringslov frå august 2024	100 000	240 000	140 000
Barnehage. Auke som følge av redusert makspris foreldrebetaling	3 100 000	6 780 000	3 680 000
Auke barnehage som følge av endring i kontantstøtteordning	240 000	520 000	280 000
SUM endring			4 100 000

Note 2

For åra 2025-2027 tek KS sin prognosemodell utgangspunkt i at folketalet for Sula kommune og landet er likt som i 2024. Vi har endra dette ved å legge inn forventa befolkningsframskriving (basert på SSB). Vi har på denne måten fått fram eit anslag på auke i frie inntekter som følgje av endring i demografi.

Note 3

I økonomiplan for 2022-2025 vedtok kommunestyre ei auke på 7 mill i frie inntekter ut over KS si prognose for 2022 og deretter 5 mill årlig deretter. Dette blei lagt til grunn for økonomiplanen 2023-2026, og i kommunedirektør sitt budsjettforslag for 2024-2027. I kommunestyremøte 30.11.23 vedtok kommunestyret å auke budsjetterte skatteinntekter ytterlegare med 710.000kr for 2024, 851.000kr for 2025, og 531.000kr for 2026 og 2027. Auke i skatteinntekter/frie inntekter ut over KS si prognose gir økt risiko i budsjettet, men samtidig så kan denne auka forsvares basert på historikk.

Prognosa for 2023 er at dei frie inntektene blir ca som budsjettert (inkludert dei ekstra 5 mill som vart lagt inn i budsjett).

Note 4

Integreringstilskotet for flyktningar er berkna ved hjelp av «Integreringskalkulator». Den berekner forventa tilskot basert på antall flyktningar som er busatt i 2020-2023 og forventning om mottak av flyktningar i 2024. For 2023 har vi lagt til grunn mottak av 50 flyktningar som vedtatt. Kommunestyret har ikkje gjort vedtak om mottak av flyktningar i 2024 enda. I modellen er det lagt til grunn mottak av 30 flyktningar. Integreringstilskotet for flyktningar blir budsjettert «sentralt», medan utgiftene med integreringsarbeidet i hovudsak blir budsjettert på ansvar «Integreringsteneste flyktningar» (NAV). Differansen mellom integreringstilskot og utgiftene på ansvar for «integreringsteneste flyktningar» er på 12,8 mill. Deler av dette «overskotet» er foreslått fordelt ut som styrking på driftseiningane knytt til flyktningararbeid. Differansen mellom budsjettert flyktingstilskot og budsjetterte flyktingutgifter er på 4,7 mill og inngår som ei styrking av totalbudsjettet for Sula kommune. Tabellen nedanfor viser flyktingbudsjettet:

Budsjett for integreringstenesta for flytningar	Beløp
Integreringstilskot (budsjettert sentralt)	29 324 000
Persontilskot for norsk og samfunnsfag (budsjettert hos NAV)	3 552 800
Utgifter på ansvar 30350 Integreringsteneste for flyktningar	20 018 556
"Overskot"	12 858 244
Budsjetfordeling av "overskot" i flytningbusjett	Beløp
Sentralt avsatte midlar til fordeling	3 000 000
Helsesjukepleiar. Stilling knytt til flyktingarbeid	850 000
Langevåg skule. Stilling knytt til flyktingarbeid	1 000 000
Sula ungdomsskule. Stilling knytt til flyktingarbeid	1 000 000
Sjukepleiar. Knytt til flyktingarbeid (heimeteneste)	850 000
Ny medarbeider eigedom. Knytt til flytningarbeid	900 000
Ungdomslos	500 000
Aktivitetstilskot kulturmidler	100 000
SUM	8 200 000
Resterande "overskot" inngår som ei styrking av totalbudjett	4 658 244

Note 5

Vi har enkelte rente- og avdragskompensasjonsordningar hos Husbanken. Husbanken utbetaler kompensasjonen i desember. Budsjettert kompensasjon for 2024 er berekna basert på resterende gjeld på ordningane samt forventa rente for 2024.

Note 6

Pensjonskostnaden blir berekna basert på ein rekke økonomiske, demografiske og statistiske forutsetningar. Sula kommune har pensjonsordning i KLP og SPK. Aktuarane i desse selskapa bistår oss med å berekne pensjonskostnaden. Det er andre forutsetningar som blir lagt til grunn for berekning av pensjonskostnad enn for berekning av pensjonspremien vi skal innbetale.

Pensjonspremien kan svinge veldig frå år til år, mens pensjonskostnaden er meir stabil. Forskjellen mellom pensjonskostnad og innbetalt premie blir kalla premieavvik. Premieavviket skal fordelast (amortiserast) over 7 år i regnskapet. Prognosen for innbetaling av premie for 2024 er høgare enn prognose for pensjonskostnad. Dette fører til budsjettert premieavvik i 2024 (som må kostnadsførast i dei neste 7 åra). Budsjettert pensjonskostnad for 2024 er på 56,9 mill. Dette er ei auka på ca 10 mill frå 2023. Hovedårsaken til denne auka er amortisering av det store premieavviket frå 2023. Tabellen nedanfor viser samanhengen mellom innbetalt premie og pensjonskostnad:

Pensjonsutgift	Budsjett KLP	Budsjett SPK	SUM BUD. 2024	Budsjett 2023	Prognose 2023
Innbetalt premie (inkl. adm.utgift)	69 086 841	9 483 231	78 570 072	81 350 881	100 428 501
Estimat 2% betalt av arbeidstakar	- 6 450 000	- 1 900 000	- 8 350 000	- 7 270 000	- 7 747 036
Budsjetterast på einingane	62 636 841	7 583 231	70 220 072	74 080 881	92 681 465
Premieavvik	- 33 716 600	- 1 034 168	- 34 750 768	- 41 335 971	- 59 788 844
Amortisering premieavvik	20 897 093	537 902	21 434 995	13 906 569	14 136 403
SUM budsjett	49 817 334	7 086 965	56 904 299	46 651 480	47 029 024

Vi må rapportere og betale arbeidsgivaravgift for pensjon. Arbeidsgivaravgifta vi må betale baserer seg på innbetalt pensjonspremie. Budsjettert pensjonskostnad på einingane er berekna slik at pensjonskostnaden i forbindelse med lønnsutbetaling skal tilsvare budsjettert pensjonspremie. Denne delen av pensjonskostnaden blir altså budsjettert og bokført på einingane. Premieavviket og amortisering av premieavviket blir budsjettert og bokført sentralt.

Note 7

Låneadministrasjon er det vi betaler til vår forvalter for bistand med gjeldsforvaltning.

Note 8

Renteutgift på eksisterande lån er berekna ved å multiplisere gjeldsportefølja med forventa rente. I 2024 forventer vi ei gjennomsnittlig rente på 3,78%. Dette er meir omtalt i kapittel 2.

Note 9

I budsjettet har vi lagt til grunn at vi skal betale minimumsavdrag.

$$\text{Minimumsavdraget} = \text{Sum avskrivninger} \times \frac{\text{Rest lånegjeld}}{\text{Sum bokført verdi varige driftsmidler}}$$

Note 10

I budsjettering av renteinntekt har vi tatt utgangspunkt i forventa rente vi får i banken. Vi får der 3 mnd NIBOR + margin på 0,3%. Vi har lagt til grunn Norges bank si forventning om 3 mnd NIBOR (forventning pr 21.09.23). I budsjettering av avkastning på fondsforvaltning har vi tatt utgangspunkt i budsjetterente + 0,5%. Dette er tilsvarende praksis som vi har gjort tidlegare år. Budsjetterenta er omtalt i kapittel 2.

Note 11

Budsjettet til driftseiningane baserer seg på lønns- og prisnivå i 2023. I budsjettet for 2024 er det satt av ei sentral avsetning for å dekke lønns- og prisvekst for 2024. Denne avsetninga vil i 2024 bli fordelt

ut på driftseiningane. I berekning av avsetning for lønns- og prisvekst er det tatt utgangspunkt i forventa kommunal deflator for 2024 frå statsbudsjettet. Den er på 4,3% og består av forventa lønnsvekst på 4,9% og forvetna prisvekst på varer og tenester på 3,4%.

Note 12

Som ein del av flyktningsbudsjettet har vi satt av 3 mill som skal viderefordelast ved behov. Denne avsetninga blir finansiert med integreringstilskot for flyktningar (sjå tabell under note 4).

Note 13

Utgangspunktet for sektorrammene for 2024 (før nye tiltak) er budsjetttramme for 2023. Det blir så gjort følgjande justeringar:

- Heilårsverkanden av lønnsoppgjør frå 2023 (lønnsoverheng) blir lagt inn i budsjetttramma.
- Budsjettendringar som er gjort i løpet av 2023 blir tilbakeført dersom desse er av «ingangskarakter». Altså at dei ikkje skal med vidare i budsjetttramma for 2024. F.eks så vedtok kommunestyret i juni 2023 (K-sak 38/23) å bevilge 4,5 mill til Helse og Sosial og 4,5 mill til Oppvekst (øyremerka skulane) for å redusere det stipulerte meirforbruket i 2023. Denne auka i budsjetttramme gjaldt kun for 2023 og er derfor trukke ut av budsjetttramma (før nye tiltak) for 2024.
- Endringar som er i henhald til vedtatt økonomiplan for 2023–2026. To eksemplar på dette:
 - I økonomiplan 2023-2026 blei det vedtatt ei ny stilling til IKT-medarbeidar. Den blei lagt inn med halvårsverkand på 325.000kr i 2023 og heilårsverknad i 2024 med 650.000kr. I budsjett 2024 er derfor budsjetttramma til IKT auka med 325.000kr for å innarbeide heilårseffekten av denne stillinga.
 - I økonomiplanen 2023-2026 blei det vedtatt at budsjetttramma til Oppvekst skulle auke med 4 mill i 2023. Beløpet på 4 mill blei fordelt med 3,5 mill som rammeauke til skulane og 0,5 mill til PPT for å oppretthalde ungdoms-los stilling i 100%. Kommunestyret vedtok styrkinga på 4 mill kun for 2023 og ikkje vidare i økonomiplanperioden. Budsjetttramma for Oppvekst for 2024 (før nye tiltak) er derfor redusert med 4 mill samanlikna med budsjetttramme 2023.
- Andre endringar. Dette består i hovudsak av:
 - Budsjettendring mellom einingar. F.eks at ein person skal flyttast frå ei eining til ei anna. Dette er ei intern endring og påverkar ikkje totalbudsjettet. Det påverkar kun einingsbudsjettet, ved at midlane blir flytta frå ei eining til ei anna.
 - Endring som følgje av endra pensjonsprosent som einingane blir belasta med.

Note 14

Tiltak for sektor «Organisasjon og Utvikling» (tidligere Sentraladministrasjonen)

- Omstilling og effektiviseringstiltak: Den økonomiske situasjonen for Sula kommune er forventa å bli krevjande i åra framover. Arbeid knytt til omstilling og effektivisering vil vere nødvendig. Vi har avsatt eit beløp i budsjettet knytt til dette arbeidet
- Utgifter til val: Det er lagt inn utgifter i forbindelse med stortingsval i 2025 og kommuneval i 2027.
- Rammeauke for driftstilskot til Sula Sokn: Praksis dei siste åra har vore at budsjettert overføring av driftstilskot til Sula Sokn blir justert kvart år (før eventuelle tiltak) med kommunal deflator. Dette blei ikkje gjort i 2018. I dialog med Sula Sokn har vi derfor foreslått å auke overføringa i 2024 med 200.000kr.
- Sula kontrolluval: Vi har tilpassa budsjett for kontroll- og revisjonstenester slik at det er i samsvar med mottatt budsjetttilråding frå Sula kontrollutval. Sula kontrollutval tilrår ei

samla budsjettramme for 2024 til kontrollarbeidet på 1.466.000kr. Beløpet fordeler seg på møtegodtgjersle for kontrollutvalet på 160.000kr, kjøp av sekretariatstenester frå Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS på 401.000kr og kjøp av revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon SA på 905.000kr. Budsjettilrådinga på 1.466.000kr er høgare enn budsjettramme for 2023 justert for lønns og prisvekst. Vi har derfor lagt inn eit tiltak på 216.000kr.

- Det er lagt inn tiltak knytt til IKT-lisensar på totalt 780.000kr for 2024. Dette gjeld blant anna auke i lisenskostnader knytt til nytt fagsystem for barnevern, auke i lisenskostnad knytt til skyløsning for økonomisystemet, og nytt kompetansesystem for HR.
- For 2025 er det lagt inn overføring til Sula Sokn knytt til service av orgelet i Lagnevåg kyrkje. Beløpet er iht innspel frå Sula Sokn.
- I kommunestyremøte 30.11.23 blei det vedtatt å sette av 550.000kr knytt til prosjektet Borgundfjordtunnelen.

Note 15

Tiltak for sektor Kultur og Oppvekst:

- Rammeauke skule var i forslag frå kommunedirektør lagt inn med 5,5 mill. Dette var ei styrking samanlikna med økonomiplan 2023-2026, men ein reduksjon på 2,5 mill samanlikna med budsjett 2023. Årsaken til dette er at budsjettramma til Oppvekst (før nye tiltak) er redusert med 8 mill for skule, samanlikna med budsjett 2023. Som forklart i note 13 så blei det vedtatt ei rammeauke for skule på 3,5 mill i 2023 i opprinnelig budsjett og ei rammeauke på 4,5 mill som budsjettendring på kommunestyremøte i juni 2023. Sidan desse to budsjettendringane kun er vedtatt for 2023 så er dei trukke ut av budsjettramma for 2024 (før nye tiltak). I kommunestyremøte 30.11.23 blei det vedtatt å auke rammeauka med ytterlegare 2,5 mill samanlikna med kommunedirektør sitt budsjettforslag.
- Det er lagt inn tre stillingar knytt til flyktningarbeid. Utgiftene til desse stillingane blir finansiert av integreringstilskot for flyktningar (sjå tabell i note 4).
- Rammeauke som følgje av tapt foreldrebetaling knytt til gratis SFO (12t) for 2. klasse, forventet auke i barnehage som følgje av endring i kontantstøtteordning, og auke som følgje av ny opplæringslov er lagt inn som tiltak tilsvarande det beløp vi får som auke i rammetilskot. Dette er forklart meir i detalj i kapittel 2.
- For kommunale barnehagar har vi lagt inn ei auke på 1,4 mill knytt til tapt foreldrebetaling i kommunale barnehagar. Dette fordi makspris pr måned blir redusert frå 3.000kr til 2.000kr frå august 2024. Estimat på 1,4 mill er basert på forventet antal barn i kommunale barnehagar.
- For private barnehagar har vi lagt inn ei auke på 1,5 mill knytt til økt driftstilskot til private barnehagar som følgje av redusert makspris barnehage. Estimat på 1,5 mill er basert på berekna tilskotssats til barn i private barnehagar for 2024, samt på forventning om antal barn i private barnehagar for 2024.
- Budsjettramma til barnevern er redusert med 350.000kr frå 2025. Dette er ei videreføring av beløpa som ligg i økonomiplan for 2023-2026. Barnevern har fått auka ramme dei siste åra knytt til barneversnreformen. Både for 2022 og 2023 blei det lagt inn rammeauke med tilsvarande beløp som vi får som auke i rammetilskot knytt til barneversnreformen. Deler av auka i rammetilskot blir berekna ved "særskilt fordeling". Denne særskilte fordelinga blir det slutt på frå 2025. Frå 2025 blir fordelinga gjort på ordinær måte over rammetilskotet. Dette taper Sula kommune ca 350.000kr på. Budsjettramma til barnevern er derfor redusert med 350.000kr frå 2025.
- Kommunestyret vedtok 30.11.23 å legge inn 500.000kr til ungdomslos i 2024.
- Kommunestyret vedtok 30.11.12 å auke aktivitetstilskot med 100.000kr for 2024.

Note 16

Tiltak for sektor Helse og Mestring:

- Refusjon ressurskrevjande brukerar er budsjettert med 45,65 mill. Dette er ikkje eit tiltak, men ei endring i kvar dette budsjettet er plassert samanlikna med tidlegare. Tidlegare har denne refusjonen blitt budsjettert sentralt. Frå 2024 har vi foreslått å flytte denne budsjettposten til sektor Helse og Mestring. Grunnen til det er at det er der kostnadane knytt til denne refusjonen blir budsjettert. Budsjettert refusjon for ressurskrevjande brukerar baserer seg på prognose for refusjon 2023, samt forventa endringar for 2024.
- Integreringstenesta for flyktningar: Kostnadsnivå for ansvar Integreringsteneste for flyktningar (under NAV) er berkena til å bli 20 mill i 2024. Dette er ei auke på 7,6 mill frå budsjett 2023. Kostnadsbudsjett for integreringstenesta for flyktningar blir finansiert av integreringstilskot (sjå tabell i note 4)
